



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Austefjorden, Volda rådhus
Dato: 02.04.2019
Tid: 13:00

Vi møter denne gongen ved Skrivarvegen 7 på Rotset, for å ha ei synfaring i følge med PS 22/19 og gbr 30/205.

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 20/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 21/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 22/19	Søknad om dispensasjon frå plankravet og avstand til kommunal veg, gbr. 30/205
PS 23/19	Bygging av Landbruksveg - Sjøvegen - Gbr 151/1
PS 24/19	Deling av landbrukseigedom - Gbr 105/2
PS 25/19	Skiltplan del av Volda sentrum – godkjenning
PS 26/19	Orienteringssaker
OS 6/19	Indeksregulering av tilskot for veterinærvakt 2019 - Delegert vedtak frå Landbrukskontoret
OS 7/19	Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Forventningsbrev 2019
OS 8/19	Oversendingsframlegg til administrasjonen vedrørende budsjetthandsaminga

PS 20/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 21/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide

Arkivsak nr.: 2019/448

Arkivkode: 2007010

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
22/19	Forvaltningsutvalet	02.04.2019

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ PLANKRAVET OG AVSTAND TIL KOMMUNAL VEG, GBR. 30/205

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet gir ikkje dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda, og avstandskravet i Veglova. Omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert vesentleg sett til side, og fordelane ved å gi dispensasjon er ikkje klart større enn ulempene.

Vedlegg:


1. Søknad om dispensasjon.
2. Opplysningar gitt i nabovarsel.
3. Kommenterar til merknader til nabovarsel.
4. Situasjonsplan.
5. Fasadeteikningar.
6. Uttale frå kommunalteknisk, datert 6.3.2019.
7. Brev frå Tømrer Service AS, datert 7.3.2019. Vurdering av grunnforhold.
8. Prosedyre – vurdering av marin grense Volda kommune, datert 12.3.2019.
9. Sjekkliste ROS.

Saksopplysningar/fakta:

Tømrer Service AS har på vegne av Gro-Anita Giskemo og Johnny Magnusen søkt om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda sentrum for oppføring av bustadhus på gnr. 30, bnr. 205/207. Det er også søkt om dispensasjon frå avstandskravet i Veglova. Det er søkt om løyve til å dele og samanføye eigedommane gnr. 30, bnr. 205 og 207 og gnr. 30, bnr. 210 og 436. Giskemo/Magnusen står som eigarar av eigedommane.

Lokalisering


Gnr. 30, bnr. 205/207 har adresse Skrivarvegen 5.



Lokalisering av gnr. 30, bnr. 205/207

Planstatus

Gnr. 30, bnr. 205/207 er ikkje regulert. Eigedommen ligg innanfor område utlagt til bustader (B29) i kommunedelplan for Volda sentrum (plan ID 2007010), ikraftsett 18.6.2009. Det er krav om utarbeiding av bebyggelsesplan.




Utsnitt frå kommunedelplan for Volda sentrum

Sitat frå føresegnene:

«I byggeområda merka med B på plankartet, kan arbeid og tiltak som er nemnde i PBL §§ 81, 86a, 86b og 93 (arbeid som krev byggeløyve, meldepliktige bygg og andre varige konstruksjonar og anlegg) og frådeling til slike føremål ikkje finne stad før områda inngår i godkjend bebyggelsesplan.»

Skildring av tiltaket

Giskemo/Magnusen ønskjer å slå saman gnr. 30, bnr. 205 og 207, og gjennomføre grensejustering mot 30/210 og 436, jf. kart nedanfor. Vidare er det planar om å slå saman gnr. 30, bnr. 210 og 436, slik at ein får to tomter. Dette vert handsama som eiga sak.



Utsnitt fra delingskart, Tørrer Service AS

Tiltakshavar ønsker byggje hus på gnr. 30, bnr. 205/207 og litt av 30/436. Tomta ligg i eit allereie utbygd område. Det vert lagt til grunn at framtidig tomt får ein storleik på 491 m² (eks. vegareal).



Utsnitt fra situasjonsplan

Einbustaden er planlagt med saltak. I følgje Tørrer Service AS skil ikkje tiltaket seg frå bruken av dei andre eigedommane i området når det gjeld grad av utnytting og gesims- og mønehøgð. Grad av utnytting (BYA) er oppgitt til 29,23. Til grunn for utrekninga ligg følgjande:

Tomteareal, berekna etter samanføring	491 m ²
Areal ny bebyggelse	143,50 m ²
Grad av utnytting	29,32

Avstandar til naboeigedommar og kommunal veg

30/87 (vest)	4.1 m
30/208 (sør)	4.1 m
Eigedom under samanføring (nord)	2 m
Kommunal veg	8 m



Fasadeteikningar

Søklar si grunngeving

Sitat frå søknad, dispensasjon frå plankravet:

«Byggjefeltet i dette området er bygget iht. Reguleringsplan Øyra og Rotset frå 1952. I reguleringsplanen frå 1952 er tomta regulert til bustadtomt. I den gamle planen er der er ikkje spesifisert utnyttingsgrad, men gesimshøgde er spesifisert til 7 meter og mønehøgde spesifisert til 9 meter frå plannert tomte nivå. Utnyttingsgrad for tiltaket er under 30 % BYA, noko som er vanleg utnyttingsgrad i slike småhusfelt i Volda kommune.

For akkurat denne tomta så slutta reguleringsplan å virke ved vedtak av kommuneplan i 2010. Denne tomta er den einaste tomta som ikkje er bebygd i dette feltet på Rotset. Areala det skal byggast på har blitt frådelt som bustadtomter iht. Plan- og bygningslova. Ein del av tomtene i feltet har anna struktur enn det som reguleringsplanen viser, men ein kan ikkje sjå at der i vedtak har blitt gjort nokon restriksjonar som gjer at frådelt tomt ikkje kan byggjast på. Teknisk anlegg, veg og tomtedeling i feltet er sett. Dette er den siste tomta i feltet og huset som ein byggjesøker er innanfor både byggehøgder, plasseringsstruktur og normal utnyttingsgrad. Dette gjer at ein ikkje kan sjå at det skal vere føremålstenleg å lage noko reguleringsplan berre for denne eine tomta. En søker samtidig om å få dele og samenføye dei 4 eiendomane slik at dei vil danne 2 hensiktsmessige bustadtomter.»

Sitat frå søknad , dispensasjon avstandskrav kommunal veg:

«Det søkjast om dispensasjon frå veglova § 29 andre ledd sine krav til byggelinje mot kommunal veg. Reguleringsplanen er oppheva for 8 år sida og det er derfor kommuneplan som er gjeldande for tomta. Dei generelle krava til byggelinje i veglova er 15 meter og vil gjere at tomta blir umogleg å bygge på.

Eksisterande hus i Rotsetgeila 20, er plassert 8 meter i frå midten av kommunal veg. Dette er i tråd med normer som er vanleg i nyare reguleringsplanar og for tilsvarande bustadgater. Garasje er plassert i kjeller i huset, og dette gjer også at bygningar på tomta vil ha god avstand til veg. Så det søkes derfor om å plassere hus 8 meter i frå midten på kommunal vei skrivarvegen.

Veg er elles ein lite trafikkert kommunal veg som frå denne eigedom er brukt av ca.13 bustader. Og i heile gata er brukt av ca. 20 bustader. I reguleringsplan frå 1952 er der teikna på tiltenkte plasseringar av hus. Plasseringar av hus er teikna inn i forskjellige avstandar til veg, men det er gjennomgåande ved måling på reguleringsplankart at hus for heile området kan plasserast inntil 8 meter frå midten på bustadgata.

Eksempelvis nyare reguleringsplanar i nærområde som har regulert byggelinje på 8 meter frå veg midt er; Bøen, Sagebakken sør og Sagebakken (7 meter). Nyare reguleringsplaner andre plasser i Volda som har byggelinje 8 meter eller mindre er; Morkaåsen, Skifabrikken, Engeset og Klepp K10, Urbakkfoten, Håmyra og B58 Bratteberg.

Ved måling på kart «som bygget» så viser etablert praksis og dagens situasjon at dei fleste husa i Skrivarvegen er plassert mellom 6.6 og 8 meter i frå midten av veg. Ein kan difor ikkje sjå anna enn at avstand frå huset til veg er tilfredstillande både i forhold til etablert praksis i gata, iht. tidlegare gjeldande reguleringsplan, og iht. vanleg reguleringspraksis i Volda kommune for tilsvarande gater i bustadfelt.

.....

Etter søkjars vurdering blir ikkje omsyna bak føresegna det dispenserast frå, eller omsyna i lovens føremålsvedtak, vesentlig tilsidesett.

Etter ei samla vurdering vil fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, slik at familien får nytte tomte si og bygge seg eit hus.»

Nabovarsel

Tiltakshavar sendte ut nabovarsel 18.1.2019. Innan fristen 1.februar var det registrert følgjande merknader:

Merknad frå Steffen Myklebust og Therese Melle (30/208)

- Hevdar at avstand frå planlagt hus og hus/garasje på gnr. 30, bnr. 208 er mindre enn 8 meter. Kort avstand mellom det gamle huset på 30/436 og planlagt bustad aukar risiko for brann. Påpeikar at det bur fleire studentar i huset på 30/436, og ikkje ein student, som det vert oppgitt i nabovarselet.
- Viser til at det at har vore vurdert fleire bueiningar i enden av Skrivarvegen, og at det vil medføre behov for breiare veg med fortau. Myklebust/Melle meiner vegen allereie er smal, og at det er nesten umogleg for to bilar å passere kvarandre på vinteren.
- Melle/Myklebust meiner teikningane som ligg ved nabovarselet, viser utnyttingsgrad over 30 %. Dei meiner ei utnyttingsgrad på 15 % vil vere meir riktig på tomte.

Merknad frå Hilde Aaslid, datert 28.1.2019 (30/87)

- Hevdar at avstand mellom eksisterande hus på gnr. 30, bnr. 436 og planlagt bustadhus, er berre 3 meter. Det er også mindre enn 8 meter til naboen sitt hus og garasje. H. Aaslid stiller spørsmål ved om det ikkje går ut over utnyttingsgraden på tomte. H. Aaslid meiner også at det er uheldig i høve til branntryggleik. Gnr. 30, bnr. 87 informerer om at det bur 4 studentar i huset på 30/426, og ikkje ein som oppgitt i nabovarselet.
- Viser til at det at har vore vurdert fleire bueiningar i enden av Skrivarvegen, og at det vil medføre behov for breiare veg med fortau. H. Aaslid meiner vegen allereie er smal, og at det er nesten umogleg for to bilar å passere kvarandre på vinteren.
- Meiner prosjerterte einebustad ikkje passar inn i høve til eksisterande bustader i Skrivarvegen og omkringliggjande område. Huset er plassert i ei anna retning enn dei andre husa. Bygget er høgt og ruvande, noko som vil medføre tap av utsikt og dårlegare solforhold for 30/87. 30/87 krev at det må utarbeidast reguleringsplan for tomte.
- Meiner tomte ikkje er eigna til einebustad, og hevdar at prosjektet har ei utnyttingsgrad på over 30 %. Ho meiner ei utnyttingsgrad på 15 % vil vere meir riktig på tomte.

Merknad frå Olav Rune Aaslid, datert 28.1.2019 (30/292)

- Meiner den gamle reguleringsplanen for området må gjelde for området.
- Meiner planlagt einebustad ikkje passar inn i området. Det står i ei heilt anna retning enn dei andre nye husa i området. Huset er altfor høgt og ruvande og sperrar for utsikt og sol for 30/292. Viser til at einebustaden er plassert kun 3 meter frå det gamle huset (30/436), noko som gjer at det vil bli som eit samanhengande hus sett frå 30/292. Stiller spørsmål ved branntryggleik.

- Viser til søknaden om dispensasjon, der det står at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. 30/292 gir klart uttrykk for at han meiner ulempene ved å gi dispensasjon er langt større enn fordelane.

Ein merknad kom inn etter fristen:

Merknad frå Eivind Opsal og Svanhild Holsvik (30/217)

Merknadene er kommentert av Tømrer Service AS i eige skriv. Sjå vedlegg.

Høyring

Søknad om dispensasjon har vore på høyring til kommunalteknisk avdeling i Volda kommune, som har kome med slik uttale:

Sitat:

- *«Siktilhøve: her er det ingen spesielle ting som hindrar dispensasjon.*
- *Fartsgrense: den er så vidt eg veit 50 km/t*
- *Skilt: det er ingen spesielle skilt som tilseier særleg aktsemd. Det ville i så fall vere redusert fartsgrense i framtid.*
- *Fortau: det er sannsynleg at denne vegen får fleire bustader i framtid. Det er difor ønskjeleg å ta høgde for opphøgd fortau på autsida av vegen i framtid. Det tilseier i utgangspunktet 2m fortau, men ein kan vurdere 1,5m.*
- *Det må vere 1,5m service areal på sida av vegen eller fortau.*

Med desse faktorane lagt til grunn, er det ikkje å tilrå ei plassering av huset i avstand på 8 m frå senterline. Avstanden bør vere min 9 m eller meir målt frå senterline veg til næraste del av bygningskropp.

Dette er nokolunde i samsvar med plassering av dei andre husa som ligg på autsida av vegen i dag.»

ROS

Tømrer Service AS har gjennomført ROS-vurdering etter skjema utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Tomta ligg innanfor marin grense, noko som inneber at det må gjerast ei vurdering av områdestabilitet for omsøkte tiltak, jf. rettleiar 7/14 «Sikkerhet mot kvikkleireskred», kap. 4.4 og 4.5.

Vurdering:

Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, og dispensasjon frå Veglova.

Jamfør plan- og bygningslova § 19-2, kan det bli gitt dispensasjon dersom ikkje omsynet bak bestemmelsen det vert dispensert frå vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Kommunen har ikkje høve til å gi dispensasjon dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt.

Omsynet bak føresegna sitt plankrav er:

- At ein skal sikre ei brei, heiltheitleg og grundig vurdering av arealbruken innanfor eit bestemt område, der offentlege mynde, grunneigarar og andre råka partar får høve til å kome med sine synspunkt i prosessen fram mot eit planvedtak. Det skal ikkje tillatast tiltak som kan vanskeleggjere ei framtidig regulering.
- At det er viktig å avklare overordna tilhøve som infrastruktur (veg, vatn og avløp), støy, friområde med meir, før utbygging vert tillate.

Byggegrensa langs veg skal ivareta sikkerheit, drift og vedlikehald av vegen, arealbehov ved framtidig utbetring, og miljøet på eigedommane.

Tomta er i gjeldande kommunedelplan lagt ut til bustadformål. Omsøkte tiltak er såleis ikkje i strid med sjølvarealformålet i planen. Gnr. 30, bnr. 205/207 er den siste tomte i området som er ubebygd.

Søknad om dispensasjon har vore på avgrensa høyring, og naboar er varsla. Kommunalteknisk tilrår ikkje at huset vert plassert som omsøkt. Kommunalteknisk ønskjer at det vert teke høgde for etablering av 2 m breitt opphøgd fortau på austsida av vegen i framtida. Teknisk meiner det må vere minimum 9 meter frå midtlinje veg til bygning. I tillegg må det vere 1,5 m serviceareal på sida av fortauet. Ein dispensasjon vil vanskeleggjere framtidig regulering av fortau langs Skrivarvegen.

Fleire av naboane har kome med klare synspunkt på utnytting av tomte. Dispensasjon vil medføre negative konsekvensar/ulempar for naboane. Kommunen meiner skisserte avstand mellom planlagt einebustad og eksisterande bustad i nord (3 m) er uheldig sett i høve til naboeigedommane 30/87 og 30/202 når det gjeld utsikt og lys. Det er heller ikkje plass til vedlikehald av eksisterande bustad og planlagt bustad på eigen grunn.

Etter kommunen sitt syn, må ein pårekne at det kjem nye bygg i eit område som i kommuneplanen er sett av til bustadformål. Høgde og utnyttingsgrad er vurdert til å vere innanfor kva ein må rekne med i sentrumsområde i Volda.

Det er lagt fram vurdering av områdestabilitet, som konkluderer med at grunnforholda på tomte er stabile. Kommunen meiner det er gjort greie vurderingar som gir grunnlag for å avskrive fare for områdeskred.

Ut frå argumentasjonen over vert tiltaket vurdert til å vere i strid med omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå.

Overvekt av fordelar

Dei fordelane som oppstår som følge av tiltaket er knytt til private interesser (behov for større bustad).

Det er sannsynleg at det i vert etablert fleire bustader i tilknytning til Skrivarvegen i framtida, og at det vil verte behov for langsgåande fortau. Tiltaket vil føre til ulemper for naboane, og framtidig etablering av fortau langs Skrivarvegen.

Ulempene ved å gi dispensasjon er større enn fordelane.

ROS

Tømrer Service AS har gjennomført vurdering av områdestabilitet for omsøkte tiltak. Kommunen meiner det er gjort greie vurderingar, som gir grunnlag for å avskrive fare for områdeskred. Sjå vedlegg prosedyre – vurdering av marin grense.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon er ikkje større enn ulempene. Dispensasjon for oppføring av einebustad som omsøkt, vil vanskeleggjere seinare tilrettelegging for fortau langs Skrivarvegen.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Tømrer Service AS, Røysbakken 5, 6100 VOLDA.

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Ev. klage skal sendast til Volda kommune, Stormyra 2, 6100 VOLDA eller postmottak@volda.kommune.no

Dispensasjonstekst.

Det søkaste om dispensasjon iht. Pbl. § 19-1 og 2.

Kommuneplan:

Det søkjast om dispensasjon frå plankrav i kommuneplan.

Byggjefeltet i dette området er bygget iht. Reguleringsplan Øyra og Rotset frå 1952. I reguleringsplanen frå 1952 er tomte regulert til bustadtomt. I den gamle planen er der er ikkje spesifisert utnyttingsgrad, men gesimshøgde er spesifisert til 7 meter og mønehøgde spesifisert til 9 meter frå plannert tomte nivå. Utnyttingsgrad for tiltaket er under 30 % BYA, noko som er vanleg utnyttingsgrad i slike småhusfelt i Volda kommune.

For akkurat denne tomte så slutta reguleringsplan å virke ved vedtak av kommuneplan i 2010. Denne tomte er den einaste tomte som ikkje er bebygd i dette feltet på Rotset. Areala det skal byggast på har blitt frådelt som bustadtomter iht. Plan- og bygningslova. Ein del av tomtene i feltet har anna struktur enn det som reguleringsplanen viser, men ein kan ikkje sjå at der i vedtak har blitt gjort nokon restriksjonar som gjer at frådelt tomt ikkje kan byggjast på.

Teknisk anlegg, veg og tomtedeling i feltet er sett. Dette er den siste tomte i feltet og huset som ein byggjesøker er innanfor både byggehøgder, plasseringsstruktur og normal utnyttingsgrad. Dette gjer at ein ikkje kan sjå at det skal vere føremålstenleg å lage noko reguleringsplan berre for denne tomte. En søker samtidig om å få dele og sameføre dei 4 eiendomane slik at dei vil danne 2 hensiktsmessige bustadtomter.

Veglova:

Det søkjast om dispensasjon frå veglova § 29 andre ledd sine krav til byggelinje mot kommunal veg. Reguleringsplanen er oppheva for 8 år sida og det er derfor kommuneplan som er gjeldande for tomte. Dei generelle krava til byggelinje i veglova er 15 meter og vil gjere at tomte blir umogleg å bygge på. Eksisterande hus i Rotsetgeila 20, er plassert 8 meter i frå midten av kommunal veg. Dette er i tråd med normer som er vanleg i nyare reguleringsplanar og for tilsvarande bustadgater. Garasje er plassert i kjeller i huset, og dette gjer også at bygningar på tomte vil ha god avstand til veg. Så det søkes derfor om å plassere hus 8 meter i frå midten på kommunal vei skivarvegen.

Veg er elles ein lite trafikkert kommunal veg som frå denne eigeiendomen er brukt av ca.13 bustader. Og i hele gata er brukt av ca. 20 bustader. I reguleringsplan frå 1952 er der teikna på tiltenkte plasseringar av hus. Plasseringar av hus er teikna inn i forskjellige avstandar til veg, men det er gjennomgåande ved måling på reguleringsplankart at hus for hele området kan plasserast inntil 8 meter frå midten på bustadgata. Eksempelvis nyare reguleringsplanar i nærrområde som har regulert byggelinje på 8 meter frå veg midt er; Bøen, Sagebakken sør og Sagebakken (7 meter). Nyare reguleringsplaner andre plasser i Volda som har byggelinje 8 meter eller mindre er; Morkaåsen, Skifabrikken, Engeset og Klepp K10, Urbakkfoten, Håmyra og B58 Bratteberg.

Ved måling på kart «som bygget» så viser etablert praksis og dagens situasjon at dei fleste husa i Skivarvegen er plassert mellom 6.6 og 8 meter i frå midten av veg. Ein kan difor ikkje sjå anna enn at avstand frå huset til veg er tilfredstillande både i forhold til etablert praksis i gata, iht. tidlegare gjeldande reguleringsplan, og iht. vanleg reguleringspraksis i Volda kommune for tilsvarande gater i bustadfelt.

I følge vegnormalen til Statens vegvesen Hb017 så kan ei blindgate i eit bustadfelt på 3,5 meter breidde vere tilkomstveg til 50 bustadeiningar utan fortau. Skrivarvegen er difor godt dimensjonert for dei ca. 20 bustadane som nyttar vegen.

Oppsummering:

Tiltakshavar eig huset som står på nabotomta, Rotsetvegen 20. Det er eit gammelt hus frå 1800 tallet. Huset som står på tomta er pussa opp i 2013-2014 men har lav takhøgder, og stova er bare 12 m². Ettersom familien har fått fleire born så har dei valt å leige ut huset til student og flytta så til Heltnebøen der dei midlertidig leiger hus som er stort nok. Dei har no ønsker og behov for å bygge seg hus på tomta si i Skrivarvegen.

Etter søkjars vurdering blir ikkje omsyna bak føresegna det dispenserast frå, eller omsyna i lovens føremålsvedtak, vesentlig tilsidesett.

Etter ei samla vurdering vil fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, slik at familien får nytte tomta si og bygge seg eit hus.

Ansvarleg søker Henning Heltne

Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



Ved riving skal kreditorer med pengeheftelser i eiendommen varsles, plan- og bygningsloven § 21-3

Tiltak på eiendommen

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse	Eier/fester
Volda	19	35	Seljebakken / Ørstavegen 16, 6102 VOLDA	Nina og Stein Holsvik

Det varsles herved om

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode	Formål
søknad i ett trinn	Nytt bygg - Boligformål	X Bolig	111 Enebolig	bolig garasje

Dispensasjonsøknad etter Plan-og bygningsloven Kapittel 19

Det søkes dispensasjon fra bestemmelsene i: Komm. vedtekter til plan- og bygningsloven, Arealplaner
Begrunnelse for dispensasjon: Sjå vedlegg B1

Arealdisponering

Planstatus mv.

Gjeldende plan	Navn på plan
Kommuneplanens arealdel	Kommunedelplan for Volda Sentrum

Nabovarselet gjelder

Nabovarsel i samband med NY søknad om løyve til oppføring av einebustad med tilhøyrande garasje på gbr 19/35 i Volda Kommune.
Det vert søkt om dispensasjon frå føresenger til kommunedelpnen for Volda Sentrum; Krav til utarbeiding av bebyggelsesplan. Sjå vedlegg B1

Spørsmål og merknader vedrørende nabovarsel

Ansvarlig søker

navn
TEMA VEST AS

Kontaktperson

navn	e-postadresse	Telefon	Mobiltelefon
Ivar Humberset	ivar.humberset@norhuskjeden.no	70065000	40493529

Merknadene sendes:

Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for eventuelle endringer.

Navn	Postadresse	e-postadresse
TEMA VEST AS	Indrehovdevegen 64, 6160 HOVDEBYGDA	ivar.humberset@norhuskjeden.no

Opplysninger gitt i nabovarsel

Sendes kommunen sammen med søknaden (Gjenpart av nabovarsel)



Signering

Tilsvarende opplysninger med vedlegg er sendt i nabovarsel til berørte naboer og gjenboere.
Mottagere av nabovarsel fremgår av kvittering for nabovarsel.

Ansvarlig søker

Dato 07.06.18

Signatur Ivar Humberset

IVAR HUMBERSET

Gjentas med blokkbokstaver

Byggesak Skrivarvegen 5

Kommentarar til nabomerknad frå Steffen Myklebust

Det er motteke to stk. skriv på e-post 28.01.2019 frå Steffen Myklebust.

Avstand frå hus til hus.

Nabo har merknad til at avstand frå nytt hus er mindre enn 8 meter. I tillegg skriv han at der er blir kort avstand mellom huset i Rotsetgeila 20 og Skrivarvegen 7, og at dette fører til uakseptabel risiko for spreiding av brann.

Søklar sin kommentar: Plan- og bygningsloven §29-4 seier at om ikkje anna er bestemt i plan så skal byggverk ha avstand frå nabogrense som svarar til halve byggets høgde og ikkje under 4 meter. Når tilbygg på Steffen Myklebust sin bustad Skrivarvegen 7 vart byggesøkt (med mindre avstand enn 4 meter til bytet) så ble det frå eigar av Skrivarvegen 5 gitt samtykke til å bygge nærare grense enn 4 meter. Det blei spesifisert i byggesaka, frå både tiltakshavar og kommune, at den del av tilbygg som er nærare grense enn 4 meter skulle «brannsikrast», noko som dokumenter i saken viser er utført.

Kommunes sak 2007/2283

Når det gjeld avstandskrav mellom hus i Rotsetgeila 20 og det nye huset i Skrivarvegen 5 så visast det til Plan- og bygningsloven § 29-4 punkt a. Der står det at kommunen kan godkjenne bygg plassert nærare nabogrense enn 4 meter når eigar fester av naboeigedomen har gitt skriftleg samtykke.

Vedlagt i søknad ligg slikt samtykke frå eigar av Rotsetvegen 20. For ordens skuld så presiserast det at konstruksjon mellom husa i Rotsetvegen 20 og det nye huset i Skrivarvegen 5 rutine messig, vil bli utført i branncelleavgrensande konstruksjon.

Avstand til veg:

Nabo har vore i kontakt med kommunen og fått stadfesta at det er planlagt fortau langs Skrivarvegen. Han meiner at her også må vere breiare veg i framtida og at det ved bygging på tomte blir umogeleg å forlengje eksisterande fortau, og at hus er plassert for nærme kommunal veg.

Søklar sin kommentar: Om det ein gang i framtida ønskast å byggje fortau i gata, så vil det vere god plass til eit 3 meters breitt fortau langs eigedomen. Tiltakshavar er også villig til å gi fri grunn om kommune ønskjer å bygge fortau her i framtida. Slik gata er utforma i dag med berre 20 bustader så er der verken krav eller behov for fortau.

Veg Skrivarvegen:

Nabo menier at det ikkje stemmer at veg er godt dimensjonert, og at der er storbiltransport i gata og at det har hendt at born har kome under stor bil.

Søklar sin kommentar: Vegnormalen til Statens Vegvesen N100 side 72 så står det at ein slik bustadgate med asfaltbreidde på 3,5 meter er dimensjonert for inntil 50 bustader. Skrivarvegen har omlag 20 bustader. Veg er difor godt dimensjonert. Ein vil presisere at for breie gater i bustadfelt lett fører til både kant parkering og høg fart og dertil farlege trafikksituasjonar, slik nabo skildrar i sin merknad.

Utnyttingsgrad:

Nabo skriv at hus slik som er avteikna på tomt vil gi utnyttingsgrad på over 30 % og meiner at tidlegare utnyttingsgrad på 15 % vil vere meir riktig.

Søkjar sin kommentar: Ein syner til utrekning av Bya i søknaden. Bya er under 30 % for både Skrivarvegen 20 og det nye huset i Rotsetgeila 5. Det er etablert praksis i å ha 30% utnytting på slike sentrumsnære småhustomter. Søkjar vil presisere at Steffen Myklebust sin eigedom Skrivarvegen 7 også har fått dispensasjon, og denne eigedom har en utnytingsgrad som er ein del høgare en 30 %

Diverse:

Nabo meiner at tomta ikkje er regulert til bustad, og at deira tomt vil få betydeleg redusert utsikt og stor verditap. Han krev at det blir laga reguleringsplan for denne enkelttomta, og han meiner også at tomteeigar heller bør rive huset som står i Rotsetgeila i dag og bygge nytt hus på denne tomta.

Søkjars sin kommentar: Det er grunnleggande at det er tomteeigar og ikkje nabo som skal bestemme utnytting av si tomt. Tomt er delt i frå iht. Plan- og bygningslova og nabo må her innsjå at ei slik tomt i eit sentrums område framtida vil bli bebygd og at ein i tettbygde strøk må forvente å få naboar og hus plassert hus inntil 4 meter frå nabogrense jf. avstandskrav i Plan- og bygningslova. Ein presiserer at utnyttinga, plassering mot veg, nabogrense og høgder er i tråd med den ikkje-lenger gjeldande reguleringsplan for området (frå 1952). Vanlege normer i slike småhusfelt er å nytte utnytingsgrad på 30 % Bya. Søkjar kan ikkje på nokon måte sjå behov for å lage noko reguleringsplan berre for denne tomta. Ein reguleringsplan vil ikkje endre situasjonen, og for denne gata med så få bu-einingar, så vil der ikkje være krav om fortau. Ein viser da til nyare kommunale planer der liknande gater ikkje har regulert fortau. Om ein ved utbygging av Dalegarden ein gang i framtida kjem til at det må byggast fortau, så vil her vere god plass til eit 3 meter bredt fortau langs tomta og Skrivarvegen.

Arealplan:

Nabo skriv at når dei kjøpte bustad så rekna ein med at gjeldande reguleringsplaner skulle gjelde og at naboar ikkje skulle få dispensasjon til å bygge hus i hagen.

Søkjar sin kommentar: Det er her ei bustadtomt som er delt i frå iht. Plan- og bygningsloven, og ein kan ikkje sjå anna en at eigar har rett til å bygge på tomta si. Både avstand til nabogrense, veg utnytingsgrad og byggehøgde er i tråd med bestemmelse i Plan- og bygningsloven og den «gamle» reguleringsplanen frå 1952 som tidlegare gjaldt for området.

Kommentarar til nabomerknad frå Olav Rune Aaslid

Det er motteke skriv på e-post 28.01.2019 frå Olav Rune Aaslid.

Tomt 30/207: Nabo skriv at denne tomta aldri var meint å bygge på, og at den ble selt som ein frukthage av hans bestefar, og at bygging på tomta er i strid med avtale.

Søkjar sin kommentar: Etter det ein her kan sjå så er dette ei bustadtomt og den kan det byggast hus på innanfor normale utnytingsgrader. Det ligg ikkje føre noko tinglyste avgrensingar på tomt og det som påståast i merknad er ukjent for noverande eigar av tomta.

Reguleringsplan: Nabo skriv at det ikkje har kome ny reguleringsplan for området og meiner her at den gamle plan må gjelde. Han meiner også at det her må til med så mange dispensasjonar at det normalt vil vere umogleg å bygge på tomta.

Søkjar sin kommentar: Når ein reguleringsplan er forelda så er den ikkje gjeldande lenger, men likevel så vil det omsøkte huset vere i tråd med den gamle reguleringsplanen både i forhold til mønehøgde, utnytting og plassering. Ein må her berre søke 2 dispensasjonar, og det er frå plankrav i kommuneplan, og frå dei generelle regler i veglova til byggelinje. Byggelinje på 8 meter frå vegmidt

er helt normalt å nytte i nyare reguleringsplaner, og det er også slik byggelinje som er brukt ved utbygging på dei andre tomtene i nærområdet.

Arkitektur: Nabo meiner at hus ikkje passar inn i området og at hus står i ei helt annan retning enn dei andre husa i området.

Søkjar sin kommentar: Området rundt er busett av einebustader og tomannsbustader frå ei rekke forskjellige tidsepokar med vidt forskjellig arkitektur. Ein kan nemne at hus på nabotomta består av hus frå 1800 talet medan ein på motsett side har ein moderne tomannsbustad frå 2007. Huset som skal byggast er eit hus i klassisk stil og det er plassert på tomta parallelt og same veg som dei andre husa i Skrivarvegen.

Høgde: Nabo meiner at huset er for høgt og ruvande, og at det sperrer for utsikt og sol til hans eigedom.

Søkjar sin kommentar: Huset vil vissast berre i to etasjar frå Olav Rune Aaslid sin eigedom. Mønehøgde i gamal plan frå 1952 er sett til 9 meter. Huset som ein søker om har ei gjennomsnittleg Mønehøgde på 8,23 meter som då er innanfor det som ein her måtte kunne forvente. Huset er også plassert heile 25 meter frå Ove Rune Aaslid sitt hus. Ein kan derfor ikkje sjå at der vil vere noko meir tap av utsikt eller sol enn det ein må forvente når ein busett seg i eit sentrumsområde.

Brannsikring: Nabo er skeptisk til brannsikkerhet da det nye huset er bare 3 meter frå eksisterande hus.

Søkjar sin kommentar: Der vil rutinemessig bli utført branncelleavgrensande konstruksjon mellom husa iht. byggteknisk forskrift.

Fortau: Nabo skriv at hans foreldre bor i Skrivarvegen og at dei gjerne ser at det her kjem fortau.

Søkjar sin kommentar: Ein kan ikkje sjå at det ut frå reguleringspraksis i Volda kommune eller ut frå vegnormalen til Statens vegvesen er noko behov for fortau i denne gata med berre ca. 20 bustadhus. Men om kommune og evt. grunneigarar seinare vil legge til rette for utbygging av Dalegarden innerst i Skrivarvegen, så vil der vere god plass til både regulering og etablering av 3 meter breitt fortau langs eigedomen.

Ulempe: Nabo er av den meining at ulempene med tiltaket er klart større enn fordelane.

Søkjar sin kommentar: Søkjar er grunnleggande ueinig. Ein kan ikkje sjå at tiltaket påfører naboar og Olav Rune Aaslid nokon som helst ulemper. Når ein busett seg i eit sentrumsområde så vil ein måtte forhalde seg til naboar og nabohus. Vi nemner elles at tiltaket vil ligge heile 24 meter frå Olav Rune Aaslid sitt hus, og å få naboar kan ikkje sjåast på som noko ulempe.

Kommentarar til nabomerknad frå Hilde Aaslid

Det er motteke skriv på e-post 30.01.2019 frå Hilde Aaslid.

Branntryggleik: Nabo stiller spørsmål til branntryggleik mellom bygga og mot naboen i Skrivarvegen 7.

Søkjar sin kommentar: branntryggleik blir teke hand om under bygging av hus og vil bli utført iht. pre-aksepterte løysingar i Byggteknisk forskrift. Når det gjeld sikring mot Skrivarvegen 7 så er dette

tatt hand om i søknaden og bygginga av tilbygg som ble gjort i 2007 viser til kommunen si sak 2007/2283

Avstand til veg: Nabo skriv at det er vert vurdert fleire bueiningar i Skrivarvegen og behov for breiare veg og fortau. Ho skriv at det er problem med brøyting, vanskar med at 2 bilar kan møte kvarandre og at foreldra hennar bur i Skrivarvegen og dei meiner at her må vere fortau. Ho protesterer elles sterkt i mot at det kan byggast ein bustad på denne tomta.

Søkjar sin kommentar: I vegnormalen til Statens Vegvesen N100 side 72 står det at ein slik bustadgate med asfaltbreidde på 3,5 meter er dimensjonert for inntil 50 bustader. Skrivarvegen har omlag 20 bustader. Veg er difor godt dimensjonert. Ein vil presisere at for breie gater i bustadfelt lett fører til både kantparkering og høg fart og dertil farlege trafikksituasjonar.

Om ein ved utbygging av Dalegarden innerst i Skrivarvegen ein gang i framtida kjem til at det må byggas fortau, så vil her vere god plass til eit 3 meter bredt fortau langs tomta og Skrivarvegen. Etter det ein ser av den kommuneplanprosessen som no er i gang så har ikkje eigarane av Dalegarden kome med noko innspel om å endre arealformål på sitt bruk.

Bygg: Nabo meiner at huset ikkje passer inn i eksisterande bustadmasse i Skrivarvegen og området rundt. Ho meiner det er for høgt og ruvande, og at det gir hennar bror si tomt, som er rullestolbrukar, og hennar eiga tomt dårlegare utsikt og sol forhold

Holde Aaslid krev at det blir laga reguleringsplan, og skriv også at utnyttingsgrad er over 30 % og at 15 % er meir passende for tomta. En skriv at der bur fleire studentar i Rotsetgeila 20 og at huseigar her har delt i frå stove for å få fleire soverom.

Søkjar sin kommentar: Søkjar er av den meining at huset er godt tilpassa den varierte busetnaden i dette området, og ein presiserer at hus er innanfor «gamal» plan sine høgde bestemmelser med mønehøgde på 9 meter. Hilde Aaslid må her tole og rekne med å få naboar. Det er elles ikkje søkt om mange dispensasjonar, berre to, og slik arealsituasjonen er no så ligg det ikkje føre noko spesielle argumenter for at ein skal lage reguleringsplan berre for å bygge på denne tomta.

Ein reguleringsplan vil ikkje endre situasjonen, og for denne gata med så få bueiningar, så vil der ikkje vere krav om fortau. Ein viser då til nyare kommunale planar der liknande gater ikkje har regulert fortau, samt til vegnormalen frå Statens vegvesen N100 .

Utnyttingsgrad er under 30 % og ei slik utnytting er i tråd med kommunen sin praksis der det er slike gamle reguleringsplaner. Denne utnyttinga blir praktisert i nyare reguleringsplanar og vil også bli lagt til grunn i kommunedelplanens arealdel som er under revisjon. Ein kan elles ikkje sjå av «gamal» reguleringsplan at der står noko om 15 % utnytting. Det ville uansett ha ført til at dei fleste hus i feltet ville ha vore bygt med dispensasjon. Påstand om at stove er delt opp for å få fleire soverom medfører ikkje riktighet, hus blir utleid til student, men det er godt mulig at der bur fleire en 1 person i huset, noe som får så hvitd verken har relevans for saka eller er ulovleg.

Etter å ha handsama merknader så kan søkjar ikkje sjå at det å bygge hus på den sentrums tomta vil føre til nokon spesiell ulemper for nokon av naboane. En må akseptere det å få naboer og at hus på normal størrelse høgde og utnytting blir bygget på ledige tomter i eit sentrumsområde. En har etetr en heilheits vurdering ikkje funnet noko grunnlag for å gjere endringar i søknaden.

Med venleg helsing



Henning Heltne
Tømrer Service AS, ansvarleg søker
93212702





Røysbakken, Veg (Gate)

Dato: 09.01.2019

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N





Rev.	Dato	Revisjon	Skjic



TILTAKSHAVER:	
BYGGELASS:	
Gjeld.nr:	
KOMMUNE:	

TEGN, INNHOLD:	Fasade Skisse 4	TILTAKSBART:	Enebolig	MÅL:	1 : 100
PROSJEKT:	401 Magnussen				
ARKITEKT DESIGN:	HH/JR	DATE:	22.05.2017	TEGN:	JR
		PROSJEKT NR:	401	TEGN NR:	401/A100

22.05.2017 14:00:19

Fra: Edvin Løfoll[edvin.lofoll@volda.kommune.no]

Sendt: 06.03.2019 14:15:53

Til: Berit Sandvik Skeide

Tittel: SV: Sak på høyring gnr. 30, bnr. 205 - søknad om dispensasjon - avstandskrav til kommunal veg

Hei

Her kjem uttale frå kommunalteknisk i saka.

- Sikttilhøve: her er det ingen spesielle ting som hindrar dispensasjon.
- Fartsgrense: den er så vidt eg veit 50km/h
- Skilt: det er ingen spesielle skilt som tilseier særleg aktsemd. Det ville i så fall vere redusert fartsgrense i framtid.
- Fortau: det er sannsynleg at denne vegen får fleire bustader i framtid. Det er difor ønskjeleg å ta høgde for opphøgd fortau på austsida av vegen i framtid. Det tilseier i utgangspunktet 2m fortau, men ein kan vurdere 1,5m.
- Det må vere 1,5m service areal på sida av vegen eller fortau.

Med desse faktorane lagt til grunn, er det ikkje å tilrå ei plassering av huset i avstand på 8m frå senterline. Avstanden bør vere min 9m eller meir målt frå senterline veg til næraste del av bygningskropp. Dette er nokonlunde i samsvar med plassering av dei andre husa som ligg på austsida av vegen i dag.

Venleg helsing



Edvin Løfoll

avdelingsleiar veg/park

Kommunalteknisk

Direkte 70058716 Mobil 91852543

www.volda.kommune.no

Fra: Berit Sandvik Skeide <berit.sandvik.skeide@volda.kommune.no>

Sendt: onsdag 6. mars 2019 12:02

Til: Edvin Løfoll <edvin.lofoll@volda.kommune.no>

Emne: VS: Sak på høyring gnr. 30, bnr. 205 - søknad om dispensasjon - avstandskrav til kommunal veg

Viktighet: Høy

Viser til samtale i dag vedrørande dispensasjon frå avstandskrav til veg for kommunal veg.

Vedlagt følgjer kart som er målsett (situasjonskart, datert 13.1.2019).

Stikkord ved vurdering av avstand til veg:

- Siktforhold.
- Fartsgrense.
- Skilting.
- Trafikkmengde i dag og trafikkmengde i framtida (er det potensiale for større trafikk).
- Behov for fortau ? Kva side bør det ev. ligg på?
- Drift og vedlikehald av vegen.

Eg sette fristen til 18. mars. Om du har tid, er det fint om eg fått uttalen før.



Berit Sandvik Skeide

planleggar

Utvikling

Mobil 47669370

www.volda.kommune.no

Fra: Berit Sandvik Skeide

Sendt: 24. februar 2019 14:21

Til: Edvin Løfoll <edvin.lofoll@volda.kommune.no>

Kopi: Jørgen Vestgarden <Jorgen.Vestgarden@volda.kommune.no>

Emne: Sak på høyring gnr. 30, bnr. 205 - søknad om dispensasjon - avstandskrav til kommunal veg

Gnr. 30, bnr. 205 har søkt om dispensasjon frå avstandskravet til kommunal veg for oppføring av einebustad. Det er også søkt om dispensasjon frå plankravet i kommunedelplan for Volda sentrum.

Tomta grensar til Skrivarvegen. Tiltakshavar ønskjer å plassere huset 8 meter frå midten av vegen. Sjå vedlagt søknad om dispensasjon, samt situasjonskart.

Ber om uttale frå teknisk **innan 18.mars 2019.**



Berit Sandvik Skeide

Planleggar

Utvikling

Mobil 47669370

www.volda.kommune.no

Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

07.03.2019

Tilbakemelding Spørsmål rundt Ros. analyse og grunnforhold.

Kommunes sak: Byggesak Skrivarvegen 5 i Volda.

Det vises til deres e-post 07.03.2019 samt samtaler på tlf. med sakshandsamer i høve Ros analyse, og grunnforhold fare for kvikkleire skred.

Ros analyse er utarbeida av ansvarlig søker Tømrer Service AS med dei faglige kvalifikasjoner, erfaringer firma og dets ansatte har, den informasjon om området samarbeidende konsulenter og entreprenører sitter med, samt informasjon fra offentlige kart databaser og aktører.

Firma/ dets ansatte har vært involvert i bygging Prosjektledelse av Tomte, og byggarbeider i kommunen i over 30 år.


Det er for kvart punkt i sjekklister gjort vurdering og en har da kryssa av i skjemma Ja eller Nei. Det er ikke praksis at en ved utfylling av slik sjekklister i dispensasjon og reguleringssaker legger ved noen utgreiing rundt kvart enkelt punkt i sjekklister, men om kommune ønsker informasjon om korleis en har kommet fram til svar på enkeltpunkt så vil en sjølvstakt komme med utfyllende informasjon rundt vurderinga.

Etter utførelse av utbygging og prosjektledelse på tomter over lang tid i Volda, så har en gode lokale kunnskaper om kommunens grunnforhold, også innenfor marin grense. En har ikke vært bort i at der har vært kvikkleire på noen tomter vi har vært involvert i, og våres samarbeidende grunnentreprenører som vi har spurt, kjenner heller ikke til at det i det heile har vært påvist kvikkleire i Volda sentrum. En er heller ikke kjent med at der er forhold, der hus i sentrumsområde har tatt skade på grunn av kvikkleire. Vurderinger er gjort på grunnlag av erfaringer, og kjente folk i området. Ved avdekking av tomt så kan det sjølvstakt forekomme at en støter på uforutsette ting ved grunnen. Praksis er da at ansvarlig entreprenør iht til sin ansvarsrett, gir beskjed om dette, og at en da evt. må gjøre en konkret vurdering av forholdet som har oppstått.

En har av Volda kommune blitt henvist til Veileder fra 2014 sikkerhet mot kvikkleire skred. Det vises til punkt 4,4 samt 4,5 punkt 1-5 for denne saken.


- 1) Utredning er tilpasset tiltak som er bygging av enebolig på ei tomt i et område der alle omkringliggende tomter er ferdig utbygget. Tomt ligger innenfor marin grense i kart fra NGU.

- 2) Hele tomta ligger under marin grense det vises til vedlagt kart som kart over område som viser tiltak i forhold til omgivelsene som følger med byggesaka. Vedlagt kart fra www.skrednett.no viser aktsomhets sområdet og tomt ligge innenfor. (marin grense)



- 3) En viser til Underliggende kart og beskrivelse. Der er ved bygging av vei og legging av avløpsrør i vei Rotsetvegen, ca. 30 meter «ovenfor» øst for tomt påvist fjell ca, 0,5 meter under terreng.

Terreng er elles ganske jevnt skrående i dette området og en en vurderer det derfor til , til at der ikke er noen fare for skred fra ovanforliggende områder.



- 1.) Utbygging av Din Bolig AS ca. 2004 Grunnentreprenør var Hjelle maskinlag AS/V Øystein Hjelle. Grunnforhold var gode med masser Silt/ Sand med innslag av stein grus.
- 2.) Utbygger Tømmer Prosjekt AS ca. 2017 Grunnentreprenør Volda Maskin AS. Grunnforhold var gode, med masser Silt/ Sand med innslag av stein grus og fjell. Fjell lå ca. 2,5 meter under bakkenivå og en måtte sprengte på deler av tomt.
- 3.) Utbygger av rørledning til Rotsetvegen 5 Tømmer Prosjekt AS ca. 2016 , Grunnentreprenør var Geir Eiken. God byggegrunn Sand/ Silt med innslag av stein. En del av strekningen hadde fjell ca. 0,5 meter under bakken og grøft måtte sprenges i deler av trasse.
- 4.) Utbygger Husbygg AS, ca. 2007 Grunnentreprenør Reite Maskin AS. Kjøper/ eigar av 1 stk. bustadseksjon i dette huset på utførelse tidspunkt, var Ing. Bernt Humberstet som er ansatt i Tømmer Service AS. Her var det god byggegrunn Sand/ Silt med innslag av stein

- 4) Der er ikkje faresone eller aktsomhetsone for kvikkleire, eller kvikkleireskrid, eller andre ting i dette område, utover område for marine avsetningar. Det vises da til www.skrednett.no. Det er ikke sannsynlig at der mulighet for at der skal gå noe skred i området.
- 5) På grunnlag av typografi, og konkrete erfaringer fra område med diverse utbygginger på en rekke nabo tomter og områder, så vurderes det dit hen at der ikke foreligger noen fare for skred i området, og der vil da være bare være en minimal teoretisk sjanse for at der er kvikkleire på tomta.

Med vennlig helsing



Henning Heltne
Tømrer Service AS, ansvarleg søkjar
93212702

PROSEDYRE – VURDERING - MARIN GRENSE		
Tema, jf. rettleiar 7/2014, «Sikkerhet mot kvikkleireskred», kap. 4.4 og 4.5	Utbygger si vurdering	Kommunen si vurdering
<p>1. Avklar kor nøyaktig utgreiinga skal vere</p> <ul style="list-style-type: none"> - plannivå - planformål/tiltakskategori 	<p>Utredning er tilpasset tiltak som er bygging av enebolig på ei tomt i et område der alle omkringliggende tomter er ferdig utbygget.</p> <p>Tomt ligger innenfor marin grense i kart fra NGU.</p>	<p>Plannivå: Kommunedelplan Volda sentrum. Planformål: Bustad</p> <p>Tomta ligg innanfor marin grense, jf. http://geo.ngu.no/kart/minkommune/?kommunenr=1519</p> <p>Ok.</p>
<p>2. Undersøk om heile eller delar av området ligg under marin grense</p> <ul style="list-style-type: none"> - kart som viser marin grense 	<p>Hele tomta ligger under marin grense det vises til vedlagt kart over område som viser tiltak i forhold til omgivelsene som følger med byggesaka.</p> <p>Vedlagt kart fra www.skrednett.no viser aktsomhetsområdet og tomt ligg innenfor. (marin grense).</p>	<p>Heile tomta ligg under marin grense, jf. kart.</p> <p>Ok.</p>
<p>3. Avgrens område med marine avsetningar</p> <ul style="list-style-type: none"> - kart som viser område med marine avsetningar med kort skildring av korleis områda er identifisert og avgrensa 	<p>En viser til underliggende kart og beskrivelse. Der er ved bygging av vei og legging av avløpsrør i vei Rotsetvegen, ca. 30 meter «ovenfor» øst for tomt påvist fjell ca, 0,5 meter under terreng.</p> <p>Terreng er elles ganske jevnt skrående i dette området og en vurderer det derfor til at der ikke er noen fare for skred fra ovanforliggende områder.</p> <p>1.) Utbygging av Din Bolig AS ca. 2004 Grunnentreprenør var Hjelle maskinlag AS/V Øystein Hjelle. Grunnforhold var gode med masser Silt/ Sand med innslag av stein grus. 2.) Utbygger Tømrer Prosjekt AS ca. 2017 Grunnentreprenør Volda Maskin AS. Grunnforhold var gode, med masser Silt/ Sand med innslag av stein grus og fjell. Fjell lå ca. 2,5 meter under bakkenivå og en måtte sprengje på deler av tomt.</p>	<p>Jf. www.ngu.no sitt lausmassekart er det marine strandavsetjingar i området.</p> <p>Ansvarleg søkjar viser til fleire prosjekt i området, der han meiner grunnforholda er gode, med masser av silt/sand.</p> <p>OK.</p>

3.) Utbygger av rørledning til Rotsetvegen 5 Tømrrer Prosjekt AS ca. 2016 , Grunnentreprenør var Geir Eiken. God byggegrunn Sand/ Silt med innslag av stein. En del av strekninga hadde fjell ca. 0,5 meter under bakken og grøft måtte sprenges i deler av trasse.

4.) Utbygger Husbygg AS,ca. 2007 Grunnentreprenør Reite Maskin AS. Kjøper/ eigar av 1 stk. bustadseksjon i dette huset på utførelse tidspunkt, var Ing. Bernt Humberstet som er ansatt i Tømrrer Service AS. Her var det god byggegrunn Sand/ Silt med innslag av stein



4. Undersøk om det fins kartlagde faresoner for kvikkleireskred i området

Der er ikkje faresone eller aktsomhetssone for kvikkleire, eller kvikkleireskred, eller andre ting i dette område, utover område for marine avsetningar. Det vises da til www.skrednett.no.

Det er ikkje registrert faresone for kvikkleireskred i området.

Ok.

	Det er ikke sannsynlig at der mulighet for at der skal gå noe skred i området.	
<i>5. Avgrens aktsomhetsområde til terreng som tilseier mogleg fare for område skred - Kart som viser moglege løsneområde avgrensa etter terrengeanalyse av område med marine avsetninger, og sannsynlige utløpsområde, med tilhøyrende rapport som grunnjev avgrensninga</i>	På grunnlag av typografi, og konkrete erfaringer fra område med diverse utbygginger på en rekke nabo tomter og områder, så vurderes det dit hen at der ikke foreligger noen fare for skred i området, og der vil da være bare være en minimal teoretisk sjanse for at der er kvikkleire på tomte.	Ok.

Gjennomgått og godkjent av Berit Sandvik Skeide 12.3.2019.

Namn på tiltak/plan:.....Enebolig Gro-Anita Giskemo og Johnny Magnussen

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 02.01.2013

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	x	
	f	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	x	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	x	
	i	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?	x	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyning i lågareliggande område?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	x	
Brann/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?	x	
	b	Har området problematiske tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?	x	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	x	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	x	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	x	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatn?	X X X X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	x	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

Sjekklista er gjennomgått den 21/02-19 av sign: _____

Ans. SOLVOR

TØMMER SERVICE AS
 Røysbakken 5 - 6100 VOLDA



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2019/64

Arkivkode: 151 / 1

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
23/19	Forvaltningsutvalet	02.04.2019

BYGGING AV LANDBRUKSVEG - SJØVEGEN - GBR 151/1

Administrasjonen si tilråding:

Tilråding til vedtak:

Forvaltningsutvalet fattar med heimel i *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier*, fastsett av Landbruksdepartementet 28.05.2015, følgjande vedtak: Frode Tilseth får løyve til å byggje ein 260 m lang landbruksveg frå tunet og ned til sjøen på gnr 151 bnr 1.

Løyve vert gitt då vegen skal tene landbruksdrifta på bruket, og då vegen ikkje kjem i nemnande konflikt med andre verdier eller naturmangfaldet på staden.

Vilkår:

1. Utvalet må fyrst vere tydeleg på at tiltaket er søknadspliktig og at arbeidet som er utført ikkje hadde naudsynt løyve og dermed ikkje var lovleg.
2. I det vidare arbeidet med vegen må ein sikre at skjeringar og fyllingar vert tilført masse og stelt til slik av vegen glir fint inn i kulturlandskapet.
3. All overskytande masse og stein knytt til vegbygginga skal fjernast for å ta i vare jordbruksarealet og kulturlandskapet.
4. Vegen skal byggjast som traktorveg vegklasse 8.
5. Slutføringa må skje innan 3 år.

Vedleggsliste:

1. Søknad om bygging av landbruksveg frå Frode Tilseth med vedlegg, dagsett 31.01.2019
2. Høyringsbrev utsendt, dagsett 05.02.2019
3. Fråsegn frå Volda kommune, dagsett 22.02.2019

Samandrag av saka:

Eigar av Kvangarsnes gnr 151 bnr 1, Frode Tilseth, søkjar om å få byggje landbruksveg på bruket.

Saksopplysningar/fakta:

Eigar av Kvångarsnes gnr 151 bnr 1, Frode Tilseth, har på fastlagt skjema søkt om løyve til bygging av landbruksvegen kalla "Sjøvegen". Vedlagt søknaden ligg kart, ortofoto, profil og kommentar.

Logg over aktivitet i saka:

Tidleg i januar fekk offentleg mynde kjennskap til at tiltak var iverksett på eigedomen.

10. januar: Volda kommune sender brev der ein ber om opplysningar om tiltaket

11. januar: E-post frå eigar med opplysningar om tiltaket, der ein melder at ein ikkje ser på tiltaket som søknadspliktig.

16. januar: E-post frå Volda kommune. Ein har vurdert tiltaket og finn det søknadspliktig

28. januar: Besøk av eigar på landbrukskontoret, der ein gjer greie for arbeidet. Ut frå det som vert sagt om interesser i veggen reknar ein dette for å vere ei PBL-sak.

29. januar: Då ein ikkje har fått søknad, sender Volda kommune stoppordre

30. januar: E-post frå eigar til Volda kommune. Stoppordre er motteken. Søknad vert sendt inn snarast.

5. februar: Søkjaren leverer søknad på Landbrukskontoret, som kvitterer til Volda kommune om at søknad er motteke. Det vart søkt om landbruksveg og ikkje etter PBL.

5. februar: Søknaden vart sendt på høyring

Utdrag frå tekstvedlegget til søknaden:

«Vi har tidlegare vurdert den nye vegsløyfa for å vere unntatt søknadsplikt etter Landbruksvegforskrifta §1-3, men etter oppmoding sender vi inn denne søknaden. Vegsløyfa i søknaden er erstatning for tidlegare del av veggen forbi lødebygninga. Denne delen måtte vi ta ut av bruk på grunn av tryggleiken, samt ønske om bevaring av eldre gråsteinsmurar som ikkje lengre toler belastninga av traktorar. Den gav heller ingen tilkomst for påhengande reiskap grunna svært smal passasje. Den nye vegsløyfa vil knyte seg til og vere ein del av allereie eksisterande landbruksveg som går vidare til sjø og lågareliggande markar. ... Også denne delen av veggen vert vedlikehalde og sett i stand att etter same trasè som før. Den nye sløyfa av veggen vert bygd på grunnlag av både noverande og framtidige landbruksføremaal. På same måte slik som tidlegare tilkomst, er behovet for å kome til jorbruksareala essensielt. Å kunne kome til med traktor og reiskap på ein trygg måte er viktig for drift, vedlikehald og kultivering av gardsområdet. Vi ønskjer ei positiv utvikling av det som garden kan gje av innhausting og ei naudsynt utbetring for tilhøva til gardsdrifta elles.»

Gnr 151 bnr 1er totalt på 111 daa, der jorda er samla med teig nedom fylkesvegen og vidare opp i lia vest for fylkesvegen. I tunteigen har ein i alt 19 daa fordelt på 15,2 daa fulldyrka jord, 0,5 daa innmarksbeite, 0,2 daa skog og 3,1 daa anna fastmark.

Søknaden vert handsama etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Forskrifta er heimla i jordlov og skogbrukslov.

Utdrag frå søknaden:

- *Interesser i veggen: 100% jordbruk*
- *Lengde 69 m*
- *Vegklasse: Traktorveg klasse 8*
- *Vegen skal tene 15 daa dyrka jord.*

Utsnitt av kartvedlegg (ortofoto) i søknaden. Det er søkt på det som er merka som «ny sløyfe/trase».


Ut frå søknaden er formålet med vegen er å kome til teigen med tyngre landbruksreiskap som t.d. rundballepresse.

Vegklassa er kl 8 traktorveg.



Utsnitt av kystzoneplanen (delen som gjeld Lauvstad – Ulvestad).

I planen er det aktuelle området LNF-område.



Søknaden vart 05.02.19 sendt på høyring til; Fylkesmannen, Fylkeskommunen og Volda kommune. Høyringsfristen var 4. mars.

Ein har ikkje fått fråsegn frå Fylkeskommunen eller Fylkesmannen. Frå Volda kommune fekk ein denne fråsegna 22. februar:

«Viser til motteke høyring. Vi har ikkje særskilte merknadar utanom at vegen allereie er delvis fullført.»

Tiltaket er synfart. Ein har registrert att:

Vegbygginga er godt i gang, både med ny trase og med opprusting av eksisterande veg.

Vegen er lagt om grunna trange forhold rund løda. Ut frå søknaden utgjer den nye vegsløyfa 69 m.

Har har ein greve bort matjorda/torva og lagt nytt bærelag og slitelag. Skjeringane og skråningar utgjer på det meste 2 m. Vidare har ein i eksisterande vegline greve bort masse og fylt på med pukk og skoten stein. I svingen ned mot sjøen, lengst mot nord, har ein skote ut fjell som er nytta som fyllmasse, slik at ein og har fått ei fjellskjering her.

I den gamle vegen hadde ein ein slyng nedanfor løda med lødde steinmurar. Desse ser ut til å vere bevarte, men dei treng vedlikehald.

Ut frå det som vert forklart vil vegen og vere til fordel for jordbruket, då ein opnar for traktor med reiskap. Ein vil få tilgang til å slå areal som no berre vert beitt. Om vegen vert lagt fint i terrenget og kantane vert stelt fint til, så har eg ikkje merknad til den teikna veglina.

Foto frå synfaringa:



Vurdering:

<i>Søknaden gjeld:</i>	Ny veg grunna omlegging av gardsveg. Den gamle var ikkje råd å nytte med moderne reiskap. 69 m ny veg. Ut frå forskrifta er det søknadsplikt både for ny veg men og for ombygging av veg. Ein ser på opprustinga av eksisterande veg som så omfattande at heile vegen er søknadspliktig, frå Fv40 og ned stil sjøen, og vert handsama i denne saka.
<i>Interesser, opplysningar knytt til området:</i>	Utstyr til slått og stell av landbruksareal. No vert areal nytta til beite. Ein vil opne for å kunne hauste areala t.d. ved rundballepressing.
<i>Teknisk informasjon:</i>	Vegen er samla sett ikring 260 m lang. Det ser ut til at ein i størst mogleg grad har brukt stadeigne massar ved å skyte ut fjell og nytte til bærelag. Ein traktorveg kl 8 vere enkel og leggjast godt i terrenget ved å følge kurvatur og terreng. Vegen må etter fullført arbeid gli inn i kulturlandskapet. Skråningar og skjeringa skal dekkast til, stellast og såast. Alle lausmassar langs vegen skal fjernast.
<i>Kommuneplan m.v.:</i>	Ligg innafor Kystsonenplanen. LNF-område
<i>Sårbart planteliv/ortar/naturtypar/mv:</i>	Ut frå tilgjengelege databasar i har ein ikkje registrerte verneområde, naturtypar, raudlisteartar, spesielle kulturlandskap, eller kulturminne i planområdet.
<i>Kulturminne:</i>	Det er viktig å ta i vare dei gamle murane og andre kulturlandskapelement. Murane som syner kvar vegen gjekk før, bør difor utbetrast slik at dei ikkje rausar ut.

Vurdering og konklusjon:

Ein må her gjere merksam på at tiltaket vart oppstarta og mykje arbeid vart gjort før det vart søkt. Søkjer fortel at ein gjorde denne vurderinga sjølv utan å kontakte offentleg mynde. Dette er sær sars alvorleg, då ein har eit viktig kulturlandskap, med viktig kulturelement som må

takast vare på. I tillegg har ein fare for skade på element som ikkje er synlege i overflata. Forskrifta er tydeleg på at nybygging og ombygging av vegar er søknadspliktig tiltak, også på landbrukseigedomar.

Arbeidet som er gjort er sopass omfattande at ein må sjå på dette som ei ombygging/oppjustering som er søknadspliktig.

Ein føreset no at vegen vert bygd ferdig i samsvar med vegnorma til landbruksveg kl 8. Det ligg no mykje lausmassar, skoten stein mv langs vegen som må bort. Ein føreset at alle skjeringar og skråningar vert tilført matjord og tilstelt. Det må og vere høveleg med stikkrenner slik at ein unngår groping og flytting av vatn. Sidan vegen skal tene bruk av landbruksareala på bruket må ein lage til avkøyrslar der det er naturleg. Vegane vil vere til nytte for landbruket, og dei skal ikkje opne for anna motorisert ferdsel.

Ein har ikkje kjennskap til verdiar som vert råka av vegen her jmf dei kontrollar som skal gjerast etter naturmangfaldslova, og ser ikkje at tiltaket er konfliktskapande.

Løyve til bygginga kan gjevast.

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Børild Skåra
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Frode Tilseth, Kaivegen 7, 6133 Lauvstad
Ørsta kommune v/ Landbrukskontoret

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Tøm skjema

Journalnummer

Ar 2019	Fylke Møre og Romsdal	Kommune Volda
------------	--------------------------	------------------

1. Er tiltaket søknadspliktig?

Søknadspliktige tiltak: Nybygging og ombygging av landbruksvegar etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier (landbruksvegforskrifta)¹ er søknadspliktig. Eit tiltak kan vere søknadspliktig sjølv om det er angitt som ikkje søknadspliktig lenger ned i dette skjemaet. Dette er tilfelle der tiltaket kan ha vesentleg påverknad på dei omsyna som er nemnde i § 1-1 i landbruksvegforskrifta. Du kan ikkje starte opp byggearbeidet før kommunen har gitt løyve.

Tiltak som ikkje er søknadspliktige: Opparbeiding av oppstillingsplass for landbruksmaskinar til bruk på eigedomen eller enkle avkøy-ringar frå godkjente landbruksvegar, er ikkje søknadspliktige. Det same gjeld enkle og mellombelse driftsvegar som berre medfører små terrenginngrep. Med små terrenginngrep meines planering med samla omfang på inntil 150 meter eller på areal mindre enn 450 m², der fylling/skjering ikkje fører til meir enn 1 meter avvik frå det opphavelige terrengnivået (sjå unntaket ovanfor).

2. Kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Før du sender inn skjemaet må du finne ut om tiltaket er søknadspliktig etter punkt 1, og om søknaden skal behandlast etter landbruks-veg-forskrifta eller plan- og bygningslova. Du kan berre nytte dette skjemaet dersom tiltaket skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, det vil seie når over 50 % av samla nytte er knytt til landbruksverksemd. Les òg rettleinga bakerst i dette skjemaet.

Dersom delsum landbruksnytte (L) er større enn delsum andre interesser (P) i vegen (L > P), skal søknaden behandlast etter landbruksveg-forskrifta. I så fall skal du bruke dette skjemaet og levere det til kommunen, saman med vedlegga.

Dersom delsum andre interesser (P) er større en landbruksnytte (L) i vegen (P > L), skal søknaden behandlast etter plan- og bygningslova. Då skal du ikkje bruke dette skjemaet. Ta kontakt med kommunen din for meir informasjon rundt søknadsreglane for tiltak etter plan- og bygningslova.

Landbruk (L)		Andre formål utanom landbruk (P)	
Skogbruk	%	Privat bustad	%
Utmark	%	Privat hytte	%
Jordbruk	100 %	Hyttefelt	%
Seterverksemd	%	Næringsbygg	%
Gardsturisme	%	Aktivitetsbygg	%
Kraftverk, ikkje konsesjonspliktig (<1MW)	%	Kraftverk, konsesjonspliktig (>1MW)	%
Landbruksbygg	%	Anna, grei ut	%
Anna, grei ut	%		
Delsum landbruksinteresser (L)	100 %	Delsum andre interesser (P)	%
Totalsum L + P = 100%			

3. Opplysninger om søker		
Gnr./bnr./fnr. 151/1	Organisasjonsnr./fødselsnr. 01017536547	Telefonnr. 90895853
Søkarens navn Frode Tilseth	E-postadresse frode@tilseth.no	
Adresse Kaivegen 7	Postnr. 6133	Poststad Lauvstad

4. Generelt om vegtiltaket (berre permanente tiltak)		
Vegnavn <i>Sjøvegen</i>	Vegplanleggar R. Torvik og P.G. Tilseth	
Er vegen en del av hovudplan for vegar eller anna overordna transportplan?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Er avkøyring frå offentleg veg godkjent av vegstyresmaktene?	<input type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt
Er naboar, rettshavarar eller andre som vedkjem tiltaket varsla?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja, liste er lagt ved	<input type="checkbox"/> Nei, ikkje aktuelt (legg ved grunningjeving)
Antall interessentar/parteigarar i vegen:	<i>1</i>	stk.

5. Om tiltaket			
Fyll ut for permanente tiltak			
Totalareal dekar <i>0,3 da planert areal</i>	Produktiv skog dekar	Hogstmoden skog m ³	Jordbruksareal dekar <i>15 -0,3</i>
Nyanlegg lengde <i>69</i> meter	Nyanlegg kostnad <i>~50.000</i> kr.		
Ombygging lengde <i>meter</i>	Ombygging kostnad <i>kr.</i>		
Søknadspliktig punktutbetring. Fører tiltaket til heving av vegklassa (ombygging) <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei		Tilknytning til eksisterande veg.	
<input type="checkbox"/> Bru <input type="checkbox"/> Bæreevne <input type="checkbox"/> Kurvatur <input type="checkbox"/> Stigning <input type="checkbox"/> Snuplass <input type="checkbox"/> Veltepass <input checked="" type="checkbox"/> Anna, grei ut			
Skal det anleggast massetak knytt til vegen? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei			
Dersom ja, anslå antall m ³ masse som skal hentast ut		m ³	
Landbruksvegklasse <input type="checkbox"/> 2 <input type="checkbox"/> 3 <input type="checkbox"/> 4 <input type="checkbox"/> 5 <input type="checkbox"/> 6 <input type="checkbox"/> 7 <input checked="" type="checkbox"/> 8 <input type="checkbox"/> Avvik frå vegklassa			
Dersom avvik frå vegklassa, grei ut om årsaka			
Fyll ut for mellombelse tiltak			
<input type="checkbox"/> Oppstillingsplass for landbruksmaskinar <input type="checkbox"/> Enkel avkøyring frå landbruksveg <input type="checkbox"/> Enkle og mellombelse driftsvegar			
<input type="checkbox"/> Lengde over 150 m <input type="checkbox"/> Lengde under 150 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling over 1 m <input type="checkbox"/> Skjering/fylling under 1 m <input type="checkbox"/> Areal over 450 m ² <input type="checkbox"/> Areal under 450 m ²			
Storleiken på driftsområdet som tiltaket betener		dekar	
Vil arbeidet med å gjennomføre sjølve tiltaket vare utover søknadsåret? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei		Dersom ja, kor mange år <i>år</i>	
Har du vurdert å bruke driftsmetodar som ikkje krev bruk av tiltaket du har søkt om? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei			
Før opp kostnadsauken ved å ikkje bruke det mellombelse tiltaket		kr/m ³	
Grei ut			
Planlagde tiltak i etterkant			
<input type="checkbox"/> Forynging/gjenplantning <input type="checkbox"/> Reparere vasslaup <input type="checkbox"/> Oppretting køyrespor <input type="checkbox"/> Tilbakeføring av driftsveg/deaktivering <input type="checkbox"/> Anna			
Grei ut			

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Følgande miljøverdiar er registrert, jamfør rettleiinga

Naturmangfald Ja Nei Landskap Ja Nei Kulturminne Ja Nei Friluftsliv Ja Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar, og kjelder for funn

Andre interesser som tiltaket rører ved

Verna vassdrag Ja Nei Reindriftingsinteresser Ja Nei Vernskog Ja Nei

Dersom ja, før opp kva for verdiar og kjelder for funn

Ligg vegtraseen i område med fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? Ja Nei

Dersom ja, beskriv årsaka

Kan tiltaket gi ei auke i fare for flaum, erosjon eller lausmasseskred? Ja Nei

Dersom ja, beskriv årsaka og planlagde omsyn

Kan tiltaket føre til auka fare for flaum-, erosjon- eller skredskadar på omkringliggende bustader, anlegg eller anna offentleg infrastruktur (vegar, jernbane og så vidare)? Ja Nei

Dersom ja, beskriv planlagde omsyn

På kva måte ligg tiltaket samanlikna med marin grense: Over Under Både over og under

Dersom heile eller delar av tiltaket ligg under marin grense, grei ut om planlagde omsyn

Ikkje i fareområde for kvikkleireskred, og ingen forekomst av leire/kvikkleire i trasé.

Eventuelle kommentarar

7. Underskrift

Eg er ansvarleg for, og godtar å gjere meg kjend med forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier og andre aktuelle lover og reglar i samband med tiltaket. Eg er òg ansvarleg for, og godtar å gi naudsynte og korrekte opplysningar til kommunen som grunnlag for behandling av søknaden. Dette gjeld òg i samband med kontrolltiltak. Eg er kjend med at eg ikkje kan setje i gang med å bygge utan skriftleg løyve i frå kommunen. Opplysningane i denne søknaden inkludert vedlegg er gitt etter beste skjønn og så fullstendig som mogleg. Eg er kjend med at eg kan komma i straffeansvar dersom eg gir urette eller ufullstendige opplysningar.

Stad og dato
Lauvstad, 31.01.2019

Underskrift

Prøde Tjelseth

Kartvedlegg

Kart skal leggst ved søknaden både for permanente vegar og mellombelse tiltak.

Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000, og oversiktskart i målestokk 1:50 000, skal følge søknaden. Følgande opplysningar skal markerast på kartet:

- Planlagt vegtrasé (brotten raud strek). Eventuelle alternativ skal merkast tydeleg (og skal vere nummererte).
- For mellombelse driftsvegar i skogbruket skal driftsområdet markerast (brotten/stipla blå strek).
- Dekningsområdet for den planlagde vegen/tiltaket (heil blå strek).
- Planlagde massetak i samband med tiltaket (ring inn med raud strek).
- Eksisterande vegar med betydning for dekningsområdet (heil svart strek).
- Busetnadar, offentleg infrastruktur og andre interesser som vegen/tiltaket kan få følger for (heil gul strek). Dette gjeld òg dersom desse ligg vekke i frå sjølve vegen, til dømes i dalbotnen
- Markér på kartet kjente miljøverdiar som bygging eller køyring på vegen kan få følger for, vis òg til opplysningar på søknadsskjema (heil grøn strek).
- Aktsemdsomsråde for jord- og flaumskred (Skrednett).
- Marin grense og eventuelle identifiserte faresoner for kvikkleire (Skrednett).

Vedleggsliste	Vedlagt	Ikkje vedlagt
Oversikt over interessentane i vegen	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Oversikt over naboar, rettshavarar og andre som tiltaket kan få følger for	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kart i målestokk 1:5 000 eller 1:10 000	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Oversiktskart i målestokk 1:50 000, med tiltaket teikna inn	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Eiga vurdering av vegen sin verknad på flaum- og skredfare for bustadområde og infrastruktur, og kva for omsyn som eventuelt er tatt med i planen	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>
Eventuelle fråsegn frå vegplanleggar eller geoteknisk sakkyndig	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>

Rettleiing

Rettleiing til søknadsskjema om bygging av landbruksveg

Du skal nytte dette skjemaet ved søknad om bygging og ombygging av landbruksvegar etter landbruksvegforskrifta, stadfesta av Landbruks- og matdepartementet.

Du kan ikkje starte opp med å bygge vegen før du har fått løyve i frå kommunen. Du kan klage kommunen sitt vedtak inn til Fylkesmannen, jamfør landbruksvegforskrifta § 4-1 og forvaltningslova kapittel VI.

Kommunen si behandling av søknaden etter naturmangfaldlova

Kommunen skal og vurdere tiltaket etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 – 12.

Vurderingane av prinsippa skal komme til uttrykk i kommunen si saksframstilling og vedtak. Kommunen skal vurdere påverknad på naturmangfaldet av sjølve vegtraséen, med grøfter og vegskulder og eventuelle nye massetak langs vegen.

Rettleiing til utfylling av punkta i søknadsskjemaet:

1 og 2. Er det eit søknadspiktig tiltak, og kva for regelverk skal tiltaket behandlast etter?

Ettersom søknad om vegbygging anten skal behandlast etter landbruksvegforskrifta eller plan- og bygningslova, må det først avklarast kva for regelverk vegsøknaden skal behandlast etter. Nyttan av dei einskilde interessene skal fastsetast etter samla nytte av vegen. Dersom nytta knytt til landbruksverksemda utgjer over halvparten av den samla nytta, skal vegen behandlast etter landbruksvegforskrifta. Dersom ikkje, skal vegen behandlast etter plan- og bygningslova. Du kan nytte rettleiinga "Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss", jamfør Landbruksdirektoratet sine nettsider, som rettesnor for kva for tiltak som høyrer inn under landbruksomgrepet. Ta kontakt med kommunen din dersom du er usikker på kva måte dette vert avgjort. Du finn og informasjon og ein kalkulator på www.landbruksdirektoratet.no, som kan vere til hjelp når landbruksinteressene til vegen skal fastsetast. Dersom nyttefordelinga blir rekna ut på anna måte, må utrekningane leggst ved søknaden.

3. Opplysningar om søker

Det skal berre vere ein søker, og i tilfelle der det vert søkt på vegne av fleire interessentar/eigarar i vegen etter skriftleg fullmakt. Søkarer pliktar å fylle ut søknadsskjemaet så utførlig som mogleg, og bidra med alle kjende opplysningar som kan vere av verdi for saksbehandlinga og avgjersla.

4. Generelt om vegtiltaket

- Med hovudplan forståst vi ein heilskapleg vegplan, anten vegdelen inngår i kommunen sin oversiktsplan for skogbruk, eigen områdeplan/hovudplan for vegar, eller anna transportplan.
- Angi om det er inngått avtale med vegplanleggar eller om slik kompetanse er planlagt nytta for heile eller deler av tiltaket. Dersom vegtiltaket som det søkast om heilt eller delvis er under marin grense, og særleg i fareområde for kvikkleireskred, skal fråsegn frå geoteknikar som hovudregel leggst ved søknaden. Dersom søknaden omfattar vegtiltak der flaum, erosjon og/eller lausmasseskred kan ha vesentleg påverknad på bustader eller anna samfunns viktig infrastruktur, skal ei fråsegn frå vegplanleggar som hovudregel leggst ved søknaden. Kommunen kan i vedtaket stille vilkår om bruk av vegplanleggar med vidare.
- Avkørsel frå offentleg veg og velteplass langs offentleg veg skal på førehand vere godkjend av vegstyresmaktene, jamfør forskrifta § 2-2.
- Ei liste over alle interessentane i vegen skal leggst ved søknaden. Før opp namn, adresse, telefon/e-post.
- Liste over naboar, rettshavarar og andre som blir rørt av tiltaket og som på førehand er varsla om veisøknaden, skal leggst ved søknaden.

5. Om tiltaket

- Vegen sitt dekningsområde er det arealet som vegen betener.
- Det vert skilt mellom permanente og mellombelse tiltak. Dei permanente tiltaka er nybygging, ombygging eller punktutbetring. Tiltak som hever vegklassa i samsvar med dei nye vegnormalane, inkludert punktutbetringar, vil normalt vere ei søknadspiktig ombygging.
- Dei mellombelse tiltaka vil ofte vere graving av enkle driftsvegar i bratt terreng for å gjere skogen tilgjengeleg for hulgåande skogsmaskinar. Desse driftsvegane skal normalt først tilbake og foryngast med skog etter avslutta hogst. I søknaden skal dei mellombelse driftsområda merkast av på kart med ei ytre avgrensing av det arealet som skal drivast med bruk av driftsvegane. Du må føre opp kor mange år det vil ta å gjennomføre drifta. Kommunen kan stille vilkår til planlegging og utføring med meir, jamfør forskrifta § 3-3 andre ledd
- Før opp planlagt vegklasse etter «Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse», som du finn under infrastruktur på www.landbruksdirektoratet.no
- Vegklassene 2-3-4-5 er heilårs bilvegar eller sommarbilvegar, vegklasse 6 er vinterbilveg, og vegklassene 7 og 8 er traktorvegar. «Avvik i frå vegnormalene» er dei vegane som ikkje oppfyller vegnormalens krav, men som likevel medfører søknadspiktig terrengingrep jf. §1-2.
- Før opp utrekna byggekostnad og meter for det tiltaket det er søkt om.

6. Omsyn til miljøverdiar og andre interesser

Søkarer må gjere greie for kjente miljøverdiar og bruksinteresser som blir rørt av det tiltaket som det er søkt om. Du finn kunnskap om miljøverdiar i eigedommen sin skogbruksplan, og i ulike innsynsløysingar og databasar (Kilden, Naturbase, Artskart, Skrednett osv.)

	Miljøverdiar/omsyn	Nettside	Informasjon om aktuelle kart
Naturmangfald	Prioriterte artar og freda artar <i>(Forskriftfesta)</i>	http://kart.naturbase.no	Prioriterte artar blir fastsette i egne forskrifter etter naturmangfaldlova. Dei freda artane er lista opp i forskrift om freding av trua artar etter naturmangfaldlova. Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: PA (prioriterte arter) og Fredete arter. Søk kan og gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
	Utvalde naturtypar <i>(Forskriftfesta)</i>		Alle utvalde naturtypar blir fastsette i eiga forskrift etter naturmangfaldlova. Utvalde naturtypar. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Verneområde <i>(Forskriftfesta)</i>		Verneområde blir oppretta etter naturmangfaldlova. Det blir vedtekne egne forskrifter for kvart einskilt verneområde. Verneområde. <i>Alle kartlaga er aktuelle.</i>
	Miljøregistrering i skog (MiS) / Nøkkelbiotopar <i>(Forskriftfesta og sertiltsett)</i>	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for arealinformasjon. Skog. Kartlag: <i>Miljøregistrering i skog (MiS).</i> Jamfør bærekraftforskrifta § 5, skal verdiane i viktige livsmiljø og nøkkelbiotopar takast vare på i samsvar med Norsk PEFC skogstandard (www.pefcnorgerg.org).
	Verna vassdrag <i>(Forskriftfesta)</i>		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Verna vassdrag (NVE).</i> Du skal krysse av for ja i søknadsskjema dersom vegen rører ei 100-meterssone på kvar side av verna vassdrag, med sideelver, større bekkar, sjøar og tjern. Der kommunen har fastsatt vassdragsbelte rundt verna vassdrag bruker du dette i staden for 100-metersbeltet.

Naturmangfold	Naturtypar (<i>Ikke knytt til eiga forskrift</i>)		Naturtypar. Kartlag: <i>Hovednaturtype skog</i> .
	Arter (<i>Ikke knytt til eiga forskrift</i>)	http://naturbase.no	Arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Underkategori, Arter av særlig stor forvaltningsinteresse. Kartlag: <i>Trua arter</i> . Søk kan òg gjerast i 'Artskart' hos www.artsdatabanken.no .
Landskap	Helhetlig kulturlandskap (<i>Ikke knytt til eiga forskrift</i>)		Kartlaget for <i>Helhetlige kulturlandskap</i> gir ein peikepinn på område der det er store kulturlandskapsverdjar. Det finst ikkje egne kartlag for dei 22 utvalde kulturlandskapa i jordbruket. Desse områda har store biologiske- og kulturhistoriske verdjar.
	Utvalde kulturlandskap i jordbruket (Vert forskriftfesta i 2016)	http://kart.naturbase.no	I tillegg til <i>Helhetlige kulturlandskap</i> skal kartlaget <i>Hovednaturtype kulturlandskap</i> sjekkast, da dette viser registrerte skjøtselsavhengige naturtypar. Informasjon om Utvalde kulturlandskap i Jordbruket finn du på www.utvalgtekulturlandskap.no .
Kulturminner	Kulturminner og ståande byggverk (<i>Lovfesta</i>)	http://kilden.skogoglandskap.no	Kulturminner før år 1537 og ståande byggverk frå år 1537 – 1649, er automatisk freda, jamfør kulturminnelova. Fane for arealinformasjon. Eksterne Kartlag: <i>Arkeologiske kulturminner (RA)</i> . Søk kan òg gjerast på 'Askeladden' og 'Kulturminnesøk' hos www.riksantikvaren.no . Ikke alle arkeologiske kulturminner er registrert i basane eller fullstendig registrert.
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde (<i>Servituttavtalar</i>)	http://kart.naturbase.no	Friluftslivsområde. Kart: <i>Statlig sikra friluftslivsområder</i> . Områda er sikra gjennom langsiktige avtalar med staten (servituttavtalar). Vert forvalta gjennom mellom anna regulerings- og byggesaksføsegene i plan- og bygningslova, pålegg om tiltak etter forureiningslova og føresegene i friluftsliva om åtførsreglar.
	Andre friluftsområde (<i>Ikke knytt til eiga forskrift</i>)		Kartlagde friluftsområde. Kartlag: <i>Kartlagte friluftsområder</i> .
Anna	Reindriftingsinteresser (<i>Lovfesta</i>)	http://kilden.skogoglandskap.no	Fane for reindrift. <i>Alle kartlaga er aktuelle</i> . Reindrifta vert regulert av reindriftingslova. Sjå nettsida www.reindrift.no .
	Vernskog (<i>Forskriftfesta</i>)		Fane for arealinformasjon. Eksterne. Kartlag: <i>Vernskog</i> . Vernskog er basert på kommunale vedtak og egne forskrifter. Sjå dokument 'Forvaltning av vernskog (B-300 M-0618B)' hos www.regjeringen.no .
	Lausmasseskred	www.skrednett.no	<i>Aktsomhetskart-skred i bratt terreng</i> . <i>Faresonekart-skred i bratt terreng</i> . NVE gjennomfører faresone- og aktsomhetskartlegging av skred i bratt terreng for utvalde område, jamfør plan for skredfarekartlegging (NVE rapport 14/2011). <i>Kvikkleiresoner og marin grense</i> . Ligg tiltaket under marin grense, er det generell fare for skred. Er tiltaket i, eller nær, kvikkleiresone er det spesiell stor fare for skred, og tiltaket som må utgreiast av fagkyndige (geoteknisk). NGU utviklar og held ved lag òg kartinnsyn om berggrunn, lausmasser, mineralske ressursar, grunnvatn m.m. Link til lausmassekart: www.ngu.no/kart-og-data/kartinnsyn
Flaum	www.nve.no	Kart og karttenester. Kartlag: <i>Flomsone</i> . Flaumsonekartet viser areal som vert fløymd over ved ulike flaumstorleikar. Det blir utarbeida flaumsone for 20-, 200- og 1000-årsflaumane, og omfatter areal med størst skadepotensial ved flaum.	



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTN» «POSTSTED»

Saksnr Løpenr. Arkiv Saksansvarleg Dato
2019/298 1827/2019 Sjøvegen SKAARA 05.02.2019

HØYRING:1519 - SJØVEGEN - SØKNAD OM BYGGING AV LANDBRUKSVEG PÅ 151/1 - FRODE TILSETH

Syner til forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Landbrukskontoret har motteke søknad frå grunneigar Frode Tilseth i Volda kommune om godkjenning av landbruksveg. Søknaden skal handsamast av den i kommunen som har landbruksfagleg kompetanse.

I handsaminga skal det gå fram om der er andre interesser som vert råka av tiltaket. Søknaden vert difor sendt ut på høyring som normalt, til fylkesmann, fylkeskommune og kommune.

Kort utgreiing om søknaden:

<i>Søkjar:</i>	Frode Tilseth som er eigar av gnr 151 bnr 1 i Volda kommune.
<i>Eigedom:</i>	Knr 1519 gnr 151 bnr 1, Kvangardsnes
<i>Søknaden gjeld:</i>	Søknaden gjeld ein 70 m lang ny driftsveg i tilknytning til den dyrka jorda på eigedomen. Eksisterande veg i teigen går gjennom tunet og i slyng like nedom driftsbygninga. Her er avstanden til bygningane og tilstanden på vegen slik at ein må leggje om vegen i øvste delen. Det no ikkje vore råd å kome ned med traktor og moderne utstyr. Det vil ein no lage tilgang for. Jorda vert leig bort til anna føretak i drift. Siste åra har ein nytta jorda som beite for sau. Etter vegbygginga vil ein no få høve til å slå og hauste store delar av jorda. Søknaden omhandlar ny trase i denne øvste delen. I tillegg vert resten av vegen restaurert med nytt bærelag, men vegen skal ikkje oppklassifiserast.
<i>Interesser, opplysningar knytt til området:</i>	Ut frå tilgjengelege basar i "kilden" til NIBIO har ein ikkje registrerte konflikt mot verneområde, naturtypar, kulturlandskap, eller kulturminne i planområdet. Jorda vil gå over markslag som er registrert som fulldyrka jord.
<i>Teknisk informasjon:</i>	70 m ny veg. Traktorveg kl 8. Innteikna i vedlegga til søknaden.
<i>Kommuneplan m.v.:</i>	Ligg i LNF-område i kommunedelplan kystsoneplanen.

Fristen for å kome med fråsegn til søknaden vert sett til 4. mars 2019.
Søknaden med kartvedlegg ligg ved.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fra: Jørgen Vestgarden
Sendt: fredag 22. februar 2019 12:13
Til: Børild Skåra
Kopi: Postmottak Volda
Emne: Svar på høyring om bygging av landbruksveg, 151/1

Viser motteke høyring. Vi har ikkje særskilte merknadar utanom at vegen allereie delvis er fullført.

Jørgen Vestgarden

utviklingssjef

Utvikling

Mobil 90470915

www.volda.kommune.no



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak nr.: 2017/630

Arkivkode: 105/2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
24/19	Forvaltningsutvalet	02.04.2019

DELING AV LANDBRUKSEIGEDOM - GBR 105/2

Administrasjonen si tilråding:

Omdisponering etter jordlov § 9 og deling § 12 - vedtak:

Forvaltningsutvalet syner til søknad dagsett 14.03.2017, frå Jorunn Anne Børtveit, eigar av gnr 105 bnr 2, om å få dele ifrå hyttetomt på 0,4 daa. Forvaltningsutvalet gjev etter § 9 i jordlova løyve til omdisponering av 0,4 daa dyrkbar jord.

Vidare gir Landbruksnemnda etter jordlova § 12 løyve til frådelling av hyttetomt på 0,4 daa.

Vedleggsliste:

1. Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning gbr 105/2
2. Ytterlegare informasjon, brev frå adv. Sande dat. 31.03.17
3. Kart
4. Førebels svar. Søknad om deling av grunn gbr 105/2

Samandrag av saka:

Det vert søkt om frådelling av hyttetomt frå gnr 105 bnr 2.

Saksopplysningar/fakta:

Søknaden om deling er dagsett 14.03.2017. Volda kommune har teke imot søknaden. Ut frå dette sendte Volda kommune ut førebels svar og seinare ut på høyring. Saka har teke tid då kommunen har kravd avklaring av rasfaren. 01.03.2019 mottok Volda kommunen geologisk rapport, og landbrukskontoret har fått melding om at ein no kan føreta jordlovshandsaminga av søknaden om deling

Søknaden om deling gjeld ei hyttetomt med påståande hytte, med adresse Innanforvegen 261, frå eigedomen Holte gnr 105 bnr 2 som er eigd av Jorunn Anne Børtveit. Eigedomen ligg på Folkestad. Tomta som vert søkt frådelt er på 0,4 daa.

I gardskartet utgjer eigedomen 105/2 totalt 337 daa fordelt på 8 teigar.

Fordeling i daa på ulike markslag:

Full- dyrka jord	Overflate- dyrka jord	Innmarks- beite	Skog særs høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be- bygd	Ikkje klassi- fisert
11,7	1,1	27,8	0	17,2	10,6	0	58,2	0,5	119	25,3	1,5	9,4

På eigedomen er det ikkje aktiv jordbruksdrift i dag, men jordbruksareala vert leigd bort til anna aktivt landbruksføretak i bygda.

Eigedomen har løde, to våningshus, garasje og hytte.

Søknaden skal handsamast etter jordlova § 12 som omhandlar deling. Det vert og handsaming etter § 9 omdisponering då søkt areal er registrert som dyrkbar jord. Markslaget for arealet er markert som jorddekt fastmark.


Planmessig så ligg arealet i kommunedelplanen for Folkestad som LNF-område. I LNF-områda gjeld eit generelt forbod mot utbygging til anna formål enn landbruksformål.

Utsnitt frå kart som syner hyttetomta. Tomta er avgrensa med ei granplanting i firkant rundt hytta.

Areal ligg på markslag som er jorddekt fastmark. Areal her er og markert som dyrkbar jord.



Utsnitt av gardskart for gnr 105 bnr 2. Hyttetomta er markert med blå prikk. Tunet på garden har raud prikk.



Vurdering og konklusjon:

Det vert handsama deling etter §12 i jordlova og etter § 9 omdisponering. Ved handsaming etter jordlova § 9 (omdisponering) og §12 (deling) må ein syne til rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaking, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige.

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova. Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området. Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

I saker som denne skal ein vurdere om det er forsvarleg å svekke bruket ved å dele frå areal. I utgangspunktet er deling ikkje lov, men ein har høve til å søkje om unntak.

Driftsgrunlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i §12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunlaget.

I tillegg må ein sjå på om ei frådeling vil medføre drifts- og/eller miljømessige ulemper for næringsdrift i landbruket.

Omsyn til tenleg og variert bruksstruktur	Ein kan ikkje sjå at deling her vil ha innverknad på bruksstrukturen. Hytta er bygd for ein god del år sidan. Delinga vil ikkje endre arealbruken, men formalisere den.
Omsyn til vern av arealressursar	Tomta ligg inne ei eit område som er dyrkbar jord. Næraste dyrka jord ligg om lag 500 m nord for hytta. Det føreligg etter det ein veit ikkje planar om nydyrking her, men området ligg som ein ressurs for framtida. Det vert søkt om eit mindre areal slik at endringa er minimal.
Omsyn til om ein får ei driftsmessig god løysing	Ingen merknad.
Drifts- og miljømessige ulemper	Slik bruken av arealet er no så vil ikkje delinga ha innverknad. Skulle ein dyrke opp her ein gong i framtida så vil staa endre seg slik at ein kan få dyrka jord inn til hytta. Areala her er og ressurs som utmarkbeite som vert eller kan nyttast av stor- og småfe.
Andre omsyn	

Eigedomen har ressursar i jord og bygningar som tilseier at her er moglegheiter for aktiv gardsdrift.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Tomta ein søker frådelt ligg langt frå tunet på garden, i utmarka. Plasseringa er «låst» ut frå at ein har hatt ei hytte her i ei årrekkje. Bruken av dette arealet vert difor ikkje endra, men no delt til ein eigen eigedom.

Hytta står på areal som er registrert som dyrkbar jord. Det er difor naudsynt med løyve til omdisponering i tillegg til delinga.

Ut frå ei samla vurdering vil ein ikkje gå imot løyve til deling og omdisponering, då ein ikkje ser avgjerande ulemper ressurs- og driftsmessig for hovudbruket.

Med helsing

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Børild Skåra
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Jorunn Anne Børtveit, Flotevegen 30, 6120 Volda
Ørsta kommune v/ Landbrukskontoret

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om deling og rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknaden/rekvisisjonen vert framsett i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, bokstav m og § 20-2, samt lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) kapittel 3 og 7.

Alle relevante opplysningar må vere utfylt.
Ved plassmangel, lag eige vedlegg

Plass for kommunen sitt stempel

VOLDA KOMMUNE	
2017/630	Uttak
3 APR 2017	Saks Torgste
Arkivnr: BYGG	
Kjellingsnr: 105/2	
Klassering: 3	

Søknaden sendast:

VOLDA KOMMUNE
6100 VOLDA

Søknaden/rekvisisjonen gjeld følgjande eigedom:

Heimeshavar(ar) (med blokkbokstavar):

Gnr. Bnr. Fnr. Seksj.nr

105 2

JORUNN BØRTVEIT

Underskrift:

Jorunn Børtveit

Søknaden/rekvisisjonen gjeld:

- Deling og oppmålingsforretning
- Oppretting av festetomt
- Oppretting av punktbeste
- Anna: (spesifiser) _____
- Dispensasjon (dispensasjonsøknad skal grunngjevast på eige ark)

Parsellen(ane) skal nyttast til:

Parsell nr.	Areal (ca areal)	Formål	Sjølvtendig brukseining	Tilleggsparsell	Tilleggsparsell til gnr/brnr.	
					Gnr.	Brnr.
1	400 m ²	Fritidsformål	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Brnr.
2	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Brnr.
3	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Brnr.
4	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Brnr.
5	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Brnr.
6	m ²		<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gnr.	Brnr.

Arealdisponering

Kommunedelplan Reguleringsplan Bebyggelsesplan

Namn på plan:

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for ny parsell

Vis berekna grad av utnytting etter gjeldande regulering for restparsell

Avstandar

Går det høgspent kraftlinje/kabel i, eller i nærleiken av tomta?

Nei

Ja, avstand: ... m

Dersom ja, må ein legge ved ei nærare utgreiing/avklaring med ledningseigar om dette

Går det priv/off.vass og avløpsledning i eller i nærleiken av tomta?

Nei

Ja, avstand: ... m

Krav til byggegrunn (pbl § 28-1 og §§ TEK10 7-2 og 7-3)

Er tiltaket plassert i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Er tiltaket plassert i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, angi sikkerhetsklasse	<input type="checkbox"/> F1 Liten konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F2 Middels konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/200 år <input type="checkbox"/> F3 Stor konsekvens og sannsynlighet mindre enn 1/1000 år
Andre natur- og miljøtilhøve? <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja, dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i egne vedlegg	

Tilkomst - jf. pbl § 27-4 og veglova §§ 40-43

Kva slags veg vil ny parsell ha tilkomst frå?

Riksveg Fylkesveg Kommunal veg Privat veg

Ny avkørsle eller utvida bruk av eksisterande?

Ny avkørsle frå offentlig veg (plan må vedleggast)

Utvida bruk av eksisterande avkørsle

Er løyve til avkørsle gitt? Ja Nei

Dersom delinga betingar vegrett over privat grunn, må dokumentasjon vedrørende dette leggast ved.

Vassforsyning og avløp - jf. pbl §§ 27-1 og 27-2

Offentleg vassverk: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	For tilknytning til privat felles vassverk og avløpsanlegg må løyve til å vere tilknytt og til å kunne gjere naudsynt vedlikehald på anlegget, vedleggast.
Offentleg avløpsanlegg: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat vassverk: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
Privat avløpsanlegg: <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
	Dersom det ikkje er gitt løyve til privat avløpsanlegg, må det søkjast på eige skjema som kan leggast ved denne søknaden.

Vedlegg

Vedl. nr.: Beskrivelse	Vedl. nr.: Beskrivelse
<input checked="" type="checkbox"/> Kart/situasjonsplan	Legg ved evt. tilleggsopplysningar som kan belyse saka.
<input type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel	
<input type="checkbox"/> Dispensasjonssøknad	
<input type="checkbox"/> Fråsegn, samtykkje, løyver	
<input checked="" type="checkbox"/> Andre vedlegg	

Underskrift av søkjar/rekvirent

Dato	Rekvirenten sitt namn (med blokkbokstavar)	Rekvirenten si underskrift
14/3-17	JORUNN BØRTVEIT	Jorunn Børtveit
Adresse	Flokevegen 30	Postnr/stad 6120 Folkestad
E-postadresse		Telefon

Gebyr for delesak, oppmålingsforretning og eventuell tinglysing skal betalast av

Betalaren sitt namn og underskrift (dersom dette feltet ikkje er fyllt ut korrekt, vil faktura verte sendt rekvirent)		
Dato	Betalar sitt namn med blokkbokstavar	Betalar si underskrift
21/3-17	OTTO HOLTE	
Adresse	Professor Kohlv. 60A	Postnr/stad 1368 Stabekkd

Volda kommune
Stormyra 2

6100 VOLDA

Volda, 31.03.2017

**SØKNAD OM FRÅDELING – REKVISISJON AV KARTFORRETNING – GNR. 105
BNR. 2 I VOLDA**

På vegne av Jorunn Børtveit, eigar av gnr. 105 bnr. 2 i Volda, følger vedlagt søknad med vedlegg om frådeling av hyttetomta Otto Holte i dag disponerer på eigedommen.

Søknaden gjeld ei tomt på ca 400 m² med påståande hytte på ved Folkestadvatnet jfr. vedlagte kartutsnitt. Det er såleis snakk om frådeling til uendra bruk.

Grunnlaget for søknaden er avtale datert 29.02.1964 mellom Knut Holte – Otto Holte sin far- og eigarane av teigen der hytta skulle ligge og som på det tidspunkt ikkje var utskift men låg i sameige mellom eigarane, jfr. vedlagte kopi av avtalen

Det er no ønskeleg å få formalisert eigarforholdet slik at hytteeigaren får den formelle heimelen til arealet som hytte er bygd på.

Når det gjeld dei nærare grensene for tomta, må detaljane utformast på staden under oppmålinga. Tomta grenser kun til gnr. 105 bnr. 2 og nabovarsel er derfor utelatt.

Det blir lagt til grunn at søknaden om frådeling til fritidseigedom er i strid med kommuneplanen for området og at det blir lagt til grunn at arealbruken skal vere LNF. Det blir derfor søkt om dispensasjon frå planen.

Frådelinga vil ikkje vere til hinder for tilkomst til og utnytting av gnr. 105 bnr. 2 og vil heller ikkje skape drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Hyttetomta ligg ikkje på dyrka eller dyrkbar mark. Ei deling vil heller ikkje gå ut over dei andre omsyna som skal takast etter jordlova § 12.

Tilkomst til tomta og rett til parkering vil verte formalisert ved tinglysing av skøyte.

Det er ikkje innlagt vatn med tilhøyrande avløpsanlegg i hytta. Tiltakshavar har ikkje planar om etablering av slikt anlegg.


Tiltakshavar er kjend med at det må søkast særleg om løyve til slik etablering dersom dette blir aktuelt.

**Advokat
Lars E. Sande**

Kostnadene ved delesaka m.v. , skal betalast av **Otto Holte, Professor Kohtsv. 60A, 1368 Stabekk**, jfr. søknaden. Eg ber derfor om at han blir oppført som rekvirent og at fakturering skjer direkte til han..

Dersom det skulle vere nødvendig med ytterlegare opplysningar, ber eg om å verte kontakta.

Med helsing



Lars E. Sande


Vedlegg



Se eiendom

informasjon fra matrikkel og grunnboken

10/03 2017





Jorunn Anne Børtveit

Flotevegen 30
6120 Folkestad

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/630	4910/2017	105/2	UTV/ TORGSTE	12.04.2017

FØREBELS SVAR

Førebels svar i samsvar med forvaltningslova § 11 a

Adresse:	Folkestad	Gnr/Bnr:	105/2
Søkjar/Rekvirent:	Jorunn Anne Børtveit	Adresse:	Flotevegen 20, 6120 Folkestad
Kjøpar:	Otto Holte	Adresse:	Professor Kohtsv 60A, 1368 Stabekk
Saka gjeld:	Deling- og oppmålingsforretning etter plan- og bygningslova og matrikkellova Fritidseigedom Folkestad-dalen		

Dykkar søknad om løyve til deling av eigedom, datert 21.03.2017 er motteken i kommunen 03.04.2017.

Det er gjennomført ein førebels mottakskontroll av søknaden.

På denne saka er det forventa følgjande saksgang:

- Saka vert sendt på høyring og førebudd for handsaming i forvaltningsstyret som dispensasjon frå kommuneplan.
- Landbruksmyndet vil gjennomføre handsaming etter jordlova.
- Etter dette vert sjølve delesøknaden vurdert og handsama i Sektor for Utvikling etter plan- og bygningslova.
- Dersom det vert gitt løyve til deling vil saka verte oversendt oppmålingsansvarleg for utføring av oppmålingsforretning og utsetting av grensemerke.

Ein gjer merksam på at kvar av desse tenestene er gebyrbelagde. Oversikt over gebyrsatsar finn ein på kommunen si heimeside.

Heimelshavar kan bli pålagt å rydde siktlinjer for målingane under oppmålingsforretninga - der dette er naudsynt, utanom i hage eller park, då dette kan være avgjerande for å kunne gjennomføre oppmålinga. Rydding av skog avtalast nærare med landmålar.

Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2017/630.

Med helsing

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058755	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro: 3991.07.81727

Torgeir Stensø
sakshandsamar

Kopi til:

SANDE LARS E ADV Postboks 58 6101 VOLDA
Otto Arne Holte Professor Kohts Vei 60 A 1368

Interne kopimottakarar:

Landbruksavdelinga Børild Skåra
Utvikling Per Heltne

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2017/2368

Arkivkode: Q84

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
25/19	Forvaltningsutvalet	02.04.2019

SKILTPLAN DEL AV VOLDA SENTRUM - SLUTTHANDSAMING

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Forvaltningsutvalet godkjenner skiltplan for del av Volda sentrum datert 19.03.2019.*

Vedleggsliste:

Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn – forvaltningsutvalet sak 11/19 den 29.01.2019

Skiltplan for del av Volda sentrum, datert 19.03.2019- revidert etter offentlig ettersyn

Uttale frå Møre og Romsdal politidistrikt datert 13.02.2019

Uttale frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 14.02.2019

Uttale frå Eldrerådet

Innspel frå rådet for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne

Brev frå Tonje Marie Nupen Aarflot, Anders Nupen og Tore Aarflot datert 25.02.2019

Brev frå Ola A Rangsæter datert 24.02.2019

Brev frå Volda Næringsforum datert 25.02.2019

Brev frå Statens vegvesen datert 05.03.2019

Referat frå møte mellom Volda Næringsforum og Volda kommune den 12.03.2019

Uprenta saksvedlegg:

Tidlegare politisk handsaming og innspel.

Saksopplysningar/fakta:

Det er gjennomført offentlig ettersyn av skiltplan for del av Volda sentrum i tida 01.02.2019 til 25.02.2019. Kommunen har motteke i alt 7 dokument med merknader og kommentarar til planen. Dei ulike innspela vert gjennomgått og kommentert i det følgjande og skiltplanen er som følge av desse revidert på nokre punkt. Planen vert lagt fram for endeleg godkjenning. Hovudtrekka frå forvaltningsstyre sin handsaming i sak 11/19 om utlegging til offentlig ettersyn er vidareført.

Mottekne høyringsbrev:

Uttale frå Møre og Romsdal politidistrikt datert 13.02.2019

- Støttar framlegget.

Uttale frå fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 14.02.2019

- Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Uttale frå Eldrerådet

- Volda Eldreråd vil be om at kommunen i samarbeid med Statens vegvesen arbeidar for sikrere kryssing av E39, t.d. ved oppheva gangfelt ved ferjekaia og ved Naustet grill.

Kommentar:

Statens vegvesen har etter påtrykk frå kommunen akseptert fartsreduksjon til 40 km/t på E39 gjennom Volda sentrum og vil gjennomføre dette i eigen regi. Det er aktuelt frå kommunen si side også å stille krav om oppheva gangfelt på dei mest trafikkfarlege kryssingspunkta i sentrum – også desse som eldrerådet peikar på. Sidan det er vegvesenet som har ansvaret for skilting og andre tiltak på riksvegen har ikkje kommunen teke med dette i sin skiltplan.

Uttale frå rådet for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne:

- FUNK støttar framlegg til skiltplan med følgjande merknadar:
- Lysregulert fotgjengar-overgang på E-39 ved ferja.
- Heva skilt for HC-parkering
- Tydelegare merka/heva overgangsfelt på E 39
- Sikre tydelegare overgangsfelt ved SkoOlsen, anten ved fortrinnsvis merka og heva overgangsfelt, eller fysisk stenging.

Kommentar:

Skilting og tiltak på E39 er ikkje teke med i kommunen sin skiltplan då dette er Statens vegvesen sitt ansvarsområde, men innspela er noterte og kommunen vil vere pådrivar for å få på plass slike tiltak samstundes med den planlagde fartsgrensereduksjonen på E39 (Sjøgata/Hamnegata).

Brev frå Tonje Marie Nupen Aarflot, Anders Nupen og Tore Aarflot datert 25.02.2019.

- Parkeringsinformasjonen som er sett opp på veggen hos Storgata 5 må kome klarare fram, og dermed må det vere parkeringsskilt på vestsida av Storgata/sørsida av krysset Storgata/Seljebakken – Kyrkjegata. Når ein ser kor viktig parkeringsplassar er for sentrumsområdet, er det også viktig å skilte desse på ein synleg måte.

Kommentar:

Innspelet peikar på korleis skiltet på staden er montert og kommunen bør vurdere om det er behov for ei meir eksponert plassering.

- I krysset Stormyra/Storgata manglar det eit 30 km/t skilt.

Kommentar:

Skiltet er teke inn i revidert plan.

- Sjølv om lensmann Smithsgt ikkje er med i skiltplanen, må det skiltast med 30 km/t i sørenden av denne gata. Området der er trangt og det er uforsvarleg at fartsgrensa i gata skal vere 50 km/t. Trass i at Smithsgt ikkje er med i skiltplanen, tillet vi oss likevel å peike på at det hadde vore betre å sette opp 30 km/t skiltet i krysset Smithsgt/Seljebakken.

Kommentar:

Ein har konsentrert arbeidet med skiltplanen innanfor eit avgrensa område og har ikkje funne grunnlag for å foreslå tiltak utanfor dette. Det er behov for utarbeiding av skiltplan for heile sentrum og innspelet må vurderast i samband med dette.

- Det må skiltast med 30 km/t i krysset Sjøgata/Hamnegata/Cubus, som gjeld trafikk som skal inn i området ved Sivert Aarflot-plassen. Vi går ut frå at alle ser det er uforsvarleg å ha 50 km/t i dette området.

Kommentar:

På bakgrunn av at det frå før er etablert fartsreducerande tiltak på denne aktuelle strekninga (oppheva gangfelt) og at det er ønskjeleg å avgrense talet på skilt i området finn ein ikkje grunnlag for å imøtekome innspelet.

- Halkjelsgata: Vi ser at denne er skilta med innkøyring forbode ved Cubus sitt nordvestre hjørne. Desse må fjernast til fordel for å opne gata for trafikk begge vegar. I og med at det er forbode å parkere i Halkjelsgata på strekninga Sivert Aarflot-plassen og Kyrkjegata, går det an å ha trafikk begge vegar når fartsgrensa er låg.

Kommentar:

I den nye skiltplanen er det gjort vesentlege endringar der det vert opna opp for biltrafikk i indre sentrum. Denne delen av Halkjelsgata bør – slik administrasjonen ser det – ikkje ha trafikk i begge retningar då det vurderast til å vere for lite plass til møtande bilar og fordi gateparsellen bør ha mest mogleg gågate-preg.

- Fartsgrensa er ein viktig faktor for siktliner. Dermed vert fartsgrensene avgjerande for kor mykje sentrumseigedomar skal kunne utnyttast og korleis utkøyninga frå same eigedomane vert. Om ein ser på fartsgrensa med tanke på utbygging, er det viktig med lågast mogleg fartsgrensa for best utnytting av sentrumsområde. Om Volda ønskjer utviklin av bygningsmassen i sentrum når det gjeld volum og høgde, så er det viktig at fartsgrensa vert sett til 30 km/t.

Kommentar:

Innspelet er imøtekome i planen.

Brev frå Ola A Rangsæter datert 24.02.2019

- Den endringa som ligg i planframlegget, med mest konfliktpotensiale, er dersom innkøyring forbode frå Sjøgata/E39 inn mot Hamnegata/Det Grøne Treet vert fjerna.

Kommentar:

Synspunktet er teke til vitande. Det er gitt signal både frå næringslivet og frå politisk hald om at denne avgrensinga av køyreretning må takast vekk. Det vert peika på at trafikkmønsteret påverkar handelen i negativ retning.

- Innkøyring forbode i krysset ved E39/Sjøgata-Hamnegata ved «Det grønne treet» frå begge retningar, vert oppretthalde som eksisterande skiltplan.» Dersom det er skiltteknisk mogleg, bør forbodet også forsterkast ved å setje opp skilt 330.2 venstresving forbode på E39 vestfrå før krysset.

Kommentar:

Synspunktet er delvis kommentert ovanfor. Statens vegvesen har i sin uttale sagt at kommunen bør vurdere venstresvingforbod (skilt 330.2) på den staden det her vert peika på. Det er gjort ei vurdering av dette og ein er kome til at ein i første omgang kan prøve utan dette skiltet og eventuelt komplettere om det syner seg at det medfører trafikkale problem.

- Forkøyrsvog i Storgata er eit svært naudsynt og godt trafikkalt grep for Volda sentrum.

Kommentar:

Synspunktet er teke til vitande.

- Skiltet med innkøyring forbode (302) som er plassert ved nordvestre hjørne av Vikinghuset, bør flyttast til spissen av kantsteinsøya/i vestre enden av skråparkeringa oppom Vikinghuset, slik at bilar frå parkeringsplassen ved fontena kan køyre lovleg opp i indre del av Vikenesvegen til Storgata.

Kommentar:

Innspelet vurderast som fornuftig og planen er justert på dette punktet.

Brev frå Volda Næringsforum datert 25.02.2019

- Av omsyn til at Volda sentrum må framstå inviterande og oversikteleg, vil vi sterkt tilrå at fartsgrense 30 km/t og parkering maks p-tid 2 timar vert etablert ved soneskilting ved innkøyring i planområdet. Dette vil i vesentleg grad dempe inntrykket av sentrum som ein skiltjungel, og mjuke opp opplevinga av sentrum. Døme på velfungerande tettstader som byggjer på dette er Sogndal.
- I skiltframlegget har det nokre plassar oppstått utfordringar i høve fartsgrense som følgje av manglande innplassert skil 362.30 (30 km/t), t.d. ved utkøyringa frå Stormyra og Seljebakken til Storgata. Også dette vil løyse seg på ein god måte ved å etablere soneskilting.

Kommentar:

Ein er samd med VNF om at den mest framtidsretta ordninga for indre sentrum av Volda er å innføre soneskilting for parkering og fartsgrense. Dette må finne si løysing i samband med utarbeiding av skiltplan for heile sentrum og er ikkje tilrådeleg å innføre innanfor området til denne skiltplanen.

- Når det no vart slik at kommunen valde å ikkje ta omsyn til heilt vesentlege moment i vårt innspel av 06.12.18, vil vi likevel peike på at det er nødvendig at planframlegget vert slutthandsama og iverksett no.

Kommentar:

Dersom planen vert vedteke no, kan skiltinga gjennomførast så snart det praktisk kan organiserast.

- Innspel til vidare arbeid:

Vi ser at administrasjonen i saksutgreinga peikar på at *«det er behov for vidare arbeid med trafikkskiltplan for heile Volda sentrum»*. Vi gjer vår fulle tilslutning til denne vurderinga, og vil legge til at dette behovet er særskilt prekært. Vi syner til vårt brev av 06.12.2018.

Vi vil avslutningsvis igjen sterkt understreke at noverande skilting og trafikal situasjon i sentrumskjernen i vesentleg grad påverkar sentrumskjernen negativt. Vi vil derfor gjerne medverke konkret for å påskynde vidare skiltplanprosess for resten av sentrum.

Vi vil derfor gjerne ha dialog med rådmannen om det vidare arbeidet i forkant av administrativ og politisk handsaming av planen, og denne marknaden tek utgangspunkt i at vi får dette til.

Kommentar:

Framlegg til skiltplan er drøfta i møte mellom VNF og kommunen den 12.03.2019 og synspunkta er registrerte. Vidare arbeid med skiltplan for sentrum må prioriterast av rådmannen eventuelt av politisk nivå med tanke på ressursbruk/finansiering.

Brev frå Statens vegvesen datert 05.03.2019

- Å fjerne skilta innkøyring forbode i krysset ved Cubus/Det Grøne Treet har vi ingenting imot, men kommunen bør vurdere eit venstresvingforbod på E39. Eit fåtal og betydelege definerte vegkryss vil bidra til ei effektiv og oversikteleg trafikkavvikling på E39 gjennom Volda sentrum.

Kommentar:

Det er gjort ei vurdering av venstresvingforbod på staden det her ei peika på. Ein bør prøve ut korleis trafikken fungerer utan dette skiltet og deretter eventuelt komplettere dersom det syner seg å vere behov.

- Visningsskilta i krysset E39/Storgata må utformast slik at skiltinga ikkje blir sikthindrande samtidig som skilta skal vere med å definere krysset som ei hovudavkøyring frå E39 til indre sentrum.

Kommentar:

Teke til vitande.

- Å skilte Storgata som forkøyrsvog er fornuftig, då ein slik regulering vil skape tydelege tilhøve kring vikeplikt i kryssa. Elles ber vi om at kommunen tenkjer nøye gjennom om ein skal skilte Storgata med særskilt fartsgrense 30 km/t. Kva med fartsgrensa i sidegatene? Kan det bli aktuelt å skilte sidegatene med fartsgrense 30 km/t?

Kommentar:

Inntil ein har på plass ein samla skiltplan for sentrum der det vert etablert soneskilt for fart og parkering vil ein måtte akseptere ulike fartsgrenser på Storgata og sidegatene.

- Kommunen ønskjer å kombinere fartsgrense 30 km/t med humpar, som er anbefalt ved bruk av fartsgrenser 30 og 40 km/t. Vi minner om at humpar på samle- og hovudveggar ikkje bør etablerast der stigninga er brattare enn 7 %.

Kommentar:

Det er gjort vedtak om at humpar skal nyttast ved fotgjengarovergangar i Storgata. På stader der stigninga vert målt til å vere brattare enn 7 % vil vedtaket ikkje kunne gjennomførast.

- Skiltteknisk viser vi til handbok N300 del 2 når forkøyrsvog sluttar eller vert brote i kryss med annan forkøyrsvog.

Kommentar:

Teke til vitande.

Vurdering og konklusjon:

Framlegget til ny skiltplan for del av Volda sentrum som omfattar delar av Storgata, Halkjelsgata og Hamnegata er justert i høve motekne innspel under høyringstida og kan godkjennast slik ho ligg føre.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege

Økonomiske konsekvensar:

Dersom planen vert godkjent vil kostnader med kjøp og montering av nye skilt finansierast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Jarl Martin Møller
kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:
Lensmannen
States vegvesen, Region Midt
Volda Næringsforum

Klageinstans:



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2368	1593/2019	Q84	SVK/ SUNUTN	30.01.2019

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - SKILTPLAN DEL AV VOLDA SENTRUM -
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.**

Vi melder med dette frå at Forvaltningsutvalet den 29.01.19, hadde føre ovannemnde som sak 11/19, der det vart gjort slikt vedtak:

Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.

Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvveg i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Mvh

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Torgeir Stensø	Arkivsak nr.:	2017/2368
		Arkivkode:	Q84

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/19	Forvaltningsutvalet	29.01.2019

REVIDERING AV SKILTPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Handsaming:

Ettersendt dokument:

«Merknad frå Volda Næringsforum til sak PS 11/19 i Forvaltningsutvalet» vart ettersendt møtedagen og delt ut på møtet. Forvaltningsutvalet tok seg tid til å lese dokumentet i møtet.

Sindre Kvangarsnes fremma følgjande:

- 1. Forvaltningsutvalet sender saka i retur til administrasjonen.*
- 2. VNF si målsetting er at Volda sentrum skal utvikle seg til ei sentrumskjerne som gjev rom for næringsliv, bustadutvikling og publikum, basert på gode nærmiljøprinsipp. I dette er neddempa fart, god tilkomst og gode fysiske gatemiljøtiltak heilt avgjerande. Forvaltningsutvalet ønsker å få gjennomført ein samla revisjon der alle dei akutte tiltaka vert aktiverte i ein samla plan. Dette er i trå med klare signala frå politisk miljø og næringslivet.*

Øyvind Festø fremma følgjande:

- 1: skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.*
- 2: fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvveg i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.*

Sindre Kvangarsnes trekte sitt framlegg.

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om gildskap. Han sit i styret i Aafлот Medis Holding AS, som er morselskap til Storgata 7 AS. Han gjekk frå under røystinga om gildskap.

Det var åtte røysteføre.

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjend gild. Han tok sete og det var ni røysteføre.

Idar Flo fremma følgjande:

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom administrasjonen si tilråding og administrasjonen si tilråding med punkt 1 frå Festø sitt framlegg. Administrasjonen si tilråding med punkt 1 frå Festø vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over punkt 2 frå Festø. Punkt 2 i fremlegget frå Festø vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta over framlegget frå Flo. Framlegget frå Flo vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 29.01.2019:

Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.

Skilting knytt til 40-sone vert endra til 30-sone.

Fysiske trafikktryggingstiltak (til dømes oppmerking av overgangsfelt, heva overgangsfelt) for kryssing av forkøyrsvveg i Storgata skal iverksettast samstundes med oppføring av nye skilt.

Administrasjonen blir bedt om å foreslå opplysningsskilt for dei store parkeringsplassane for Volda sentrum frå vest.

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Med bakgrunn i formannskapet si handsaming av sak PS 165/18 og etter innspel frå Volda næringsforum m.fl. vert revidert skiltplan for del av Volda sentrum - datert 03.01.2019 - lagt ut til offentleg ettersyn.**

Vedleggsliste:

Gjeldande skiltplan for Volda sentrum

Framlegg til skiltplan, del av Volda sentrum, datert 03.01.2019

Formannskaps-sak PS 165/18

Volda Næringsforum: Innspel til endring av skiltplan for Volda sentrum – datert 06.12.2018

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det er utarbeidd framlegg til revidert skiltplan for del av Volda sentrum. Planen femnar om området Storgata fram til rundkøyring ved Engesetvegen/Lerkane samt delar av Hamnegata/Sjøgata. I arbeidet med revisjonen – som er utforma på bakgrunn av innspel frå Volda Næringsforum m.fl. - har ein i denne omgang konsentrert seg om påpeika naudsynte strakstiltak i eit avgrensa område.

Det er avdekka behov for vidare arbeid med sikte på ei meir framtidretta og heilskapeleg trafikkskilting i Volda sentrum.

Saksopplysningar/fakta:

Formannskapet har i samband med orienteringssak OS 147/18 teke opp spørsmål om revidering av skiltplan for Volda sentrum. Ordføraren vart gitt fullmakt til å kontakte Volda

Næringsforum for å få innspel til vidare prosess. Volda Næringsforum har som innspel til kommunen (epost den 20.10.2018) bedt om at det vert gjennomført hastetiltak for skilting i Volda sentrum.

VNF har forslått følgjande tiltak:

1. Krysset mot E39 ved Cubus/Det Grøne Tre (Hamnegata/E39)
 - Fjerne innkøyring-forbodeskiltet frå E39
 - Sette opp eit nytt skilt på E39 med forbod mot sving til venstre for trafikk frå retning Ørsta
2. «Vegstumpen» mellom Narvesen/Haavik/Skolsen (Hamnegata):
 - Løyse opp einvegskøyringa (i Hamnegata)
 - Sette opp stoppskilt mot Storgata (krysset Hamnegata/Storgata)
 - Alternativt kan ein gjere tiltak, slik at trafikken flyt meir av seg sjølv rundt Haavik-huset, om ein ikkje får opna opp for trafikk begge vegar

Revisjon av skiltplan

På bakgrunn av initiativ frå kommunen og etter innspel frå Volda Næringsforum m.fl er det gjennomført kartlegging/utgreiing med sikte på å få på plass nye skiltvedtak for einsskild trafikkpunkt i Volda sentrum. Innspela som er mottekne i saka har i hovudsak gått på at det er ønskjeleg å løyse opp restriksjonar på køyreretningar, m.a ved inn- utkøyring på E39 (Sjøgata) ved Det Grøne Treet samt i Hamnegata ved Narvesen/Haavik.

I innspela er det også peika på behovet for å få på plass skiltplan som omfattar heile sentrum – både for kommunale vegar og for delar av E39 Sjøgata/Hamnegata - der ein t.d. ser på om det kan innførast soneregulering av fart og parkering.

Ein har i denne omgang avgrensa revisjonen av skiltplanen til å omfatte dei mest presserande trafikkpunkta som det har vore knytt mykje merksemd til både frå næringsdrivande, publikum samt frå politiet.

For å for å oppnå betre verknad av skiltinga ved dei aktuelle trafikkpunkta har ein funne det fornuftig å foreslå endringar i eit nærliggande område og då i hovudsak Storgata – frå krysset E39 og fram til rundkøyringa ved Engesetvegen/Lerkane.




fig.1. skiltplan - planområde

Det er gjort ei avgrensning i framlegget til revidert skiltplan som omfattar del av Volda sentrum slik som vist på fig.1.

Storgata – forkøyrsvog.

I framlegget til skiltplan legg ein opp til at Storgata kan vere forkøyrsvog frå krysset ved E39/Sjøgata og fram til rundkøyringa nord for sentrum – ei strekning på omlag 400 m. Tiltaket vil medføre at køyrande som skal ut i Storgata frå alle sidevegar på strekningen frå E39 Sjøgata og fram til rundkøyringa vert pålagt vikeplikt.

Ved å gjere dette grepet opprettheld ein trafikktryggleiken i krysset Storgata/Hamnegata (Narvesenhjørnet) sjølv om ein fjernar einvegskøyringa i dette kvartalet.

Skilt som vert fjerna. fig.2.

For å imøtekomme ønskje om eit meir smidig køyremønster og betre trafikkflyt i sentrum er det foreslått å fjerne fleire einvegskøyringar/innkøyring forbode- løysingar. Følgjande skilt er aktuelle for fjerning:

Skilta 302 - *innkøyring forbode* - i krysset ved Cubus/Det Grøne Treet. 2 stk.

Skiltet 302 - *innkøyring forbode* – ved det søraustlege hjørnet av Haavik-bygget.

Skilt 526.2 – *einvegskøyring* – på hjørnet ved Narvesenbygget.

Skilta 302 - *innkøyring forbode* – i krysset Storgata/Halkjelsgata.

Skilt 306.1 – *forbode for motorvogn* – ved kyrkjegardsmuren.

Skilt 202 – *vikeplikt* – ved utkøyringa til Sjøgata - Cubus/Det Grøne Treet. Ikkje behov for dette skiltet på begge sider av vegen.



















fig.2. trafikkskilt som vert fjerna

Nye skilt.

Følgjande nye skilt er lagt inn i planen:

Skiltpunkt	plassering	Skiltnummer/namn	trafikkskilt
1	På sørsida av E39/Sjøgata, ved busslomme	713 – vanleg vegvisar	
2	Storgata, ved avkøyringa frå E39/Sjøgata	206 – forkøyrsvog 362.40 - fartsgrense	
3	Krysset Storgata – Hamnegata	208 – slutt på forkøyrsvog 362.40 – slutt på særskild fartsgrense	
4	Krysset Storgata – Hamnegata (Narvesenhjørnet)	202 - vikeplikt	
5	Krysset Storgata - Vikenesvegen	202 – vikeplikt	
6	Krysset Storgata – Halkjelsgata	202 - vikeplikt	
7	Krysset Storgata – Kyrkjegata	362.40 - fartsgrense	
8	Krysset Storgata – Seljebakken	362.40 - fartsgrense	
9	Krysset Storgata - Kyrkjegata	202 - vikeplikt	
10	Krysset Storgata – Seljebakken	202 - vikeplikt	
11	Krysset Storgata – Stormyra	202 - vikeplikt	
12	Rundkøyringa Storgata/Engesetvegen	208 – slutt på forkøyrsvog 362.40 – slutt på særskild fartsgrense	

13	Krysset Storgata/Doktervegen	202 – vikeplikt	
14	Rundkøyninga Storgata/Engesetvegen	206 – forkøyrsvog 362.40 - fartsgrense	 

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet med revisjon av skiltplan for sentrum har avdekket behov for å gjennomføre tiltak som på kort sikt løser opp i nokre av utfordringane ved einstilte trafikkpunkt som er påpeika av partane i saka. Skiltplanen som er utarbeidd tek omsyn til dette og kan leggast ut til offentleg ettersyn slik at ein m.a kan innhente råd frå Statens vegvesen, politiet m.fl. som grunnlag for endeleg vedtak.

Eg finn grunn til å påpeike at det er behov for vidare arbeid med trafikkskiltplan for heile Volda sentrum.

Helse og miljøkonsekvensar:

Avgrensa

Økonomiske konsekvensar:


Dersom planen vert godkjent vil kostnader til oppsetting av nye skilt måtte finansierast.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Skiltoversikt		
Skilt-teikning	Skiltnr.	Tal
	302	6
	372	2
	306.1	0
	516	21
	522	0
	526.1	0
	526.2	3
	552	17
	807.8	4
	808	1
	808	0
	808	0
	828.1	2
	828.2	0
	828.2	0
	828.2	0
	834	12
	834	0
	808	0
	713	3
	376.1	0
	378.1	0
	376.2	0
	378.2	1
	834	0
	834	1
	330.2	0
	202	10
	206	2
	208	2
	362.30	4
	364.30	2
	713	2



POLITIET

Volda kommune
Stormyra 2,
6100 Volda

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:
2017/2368 1652/2019

Vår referanse:
201900073-8 323

Stad, Dato
Ørsta, 13.02.2019

OFFENTLEG ETTERSYN - SKILTPLAN FOR DEL AV VOLDA SENTRUM

Eg syner til skiltplanframlegg og støttar framlegget.

Eg har teke del i møte der planframlegget har vore diskutert.

Med helsing


Guttorm Hagen

Lensmann i Indre Sunnmøre



MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 Ålesund
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Tlf.: 70118700
Faks: 70118702

Org. nr.: 974764113
www.politi.no



VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Volda kommune Skiltplan for del av Volda sentrum Offentleg ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi

STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE



NOTAT

Interne mottakarar:
Utvikling Torgeir Stensø

Sak: Revidering av skiltplan for Volda sentrum

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2368	2570/2019	Q84	SVK/SUNUTN	18.02.2019

SVAR PÅ ELDRERÅDET PÅ HØYRING VEDRØRANDE SKILTPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Eldrerådet i Volda kommune hadde sak om «Revidering av skiltplan i Volda sentrum» som PS 4/19 og gjorde slikt vedtak:

Volda Eldreråd vil be om at kommunen i samarbeid med Statens Vegvesen arbeidar for sikrere kryssing av E39, t.d. ved oppheva gangfelt ved ferjekaia og ved Naustet grill.

Med helsing

Sunniva Utnes
Konsulent



NOTAT

Interne mottakarar:
Utvikling Torgeir Stensø

Sak: Revidering av skiltplan for Volda sentrum

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/2368	2572/2019	Q84	SVK/SUNUTN	18.02.2019

SVAR FRÅ RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE PÅ HØYRING VEDRØRANDE SKILTPLAN FOR VOLDA SENTRUM

Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne i Volda kommune hadde sak om «Revidering av skiltplan i Volda sentrum» som PS 4/19 og gjorde slikt vedtak:

FUNK støttar framlegg til skiltplan med følgjande merknadar:

- ***Lysregulert fotgjengar-overgang på E-39 ved ferja.***
- ***Heva skilt for HC-parkering.***
- ***Tydlegare merka/heva overgangsfelt på E-39.***
- ***Sikre tydlegare overgangsfelt ved SkoOlsen, anten ved fortrinnsvis merka og heva overgangsfelt, eller fysisk stenging.***

Med helsing


Sunniva Utnes
Konsulent

Kommentar til «Skiltplan – del av Volda sentrum»

Viser til Volda formannskap sitt vedtak om offentlig ettersyn av revidert skiltplan for del av Volda sentrum, 29.01.19.

I følge kart lagt ut på Volda kommune sine sider ang. ny trafikkskilting har vi følgende innspel til den reviderte skiltplanen:

1. For oss som driv med utleige til næring/leilegheiter i Volda sentrum og for mjuke trafikantar som skal ferdast i Volda sentrum, er det svært viktig at det vert 30 sone i Storgata, slik det er føreslått i planen. I tillegg er det viktig at det vert 30 km/t i heile området som no vert revidert. I følge graf henta frå Statens vegvesen sine sider, aukar sjansen for dødeleg utfall i trafikkulukker mellom mjuk trafikant/bil frå om lag 5 % til opp mot 90%, om ein aukar farta frå 30 til 50 km/t. I kommunen si fartsregistrering i Storgata viste gjennomsnittsfarta 42 km/t. Dette i eit område der både mjuke trafikantar og bilar skal ferdast, er det uforsvarleg å opne for fart høggre enn 30 km/t. Det same gjeld for heile Volda sentrum, og heile området som no vert lagt fram for revisjon.



Figur som viser fart i påkjørselsøyeblikket og sannsynligheten for at fotgjengeren skal bli dødelig skadet (Kilde: Interdisciplinary Working Group for Accident Mechanics (1986, Walz et al. (1983), Swedish Ministry of Transport (2002))

2. Parkeringsinformasjonen som er sett opp på veggen hos Storgata 5 må kome klarare fram, og dermed må det vere parkeringsskilt på vestsida av Storgata/sørsida av krysset Storgata/Seljebakken – Kyrkjegata. Når ein ser på kor viktig parkeringsplassar er for sentrumsområdet, er det også viktig å skilte desse på ein synleg måte.

3. I krysset Stormyra/Storgata manglar det eit 30 km/t skilt.
4. Er skiltet 364.30 som er på austsida av Storgata ved rundkøyinga nødvendig?
5. Sjølv om Lensmann Smithsgt ikkje er med i skiltplanen, må det skiltast med 30 km/t i sørenden av denne gata. Området der er trangt og det er uforsvarleg at fartsgrensa i gata skal vere 50 km/t. Trass i at Smithsgt ikkje er med i skiltplanen, tillet vi oss likevel å peike på at det hadde vore betre å sette opp 30 km/t skiltet i krysset Smithsgt/Seljebakken.
6. Det må skiltast med 30 km/t i krysset Sjøgata/Hamnegata/Cubus, som gjeld trafikk som skal inn i området ved Sivert Aarflot-plassen. Vi går ut frå at alle ser det er uforsvarleg å ha 50 km/t i dette området.
7. Halkjelsgata: Vi ser at denne er skilta med innkøying forbode ved Cubus sitt nord-vestre hjørne. Desse må fjernast til fordel for å opne gata for trafikk begge vegar. I og med at det er forbode å parkere i Halkjelsgata på sterkinga Sivert Aarflot-plassen og Kyrkjegata, går det an å ha trafikk begge vegar når fartsgrensa er låg.
8. Fartsgrense ein viktig faktor for siktliner. Dermed vert fartsgrensene avgjerande for kor mykje sentrumseigedomar ska kunne utnyttast og korleis utkøyinga frå same eigedomane vert. Om ein ser på fartsgrense med tanke på utbygging, er det viktig med lågast mogleg fartsgrense for best utnytting av sentrumsområde. Om Volda ønskjer utvikling av bygningsmassen i sentrum når det gjeld volum og høgde, så er det viktig at fartsgrensa vert sett til 30 km/t.

Volda 25/2 2019

Mvh

Storgata 7 As

Tonje Marie Nupen Aarflot, Anders Nupen og Tore Aarflot

Storgata 7 AS

Storgata 7

6100 Volda

Ola A. Rangsæter
Nordalsvegen 13
6102 VOLDA
olarang@gmail.com



VOLDA KOMMUNE

HØYRINGSINNSPEL – SKILTPLAN DEL AV VOLDA SENTRUM, FEBRUAR 2019

Med bakgrunn i at eg deltok i arbeidet med førre skiltplan for området, både i dåverande Teknikk- og Miljøutvalet (TMU) og seinare periode i forvaltningsstyret, samt ut frå trafikk og samferdsle som både interesse og yrke, vil eg kome med primært og alternativt framlegg og åtvaring for eitt av planpunkta, og elles nokre synspunkt på planframlegget.

Eit sentrum som har gjennomfartsveg/stamveg felles med sitt lokalvegssystem, har eit stort ansvar for å tilpasse reguleringar og planar ut frå at den overordna trafikken må takast særleg omsyn til.

E39 er ei viktig gjennomfartsåre, og Sjøgata/Hamnegata er både vertskap for stamvegen, og ei viktig hovudåre for lokaltrafikken til og frå sjukehus, høgskule, og for kollektivtrafikk. Ein må legge opp til så lite konflikt mellom gjennomfartstrafikk og lokaltrafikk inn/ut av E39 som råd.

A) KRYSSET VED «DET GRØNE TREET»

Den endringa som ligg i planframlegget, med mest konfliktpotensiale, er dersom innkøyring forbode frå Sjøgata/E39 inn mot Hamnegata/Det Grøne Treet vert fjerna.

Her vil trafikken hope seg opp bakover på E39 frå vest, når bil i Sjøgata vestfrå vert ståande ved dette krysset og vente grunna motgåande trafikk, og ofte også grunna køyretøy i krysset, som skal svinge inn på E39 austover og med dårleg plassering hindrar innkøyring frå E39. Dette vil verte ei trafikalt svært alvorleg endring til det negative i sentrums- og gjennomfartstrafikken i Volda!

Stillestående/ventande trafikk er negativt på fleire måtar;

- plasskrevjande
- tidkrevjande
- lite miljøvenleg

Til fleire kryssingspunkt over midtlina i vegen, til meir stillestående og ventande biltrafikk vil det verte, når kryssande trafikk står og ventar på klar bane. Slik sett skulle det ideelt sett ikkje vore kryss på E39 Ørstavegen/Sjøgata/Hamnegata/Holmen/Prestegata, men ein må sjølsagt vere pragmatiske og finne kompromissløyningar.

Framkomelegheita er viktig, og eg reknar med at det kan kome innspel til planen om dette frå

- Helse Møre og Romsdal/Volda sjukehus eller ambulansetenesta, ang. ambulanse
- Volda Brannvern, ang. brannvernet sine utrykkingskøyretøy
- Politiet, ang. utrykkingskøyretøy og trafiksikkerheit

- FRAM/Møre og Romsdal Fylkeskommune eller Nettbuss, ang. kollektivtrafikk
- Statens vegvesen (SVV), ang. gjennomfartstrafikk og punkta ovanfor

1) PRIMÆRT FRAMLEGG TIL LØYSING VED KRYSSET E39/SJØGATA-HAMNEGATA/DET GRØNE TREET OG CUBUS:

«Innkøyring forbode i krysset ved E39/Sjøgata-Hamnegata ved «Det grønne treet» frå begge retningar, vert oppretthalde som i eksisterande skiltplan.» Dersom det er skiltteknisk mogleg, bør forbodet også forsterkast ved å setje opp skilt 330.2 venstresving forbode på E39 vestfrå før krysset.

- Skilting til parkeringsplassane og sentrum frå krysset E39/Sjøgata-Storgata
- Færre einvegskøyningar internt i sentrumskjernen i planområdet

vil gjere at behovet for opning av «Det grønne treet»-krysset fell vekk. Trafikk retning frå Ørsta og ferjekaia vil naturleg velje den skilta innkøyringa mot p-plassar og sentrum inn i Storgata, då i eit kryss som er mykje betre dimensjonert for trafikk i 6 alternative kryssretningar.

Eit anna viktig moment i plansamanheng er at SVV truleg ikkje vil godkjenne oppheving av innkøyring forbode i dette krysset. I alle høve var dette punktet ei av årsakene til at arbeidet med, og godkjenning av, eksisterande skiltplan drygde over fleire valperiodar før godkjenning vart gjort. SVV ønskte den gong også primært å stengje innkøyring frå Holmen mot Spinneriet – og hugs at dette endåtil var før Sjøgata-Hamnegata-Holmen osv. hadde fått status som E39!

2) ALTERNATIVT FRAMLEGG TIL LØYSING VED KRYSSET E39/SJØGATA-HAMNEGATA/DET GRØNE TREET OG CUBUS:

«Forbodsskilt mot sving til venstre (skilt 330.2) vert sett opp vestfrå før krysset E39/Sjøgata-Hamnegata ved «Det grønne treet» dersom innkøyring forbode vert oppheva i krysset.»

- Dette vil vere ei klart dårlegare praktisk-trafikal løysing enn å oppretthalde innkøyring forbode frå E39 i begge retningar
- Det vil truleg verte mindre respekt for forbodet mot sving til venstre vestfrå, dersom ein opnar for innkøyring i krysset frå aust
- Sjøl med berre innkøyring frå aust, vil det kunne verte opphopning austover på E39. Dette sidan det trange krysset fort vert blokkert for innkøyring, av dårleg plasserte bilar som ventar på utkøyring til E39
- Å opne problemkrysset austfrå er det heller ikkje stort behov for, sidan ein kan svinge av frå Hamnegata på den einvegskøyrde vegbana i framkant av Lothe/Hoggen/Ottesen-bygget, og halde fram ut Hamnegata eller Sivert Aarflot-plassen

For å få godkjent framlagde plan - som har mykje godt innhald - utan protestar og tidstap framover, vonar eg at det frå administrativt og politisk hald i kommunen vert lagt vekk å gjere endringar av innkøyringsforbodet i problemkrysset ved «Det grønne treet»!

B) FORKØYRSVEG I STORGATA

Dette er eit svært naudsynt, og godt trafikalt grep for Volda sentrum!

- Gjerne også skilting til Volda vg.skule i krysset Sjøgata-Storgata
- Vil kunne avlaste dei overbelasta kryssa mot Coop/Mylnå, Spinneriet, og krysset mot Industrigata ved Øyrabrua, ved at fleire køyrer vestre leia opp gjennom sentrum

- Tiltaket forkøyrsvog kunne gjerne halde fram vidare opp Engesetvegen-Kårstadvegen-Systervegen-Sjukehusvegen til rundkøyringa i sjukehuskrysset, då ville ein få ein trafikalt logisk ringveg-struktur kring sentrumskjernen i Volda (vidare planområde seinare?)
- Dette gode tiltaket med trafikkflyt i nedre delar av Storgata, understrekar etter mitt syn kor gale ei oppheving av innkøyring forbode er i problemkrysset ved «Det grønne treet»

C) FRAMLEGG TIL FLYTTING AV SKILT, HAMNEGATA YTRE DEL

Skiltet med innkøyring forbode (302) som er plassert ved nordvestre hjørne av Vikinghuset, bør flyttast til spissen av kantsteinøya/i vestre enden av skråparkering oppom Vikinghuset, slik at bilar frå parkeringsplassen ved fontena kan køyre lovleg opp i nedre enden av Smiths gate, anten for å køyre opp Smiths gate til Seljebakken, eller inn indre del av Vikenesvegen til Storgata.

- Tiltaket vil gjere det mogleg for parkerande ved fontena å køyre austover i sentrum, utan å måtte køyre inn på E39
- Trafikktryggingmessig vil det vere positivt å minske trafikken i krysset mellom ytre del av Hamnegata og E39 Ørstavegen/Sjøgata
- Skråparkerande oppom Vikinghuset kan i dag svinge opp i Smiths gate/Vikenesvegen, så om dei som kjem frå p-plassen vest om bygget også kan køyre slik lovleg, vil det ikkje verte stor ekstra belastning på desse gatene
- Med dårlege siktliner i krysset ytre Hamnegata/E39, vil dette vere eit godt trafikksikkerheitsmessig grep i høve potensiell konflikt lokaltrafikk-gjennomfartstrafikk

Vonleg vil de ha forståing for dei argument og framlegg eg har sett fram i temapunkta ovanfor, og tek desse til følgje i det vidare arbeid og vedtak i skiltplansaka. Vi har alle ulike utgangspunkt og innfallsvinklar til trafikksaker, men mine synspunkt er basert utelukkande på vurderingar av trafikal framkomelegheit og sikkerheit, med blick også på det nærings- og miljømessige.

Dei øvrige endringane i sentrumsgatene i planområdet, ser eg ingen problem med. Planområdet vil verte meir tilgjengeleg og lettøyrt med desse endringane. Ei redusering av fartsgrensa til 30 km/t vil vere naturleg i sentrumsgater, det er flyten i trafikken som er det avgjerande med omsyn til tidsbruk og framkomelegheit! Men oppheving av innkøyringsforbod i problemkrysset ved «Det grønne treet», vil kunne skape problem i planprosessen, og vil definitivt vere eit stort trafikalt feilgrep!

Lukke til med gjennomføring av skiltplanprosessen.

Volda, 24. februar 2019

Med beste helsing

Ola A. Rangsæter

Volda Næringsforum
Storgata 8
6100 Volda

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 25.02.2019

FRAMLEGG TIL SKILTPLAN FOR DEL AV SENTRUM - OFFENTLEG ETTERSYN MERKNAD / INNSPEL

Vi har tidlegare gjeve konkret oppsummert innspel til saka ved vårt brev av 6.12.2018.

I Forvaltningsutvalet sitt vedtak av 29.1.2019 går det fram at saka særskilt tek utgangspunkt i innspel frå Volda Næringsforum (VNF), i denne saka i praksis frå næringsaktørane i sentrum.

Vi er difor uroa over at Volda kommune ikkje synest å ta omsyn til vesentlege moment vi etter ein grundig prosess gjer greie for i vårt brev av 6.12.2018.

Vi kjem her med merknad til det konkrete planframlegget, og innspel vil vidare prosess knytt til skiltplan for resten av sentrumskjernen.

Merknad til planframlegget:

Planframlegget syner på ein god måte retninga på korleis ein må løyse dei trafikkale utfordringane i sentrumskjernen generelt og planområdet spesielt. Vi oppfattar intensjonen bak framlegget slik:

1. Det vert lagt opp til fartsgrense 30 km/t i heile planområdet med unntak av E39. Avviket frå konsekvent og nødvendig løysing ser ut til å vere at det er skissert 50 km/t i heile eller del av Hamnegata.
2. Parkering med maks p-tid 2 timar i heile området med unntak av særskilt skilta plassar.
3. Oppmjuking av køyremønster ved fjerning av innkøyringsforbod og einvegskøyringar

Dette er sær positive tiltak som er i samsvar med dei prinsippa som vi også meiner må leggest til grunn i resten av sentrumskjernen.

Av omsyn til at Volda sentrum må framstå inviterande og oversiktleg, vil vi likevel sterkt tilrå at punkta 1. og 2. over vert etablert ved soneskilting (30 km/t) ved innkøyring til planområdet. Dette vil i vesentleg grad dempe inntrykket av sentrum som ein skiltjungel, og mjuke opp opplevinga av sentrum. Døme på velfungerande tettstadar som byggjer på dette er Sogndal.

I skiltframlegget har det nokre plassar oppstått utfordringar i høve fartsgrense som følge av manglande innplassert skilt 362.30 (30 km/t), t.d. ved utkøyring frå Stormyra og Seljebakken til Storgata. Også dette vil løyse seg på ein god måte ved å etablere soneskilting.

Når det no vart slik at kommunen valde å ikkje ta omsyn til heilt vesentlege moment i vårt innspel av 6.12.18, vil vi likevel peike på at det er nødvendig at planframlegget vert slutthandsama og iverksett no. Prosess for resten av sentrumskjernen kjem vi inn på i punktet under.

Innspel til vidare arbeid:

Vi ser at administrasjonen i saksutgreiinga peikar på at «*det er behov for vidare arbeid med trafikkskiltplan for heile Volda sentrum.*»

Vi gjev vår fulle tilslutning til denne vurderinga, og vil legge til at dette behovet er særskildt prekært. Vi syner utfyllande til vårt brev av 6.12.2018.

Vi vil avslutningsvis igjen sterkt understreke at noverande skilting og trafikalsituasjon i sentrumskjernen i vesentleg grad påverkar sentrumskjernen negativt. Vi vil difor gjerne medverke konkret for å påskynde vidare skiltplanprosess for resten av sentrum.

Vi vil difor gjerne ha dialog med Rådmannen om det vidare arbeidet i forkant av administrativ og politisk handsaming av planen, og denne merknaden tek utgangspunkt i at vi får dette til.

Vennleg helsing
Volda Næringsforum



Mette Ryste
Styreleiar

Jan Heltne – sign.
Næringspolitisk gruppe

John Abr. Nymark – sign.
Handelsgruppe



Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Elisabeth Mansfield / 48286101

Vår referanse:
18/22446-5

Dykkar referanse:
2017/2368

Vår dato:
05.03.2019

Svar vedk. offentlig ettersyn – skiltplan for Volda sentrum

Viser til skiltplan, for ytre del av Volda sentrum, datert 29.01.2019.

Statens vegvesen har disse merknadane til skiltplanen:

1. Å fjerne skilta innkøyring forbode i krysset ved Cubus/Det Grøne Treet har vi ingenting imot, men kommunen bør vurdere eit venstresvingforbod på E39. Eit fåtal og tydelege definerte vegkryss vil bidra til ei effektiv og oversikteleg trafikkavvikling på E39 gjennom Volda sentrum.
2. Visningsskiltinga i krysset E39/Storgata må utformast slik at skiltinga ikkje blir sikthindrande samtidig som skilta skal vere med på å definere krysset som ei hovudavkøyring frå E39 til indre sentrum.
3. Å skilte Storgata som forkøyrsvog er fornuftig, då ein slik regulering vil skape tydelege tilhøve kring vikeplikt i kryssa. Elles ber vi om at kommunen tenkjer nøye gjennom om ein skal skilte Storgata med særskilt fartsgrense 30 km/t. Kva med fartsgrensa i sidegatene? Kan det bli aktuelt å skilte sidegatene med fartsgrensesone 30 km/t?
4. Kommunen ønskjer å kombinere fartsgrense 30 km/t med humpar, som er anbefalt ved bruk av fartsgrenser 30 og 40 km/t. Vi minner om at humpar på samle- og hovudveggar ikkje bør etablerast der stigninga er brattare enn 7 %.
5. Skiltteknisk viser vi til handbok N300 del 2 når forkøyrsvog sluttar eller vert brote i kryss med annan forkøyrsvog.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen ber om at skiltplanen blir vurdert på nytt og justert i samsvar med våre merknader.

Med helsing

Elisabeth Mansfield

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Referat

møte mellom Volda Næringsforum og Volda kommune

Dato: 12.03.2019
Tid: kl 12:15 - 13:40
Stad: Volda rådhus

Tilstades:

Volda Næringsforum: Mette Ryste, Jan Heltne, Eiliv Halkjelsvik,
Roar Vikene
Volda kommune: Edvin Løfoll, Torgeir Stensø

Det vart orientert om status på arbeidet med skiltplan for del av Volda sentrum der det er gjennomført offentlig ettersyn - frist for innspel var sett til 25.02.2019. Kommunen har motteke nokre merknadar til planframlegget og planen vil no verte oppdatert i høve desse og lagt fram for forvaltningsutvalet til endeleg handsaming/godkjenning. Når planen er godkjent kan skiltmontering iverksettast.

Volda Næringsforum har kome med fleire innspel til saka, jf. brev datert 29.01.2019 og 25.02.2019 .

I breva vert det m.a. sett fram ønskje om etablering av soneskilting (30 km/t) i større delar av sentrum.

Oppdraget som var gitt i høve dette skiltplanarbeidet var avgrensa til å omfatte dei mest presserande trafikkale utfordringane knytt til skilting i sentrumsområdet, som t.d. inn- og utkøyning på E39 ved «Det Grøne Treet» samt einvegskøyningar kring Haavik-bygget. Det er vidare foreslått etablering av forkøyrsvog med nedsett fartsgrense i Storgata og meir markert skilting til sentrum frå E39 i Storgatekrysset.

Styret i Volda Næringsforum og representantane for Volda kommune er samde om at soneskilting med fartsgrense i indre sentrum er vegen å gå for framtida, men at dette må løysast ved utarbeiding av ein samla skiltplan som omfattar heile sentrumskjernen.

Volda Næringsforum sluttar seg elles til skiltplanframlegget slik det no er utforma og ønskjer skilta montert snarast råd etter at plangodkjenning i forvaltningsutvalet er gjort.

Volda Næringsforum vil vere ein pådrivar for at skiltplan som omfattar heile sentrum kjem på plass raskt og at midlar/resursar til dette vert avsett. Det er aktuelt med eit samarbeid om finansiering av dette.

Vidare arbeid med sentrumsutvikling

Deltakarane på møtet er samde om å møtast til dialog om vidare arbeid med sentrumsprosjektet «Mellom bygningane i Volda» der temaet skal vere korleis næringsliv og kommune kan få på plass eit handlekraftig samarbeid kring dette viktige utviklingsarbeidet. Kommunen vil invitere til møte om dette.

Volda 12.03.2019

Torgeir Stensø
prosjektleder/ref.

PS 26/19 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 6/19 Indeksregulering av tilskot for veterinærvakt 2019 - Delegert vedtak frå Landbrukskontoret

**MELDING OM DELEGERT VEDTAK**

Sakshandsamar:	Liv Bente Viddal	Arkivsak nr:	2014/574
Delegert sak nr:	1/19	Arkiv:	027
		Vedtaksdato:	01.03.2019

ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6**Saka gjeld: INDEKSREGULERING AV TILSKOT FOR VETERINÆRVAKT 2019**

Eg syner til avtale om driftstilskot, inngått 2002, som seier at det skal betalast ut kr 90 000.- til kvar av veterinærane Arve Kiperberg, Olav Hauso og Per N Navelsaker. Utbetaling skal finne stad per 20.3 og 20.9 kvart år. Ørsta kommune dekkjer 60% av kostnaden, medan Volda kommune dekkjer 40%.

Tilskotet skal regulerast etter konsumprisindeksen per 1.1. kvart år. Totalindeksen frå januar 2018 – januar 2019 auka med 3,1 %.

Tilskotet for 2018 var på kr 123 908. Nytt tilskot vert såleis $kr\ 123\ 908 \times 1,031 = 127\ 749$.

Per 20.3. 2019 skal det betalast ut kr 127 749 : 2 = 63 874,50

Per 20.9. 2019 skal det betalast ut kr 127 749 : 2 = 63 874,50

Ørsta kommune føreset at mottakarane av tilskotet melder frå dersom det oppstår endringar som vil påverke tilskotet.

Pga. kommunesamanslåing Volda og Hornindal er avtalen oppsagt og skal reforhandlast i løpet av 2019, slik det er varsla i brev datert 17.12.18.

Utskrift:

Arve Kiperberg	Røysbakken 28	6100	Volda
Olav Hauso	Lønnevegen 7	6102	Volda
Per Navelsaker	Kilura 1	6770	Nordfjordeid

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



FORVENTNINGSBREV 2019

til kommunane i Møre og Romsdal

Innhald

1	Utfordringsbildet	2
2	Overordna prioriteringar	4
2.1	Overordna samfunnsutvikling	4
2.2	Klima	4
2.3	Berekraftige kommunar	4
2.4	Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om barn og unge	4
2.5	Folkevaldopplæring – god dialog om utfordringsbilde	4
2.6	Samfunnstryggleik – Innbyggjarane sin eigenberedskap	5
2.7	Møre og Romsdal 2025	5
3	Konkrete oppdrag	5
3.1	Oppvekst og utdanning	5
3.2	Rettstryggleik og beredskap	6
3.3	Klima og miljø	7
3.4	Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel	8
3.5	Plansamordning og kommunal planlegging	8
3.6	Landbruk	9
3.7	Helse og omsorg	10
3.8	Barn og unge	11
4	Oppsummering	12



1 Utfordringsbildet

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Dette gir store utfordringar på ulike samfunnsområde både internasjonalt, nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Demografi. I åra framover blir det nødvendig å bygge eit velferdssamfunn som kan bære ei aldrande befolkning. Talet på personar i arbeidsfør alder per person over 80 år vil bli redusert frå 15 i 2017 til 10 i 2030. Dei siste fem åra har den demografiske utviklinga gjort at det i snitt har kosta i underkant av 2,5 mrd. kroner ekstra i året å oppretthalde same standard og dekningsgrad i tenestetilbodet frå det eine året til det neste. Berekningar for 10 år fram i tid viser at det årleg vil koste rundt det dobbelte. Det er då for eksempel lagt til grunn at ein 90-åring er like pleietrengande om ti år som i dag. Endringane i demografi og befolkningsammansetning vil slå ulikt ut i kommune-Noreg.

Levekår. Trass gode levekår i Norge i dag, har kommunane likevel utfordringar i å gi alle gode oppvekst- og levekår. Folkehelsearbeidet er grunnmuren i ein kommune for å gi alle barn og unge ein god start i livet gjennom barnehage, læring, utdanning, fritidstilbod og meistring. Det er eit mål at kommunane skal legge til rette for gode leveår for innbyggjarane sine og å utjamne sosial ulikskap. Regjeringa legg i 2019 fram ei ny stortingsmelding om folkehelsepolitikken som del av det systematiske folkehelsearbeidet, samt ein ny opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse.

Sentralisering/urbanisering. Til tross for ein aktiv distriktpolitikk har det i dei seinare åra vore ei sterk sentralisering i Norge. Livet i byane og på landsbygda er forskjellig, og mange unge ønsker ein urban livsstil. Dei større sentra/byane veks mest – og mange mindre kommunar får ei stadig eldre befolkning, dette gjeld også i Møre og Romsdal.

Omstilling og endring. Fleire kommunar og offentlege verksemder tenker nytt og arbeider godt med innovasjon. Samstundes peikar Meld. St. 29 (2016–2017) [Perspektivmeldinga 2017](#) på behov for ei meir effektivisering av offentleg sektor. Arbeidet med innovasjon og spreining av innovasjon må derfor prioriterast, og ein må arbeide systematisk for å få til den omstillingstakta som det offentlege treng framover.

Reformer i offentleg sektor. Regjeringa har gjennomført fleire reformer, blant anna kommune- og regionreforma. Frå 1.1. 2020 vil 119 kommunar bli slått saman til 47 nye kommunar. Kommunereforma har så langt gitt færre kommunar, men likevel vil om lag halvparten av kommunane ha færre enn 5 000 innbyggjarar, og fleire enn 120 kommunar vil ha færre enn 3 000 innbyggjarar. Mange av desse kommunane vil vere sårbare i møtet med dei utfordringane sektoren står framfor. I Møre og Romsdal har vi etter kommunereforma fått redusert talet på kommunar frå 36 til 26.

Kapasitet og kompetanse. Det er store forskjellar mellom kommunane når det gjeld kapasitet og kompetanse til å levere gode velferdstenester, og desse forskjellane vil stadig bli større. Rekruttering av arbeidskraft vil vere ei utfordring for mange kommunar. Andre kommunar vil få ei sterk befolkningsvekst og må kunne handtere store investeringskostnader og krav om rask utbygging av det kommunale tenestetilbodet.



Heilskapleg samfunnsutvikling, berekraftig utvikling og strategisk planlegging.

Mangelen på kapasitet og kompetanse og oppdaterte planar er uheldig fordi samfunns- og arealplanlegging er nødvendig som grunnlag for nærings- og samfunnsutvikling.

Samfunnsplanlegginga blir meir heilskapleg og berekraftig når ein ser større areal og fleire innbyggjarar i samanheng. I vekstkommunar rundt byane vil tettstadsgrenser og pendlingssonar i aukande grad gå på tvers av kommunegrenser. Dette gjer det utfordrande å planlegge og gjennomføre tiltak for betre kommunikasjon, infrastruktur, næringsområde og tenestetilbod.

Digitalisering. Digital deltaking og kompetanse blant innbyggjarane er ein viktig føresetnad for å oppnå verdiskaping og vekst i samfunnet generelt. Norge er langt framme når det gjeld innbyggjarane sin tilgang til og bruk av IKT. Det økonomisk handlingsrommet vil presse fram meire effektive løysningar i kommunesektoren. Offentleg sektor må forenklast og effektiviserast, og arbeidet med innovasjon er viktig. Ny teknologi kan bidra til ein enklare kvardag for folk flest, næringsdrivande og offentleg tilsette, og er avgjerande for å sikre velferd i åra framover.

Samfunnstryggleik og beredskap. Dei to hendingane DSB meiner utgjør størst risiko blant befolkninga er pandemi og legemiddelmangel. Digitale angrep mot kritisk infrastruktur er ei anna type hending med svært alvorlege konsekvensar, eksempelvis angrep mot tele- og datanett og mot finanssektoren. Naturhendingar som jordskjelv, kvikkleireskred, fjellskred, flaum og storm er også analysert i Krisescenarier 2019. Den mest nærliggande utfordringa er auka nedbør og nedbørintensitet, og dermed auka fare for flaum og skred. Mange lokalsamfunn, også i Møre og Romsdal, har dei siste åra fått omfattande skader på grunn av styrtregn og plutseleg flaum i mindre vassdrag. I framtida må vi rekne med at flaum kjem oftare og med større styrke enn i dag. DSB tilrår at kommunane i større grad enn i dag tar omsyn til auka nedbør, og fare for flaum og skred i arealplanlegginga.

Klimatilpassing, grønt skifte. Dei globale klima- og miljøutfordringane krev omstilling til eit samfunn der vekst og utvikling skjer innan naturen si eiga tålegrense. Det må skje ein overgang til produkt og tenester som gir mindre negative konsekvensar for klima og miljø enn i dag. Samfunnet må igjennom eit grønt skifte. I sum er målet ein endra økonomisk dynamikk eller vekstkraft, ein "ny økonomi", som i seg sjølv er innretta på løysingar som gir låge klimagassutslepp, og reduserer behovet for etterfølgande avbøtande miljøtiltak.

Økonomiske utfordringar. Lågare vekst i bruken av oljeinntektene vil gi mindre økonomisk handlingsrom. Redusert inntektsvekst og auka utgifter som følge av aldring i befolkninga vil sette kommunesektoren sitt handlingsrom under press. Kommunane sine utgifter til velferdstenester aukar som følge av fleire tenestemottakarar, betre tilbod og nye krav frå innbyggjarane. Handlingsrommet i økonomien framover er forventa å bli klart mindre enn det som har vært tilfelle dei siste tiåra.

Samordning, samhandling, samskaping. For å løyse utfordringar knytt til ulike samfunnsområde vil det i sterkare grad enn tidlegare krevje samordning og samarbeid mellom fleire sektorar og på tvers av fagområde. Også i [Fylkesmannens strategiplan 2017-2020](#) er samordningsperspektivet vektlagt gjennom eigne tverrfagleg satsingsområde.



2 Overordna prioriteringar

Fylkesmannen skal aktivt bidra til betre regional samordning og samarbeid om innsats og tiltak på ulike samfunnsområde, for å understøtte kommunane sitt arbeid. God måloppnåing på fleire av områda i Fylkesmannen sin oppgåveportefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom fleire sektorar.

2.1 Overordna samfunnsutvikling

Samfunnsutviklinga og arealbruken må bli meir berekraftig, samtidig som verdiskapinga skal auke. Det er ei utfordring å oppnå ei balansert utvikling med attraktive og velfungerande byar og distrikt. Det er viktig å ivareta heilskap og effektivitet i samfunnsplanlegginga gjennom å sjå fleire sektorar i samanheng. Fylkesmannen si samordningsrolle er sentral og skal i 2019 bidra til å identifisere tiltak for meir effektive planprosessar og betre plankvalitet.

2.2 Klima

Klimaendringane truar vårt eksistensgrunnlag og er ei av de største utfordringane vi står overfor.

Arbeidet for å bidra til reduserte klimagassutslepp i fylket, skal prioriterast. Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemidla for å redusere klimagassutslepp frå transportsektoren. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet blir forbetra på, og blir tilpassa eit klima i endring.

2.3 Berekraftige kommunar

Å oppfylle nasjonale krav og forventningar er avhengig av at kommunar har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Mange av fylket sine kommunar har små organisasjonar og store utfordringar med å ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å dekke opp alle fagområda. Større kommunar og ein meir einsarta og framtidretta kommunestruktur er ein føresetnad for sterke velferdskommunar som kan gi gode og likeverdige tenester og drive aktiv og heilskapleg samfunnsutvikling no og i framtida. Stortinget har slått fast at det også vidare framover er behov for endringar i kommunestrukturen.

2.4 Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid om barn og unge

Fylkesmannen skal vere pådrivar for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og deira familiar. Fylkesmannen si samordningsrolle er sentral i dette arbeidet. Fylkesmannen skal aktivt bidra til betre regional samordning og samarbeid om innsatsar og tiltak som er retta mot denne målgruppa, for å understøtte kommunane sitt arbeid. Gjennom støtte og rettleiing til kommunane, skal Fylkesmannen bidra til eit samordna tenestetilbod innan fagområda barnehage, grunnopplæring, barnevern, helse, sosiale tenester og arbeidsliv i kommunane. Fylkesmannen vil i 2019 ha eit særskilt fokus på vald i nære relasjonar.

2.5 Folkevaldopplæring – god dialog om utfordringsbilde

Etter valet hausten 2019 er det særleg viktig for Fylkesmannen å ha ein god dialog med dei nye kommunestyra om Fylkesmannen sitt forhold til kommunane, samhandlinga mellom kommunane og Fylkesmannen, og utfordringsbildet for den enkelte kommune. Dette vil kunne legge til rette for gjensidig å forstå kvarandre sitt arbeid, og halde god kontakt og oppfølging gjennom heile valperioden. Ny [kommunelov](#) blei vedtatt i Stortinget i juni 2018.



2.6 Samfunnstryggleik – Innbyggjarane sin eigenberedskap

Fylkesmannen skal samordne og legge til rette for gode arenaer for samarbeid om samfunnstryggleik i fylket. Dette blir gjort gjennom informasjonsutveksling, felles plan- og kunnskapsgrunnlag om risiko og sårbarheitsutfordringar i fylket, og samarbeid om tiltak for å forebygge, styrke beredskap og krisehandteringsevna. I dette ligg også ei vidareutvikling av totalforsvaret, og det sivil-militære samarbeidet regionalt.

2.7 Møre og Romsdal 2025

Møre og Romsdal fylkeskommune er prosjekteigar og Fylkesmannen deltek i prosjektet Møre og Romsdal 2025, og ønsker at kommunane aktivt deltek i å operasjonalisera målsettingane i prosjektet i 2019 og framover. Det overordna målet er at Møre og Romsdal skal vere ein tydelegare og sterkare region i det nye regionlandskapet. Målsettinga er at offentleg sektor med ansvar for Møre og Romsdal blir betre samordna og bidreg til vekst og utvikling

Prosjekt Møre og Romsdal 2025 vil også inngå i det pågåande arbeidet med [regional planstrategi](#) og Fylkesplan 2020-2024. Regional planstrategi og fylkesplanen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag, samt vere grunnlag for god samhandling og samvirke mellom desse.

3 Konkrete oppdrag

Her kjem nærare omtale av Fylkesmannen sine forventningar knytt til ulike fagområde.

3.1 Oppvekst og utdanning

Desentralisert kompetanseutvikling i skule og barnehage. Det er viktig at kommunane har gode planar for kompetanseutvikling slik at tiltaka dekkjer det reelle behovet som skulane har. Vi har etablert eit samarbeidsforum i fylket som består av representantar frå dei ulike regionane der tiltak blir drøfta - og midlar blir fordelt.

Det er ei tilsvarande ordning for barnehage – men den ordninga omfattar både formell vidareutdanning og etterutdanning. Det betyr at barnehageeigarane må kartlegge kompetansebehovet i barnehagane slik at samarbeidsforumet kan tildele midlar til slik utdanning.

Barnehageeigarane og skuleeigarane har ansvaret for at det blir utarbeidd langsiktige utviklingsplanar på kvalitets- og kompetanseutviklingsområdet basert på det lokale kunnskapsbehovet i dei regionale samarbeidsfora for barnehage og skule/opplæring.

Tidleg samordna innsats. Tidleg samordna innsats er eit hovudmål for å gi barn og unge best mogleg teneste - det gjeld særleg barn og unge som er sårbare. Vi ser at det er stadig fleire elevar som har skulevegring fordi skulen ikkje har klart å tilpassa opplæringa, og dei har gjerne fått støtte og hjelp for seint. Innsatsen må setjast inn tidleg, ofte i barnehagen og dei må få meistringserfaring og tru på seg sjølve. Ei særleg utsett gruppe er barn og unge som er under tiltak frå barnevernet.

Fagfornynging i skule /rammeplan i barnehagen. Frå august 2020 får vi nytt læreplanverk for grunnskulen. Å implementere eit heilt nytt læreplanverk er ei utfordring for skuleverket for det



tar tid så det er viktig at skuleeigarane legg til rette for å begynne arbeidet no. Barnehagane har fått ny rammeplan og ein er i full gang med å implementere den.

Formell utdanning for lærarar. Nye krav til kompetanse for lærarar blir lovfesta i 2025. Staten har gode vikar- og stipendordningar for lærarar slik at dei kan ta formell utdanning i åra som kjem. Kommunane må ha oversikt og planar over lærarkompetansen slik at skuleeigar sikrar at lærarane får den nødvendige kompetansehevinga og får utnytta desse gunstige vikar- og stipendordningane.

Skulemiljø. Opplæringslovas kap. 9a slår fast at «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring». I 2018 fekk Fylkesmannen i Møre og Romsdal 44 meldingar om elevar som ikkje hadde det trygt og godt på skolen. Vi behandla 39 saker. Av desse konkluderte vi med brot på aktivitetsplikta i 25 saker. Det er viktig at skuleeigarane legg til rette for kompetanseheving i skulemiljø for å gi elevane eit trygt og godt skulemiljø. Skulane bør arbeide førebyggjande og systematisk for å sikre barn og unge eit trygt og godt skulemiljø. Det finst ei rekke kompetanse utviklingstiltak som kan gjennomførast.

Barnevernsområdet. Barn i barnevernet er ei sårbar gruppe i samfunnet vårt, og det er klare krav om at kommunane skal behandle sakene innan dei fristane som er fastsett i barnevernlova. Fosterbarn har lovfesta rett til oppfølging frå barnevernet og kommunen skal føre tilsyn med fosterheimen. Rapporteringa frå kommunane viser ei positiv utvikling dei siste åra, men mange kommunar prioriterer enno ikkje dette arbeidet høgt nok. I år vil Fylkesmannen ha ein særleg tett dialog med desse kommunane. Alle fosterbarn skal få den oppfølginga dei har krav på frå barnevernet i 2019.

Alle kommunane skal sikre innbyggjarane tilgang til akuttberedskap i barnevernet alle dagar heile året. Ved årskiftet var det sju kommunar i fylket som ikkje hadde etablert eit slik tilbod. Fylkesmannen veit at desse kommunane er inne i ein prosess for å etablere akuttberedskap, og ser fram til at dette blir eit tilbod i alle kommunane i løpet av 2019.

Barnevernfeltet er fagleg utfordrande og det blir utvikla stadig ny kunnskap. Nettverka planlegg og gjennomføre utviklingsprosjekt som skal vidareutvikle både tenestene og tiltaka retta mot utsette barn i fylket. Fylkesmannen forventar at læringsnettverka bidrar til styrka kvalitet og kompetanse i det kommunale barnevernet.

3.2 Rettstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik. Fylkesmannen har ei forventning om at kommunane arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap innanfor alle sektorar i kommunen. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse skal ligge til grunn for alt arbeid med samfunnstryggleik, og Fylkesmannen forventar at kommunen nyttar sine planar og prosessar til å integrere relevante funn avdekka i ROS-analysen. Kommunal planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er alle døme på planar der samfunnstryggleiksarbeidet bør integrerast. Ved å integrere samfunnstryggleiksarbeidet i kommunen sine planar og prosessar sikrar kommunen god forankring og oppfølging av ROS-analysen. Dette gjer at naudsynte tiltak for å redusere at avdekt risiko kan prioriterast, og at det blir etablert beredskapsplanar for risikoområder der det ikkje er mogleg å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå gjennom førebyggjande tiltak.



Klagebehandling etter plan- og bygningslova. I klagebehandlinga etter plan- og bygningslova ser vi ofte at det ikkje er samsvar mellom reguleringsføresegnene, og plankartet. Dette skaper utfordringar når reguleringsplanen skal nyttast som grunnlag i byggesaksbehandlinga. Det er ei forventning frå Fylkesmannen at byggesakskompetansen i kommunane blir kopla på tidleg i planprosessen slik at ein sikrar at reguleringsplanane blir praktiske verktøy i byggesaksbehandlinga.

3.3 Klima og miljø

Klima – utsleppsreduksjonar og klimatilpassing. Det er ei klar forventning om at kommunane skal prioritere arbeidet med klima. Kommunane har ei sentral rolle i arbeidet med å redusere utslepp av klimagassar, samt effektivisere og legge om sin energibruk. Kommunane skal planlegge tiltak for eigen drift og verksemd.

Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing gir retningslinjer for kommunane sitt arbeid med klima. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved:

- planlegging etter plan- og bygningslova
- ved enkeltvedtak etter plan- og bygningslova eller anna lovgiving

Spreiing av miljøgifter - forureina grunn i byggje- og gravesaker. Eit terrenginngrep i forureina grunn aukar risikoen for at menneske blir eksponert for forureining, og aukar risikoen for at ureininga spreier seg i miljøet. Det er naudsynt å rydde i forureininga før utfylling og utbygging på ei tomt, for å unngå problem seinare. Kommunen er styresmakt i bygge- og gravesaker i ureina grunn. Regelverket skal sørge for at bygging og graving i forureina grunn ikkje fører til forureining, og at det blir rydda opp slik at eigedomen kan brukast til det planlagde føremålet.

Forureiningsforskrifta kapittel 2 om bygging og graving i forureina grunn gjeld der det skal gjerast terrenginngrep i forureina grunn:

- Hovudregelen er at ein reknar grunn der konsentrasjonen av helse- eller miljøfarlege stoff er over normverdien som forureina, jamfør vedlegg 1, kapittel 2 av forureiningsforskrifta.
- Grunn der konsentrasjonen av uorganiske helse- eller miljøfarlege stoff ikkje overstig det lokale bakgrunnsnivået, reknar ein likevel ikkje som forureina. Unntak gjeld der jorda eller berggrunnen dannar syre i kontakt med vatn og luft, som til dømes alunskifer.
- Merk at regelverket òg gjeld for gravearbeid og terrenginngrep der ein ikkje har søknadsplikt i følgje plan- og bygningslova.

Stader der det kan vere naturleg å undersøke for grunnforureining

- Eigedomar som har blitt brukt til industriverksemd eller avfallshandtering
- Eigedomar der har blitt utført fleire rivingsarbeid og rehabilitering av bygningar
- Branntomter
- Eigedomar med restforureining frå tidlegare oppryddingstiltak
- Eigedomar som ligg inntil eller nedstraums for eigedomar som er forureina
- Eigedomar med alunskifer i grunnen
- I eldre og sentrale delar av byar

Naturmangfaldlova i planprosessar. Når kommunen utarbeider og vedtar arealplanar som kan omfatte naturmangfald, skal ein bruke reglane om berekraftig bruk i naturmangfaldlova kapittel II. Dette gjeld også i behandling av planforslag frå private aktørar. Vurderingane om berekraftig bruk skal ein gjere på alle plannivå. Dette gjeld regionale planar, kommune(del)planar,



reguleringsplanar og enkeltsaker. Omfanget av vurderingane varierer, avhengig av plannivå. Dette må sjåast i samanheng med kor sterke føringar planen vil gi for framtidig disponering av areal som har konsekvens for naturmangfaldet.

Kunnskap om økosystem, naturtypar og artar, faktorar for påverknader av planane på naturmangfaldet, alternativ lokalisering, samla belastning og avbøtande tiltak er noko som skal vere vurdert.

E-læringskurs for bruk av naturmangfaldlova. Det er utarbeidd et eige e-læringskurset spesielt for tilsette i kommunane. Kurset er gratis og tar omlag 1,5 time å gjennomføre.

3.4 Kommuneøkonomi og skjønnsmiddel

Kommuneøkonomi. I 2019 vil tal på Robek-kommunar i Møre og Romsdal vere rekordlågt, med mest sannsynleg berre ein kommune på lista. I ny kommunelov, som er gjeldande frå hausten 2019, er det viktig at kommunestyret vedtar finansielle måltal som eit verktøy for den langsiktige styringa av kommunen sin økonomi. Fylkesmannen tilrår at kommunane set seg mål om eit netto driftsresultat av brutto driftsinntekter på minimum 1,75 prosent (jf. tilråding frå Teknisk Berekningsutval), bygger seg opp eit disposisjonsfond over tid på minst 5-10 prosent av brutto driftsinntekter som ein buffer for uførutsette hendingar, samt har eit forsvarleg gjeldsnivå. Fleire av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet i lånegjeld, og vi har kommunar som ligg heilt i landstoppen når gjelda blir samanlikna med driftsinntektene (brutto gjeldsgrad). Det er viktig å legge til rette for berekraftige kommunar som er økonomisk robuste for framtida.

KOSTRA I 2019 vil det vere fokus på at kommunane i Møre og Romsdal rapporterer korrekte tall i KOSTRA, slik at tala er pålitelege og samanliknbare.

Skjønnsmidlar Skjønnsmidlane frå Fylkesmannen hadde ei total ramme på 64,7 millionar for 2019. Om lag 61,5 millionar av desse er fordelt og vi har igjen ein krisepott på 3,2 millionar. Vi veit ikkje endeleg ramme for 2020 før i august. I tillegg blir det sett av ein pott på om lag 5 millionar til innovasjon og utvikling gjennom prosjektskjønnet. Søknadsfristen vil vere den 1. juni 2019, og det vil bli sendt ut søknadsbrev i løpet av mars 2019.

- **Skjønnsmiddel - prioriterte område**

Dette omfattar *Ressurskrevjande tenestemottakarar, Barnevern, Språkdeling, Kompensasjon differensiert arbeidsgivaravgift*

- **Prosjektskjønn - prioriterte område**

Dette omfattar *Velferdsteknologi, Nye kommunar, Barnevernsvakt, Helseplattforma, Kommunal planstrategi og samfunnsplan, Ny modell for kompetanseutvikling for barnehage og skole, Folkevaldopplæring*

3.5 Plansamordning og kommunal planlegging

Viktige styringssignal Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik. Fylkesmannen er høyringsinstans for alle kommunale plansaker etter plan- og bygningslova. Alle fagavdelingane hos Fylkesmannen bidrar her med innspel til våre samordna høyringsbrev til kommunane. Dette opnar vidare for dialog og samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunane.



Kommunale plansaker hos Fylkesmannen gir grunnlag for nærare vurderingar av utfordringar og prioriteringar i lys av Fylkesmannen sitt samla [embetsoppdrag](#); sjå henvisningar. Dette er vidare utdjupa gjennom [Virksomhets- og økonomiinstruksen](#) (VØI 2019) og [Tildelingsbrevet](#) (TB 2019), sjå henvisningar.

I kapitlet om overordna og tverrsektorielle prioriteringar i TB 2019 blir det m.a. peika på at: «*God måloppnåelse på flere av områdene i fylkesmannsembetenes portefølje er avhengig av samordning og samarbeid mellom flere sektorer. Det gjelder blant annet for området arealforvaltning og by- og samfunnsutvikling. Samfunnsutviklingen og arealbruken må bli mer berekraftig, samtidig som verdiskapingen skal øke. Det er en utfordring å oppnå en balansert utvikling med attraktive og velfungerende byer og distrikter. Det er viktig å ivareta helhet og effektivitet i samfunnsplanleggingen gjennom å se flere sektorer i sammenheng. Fylkesmannen sin samordningsrolle er sentral. Fylkesmannen skal i 2019 fortsatt bidra til å identifisere tiltak for mer effektive planprosesser og bedre plankvalitet.*»

Nasjonale forventningar og ny runde med kommunale planstrategiar Regjeringa utarbeider kvart fjerde år nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging knytt til inneverande kommunestyreperiode; jf. plan- og bygningslova § 6-1. Nye nasjonale forventningar vil bli sendt ut i løpet av våren 2019. Formålet med dei nasjonale forventningane er retta mot følgjande forhold:

- det peikar på mål, oppgåver og interesser som regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunen og kommunane legg vekt på i si planlegging etter pbl i den komande 4-årsperioden.
- det skal leggast til grunn for dei nye fylkestinga og kommunestyra sitt arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og for statleg medverknad i planlegginga
- det skal medverke til ei styrking av samanhengen mellom plannivåa
- det er ikkje uttømande, men må sjåast i samanheng med gjeldande regelverk og rettleiing

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging gir viktige rammer og føringar for ei ny runde med regionale og kommunale planstrategiar for planperioden 2020 – 2024. Alle fylkeskommunar og kommunar skal ha fastsett sin planstrategi seinast innan eitt år etter konstituering av nye fylkesting og kommunestyre hausten 2019. Arbeidet med dei kommunale planstrategiane gir kommunane nyttig oversikt over eigen planportefølje sett i forhold til status, utviklingstrekk og utfordringar på viktige samfunnsområde. Vi ser vidare at kommuneplanen som strategisk styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel

Alle kommunane i fylket er tildelt skjønnsmidlar for 2019 knytt til arbeidet med kommunale planstrategiar og til påfølgjande arbeid med oppstart av ny hovudrullering av kommuneplanens samfunnsdel. Fylkesmannen vil i 2019 prioritere tett oppfølging av dette arbeidet i samarbeid med fylkeskommunen og dei einskilde kommunane.

3.6 Landbruk

Generelt om landbruksoppdraget. Fylkesmannen er statleg sektormyndigheit regionalt på landbruks- og matområdet, og eit viktig bindeledd mellom stat og kommune i gjennomføringa av den nasjonale landbrukspolitikken. Fylkesmannen legg derfor vekt på å ha god kontakt med kommunane i fylket. Kommunane er ein særskilt viktig aktør når den nasjonale landbrukspolitikken



skal setjast ut i livet. Kommunane er førsteinstans for mange av tilskotsordningane, og for særlovene i landbruket. Det er derfor viktig at kommunane har landbruksfagleg kompetanse.

Effektiv tilskotsforvaltning. Kvart år blir det utbetalt store tilskotsbeløp til landbruket i fylket (jordbruk og skogbruk). Her er produksjonstilskotet det klart viktigaste. Produksjonstilskotet består eigentleg av fleire tilskotsordningar, i sum utgjør desse utbetalingar årleg om lag 690 millionar kroner i Møre og Romsdal. Kommunane har viktige oppgåver som både kunnskapsformidlar, sakshandsamar og kontrollinstans. Vi minner vidare om at nytt regionalt bygdeutviklingsprogram trer i kraft frå 1. januar 2019.

Areal og jordvern. Stortinget har vedtatt ein nasjonal jordvernstrategi som seier at årleg omdisponering av dyrka jord må vere under 4000 daa per år. Fylkestinget i Møre og Romsdal har gjennom vedtak av landbruksmeldinga (juni 2017) vedtatt ei målsetjing om at omdisponering av dyrka jord skal vere under 200 daa årleg. Landbruks og matministeren har i brev av 1. oktober 2018 klargjort jordvern som nasjonal eller vesentleg regional interesse i kommunane si planlegging. Det er viktig at kommunane tar omsyn til desse styringssignala når arealsaker blir behandla.

Eigarar av jordbruksareal har plikt til å drive jorda (jordlova § 8), og kommunen har ansvar for at driveplikta blir følgt opp. Driveplikta kan ivaretakast ved at eigaren driv jorda sjølv eller ved å leige bort arealet til ein aktiv bonde, i sist nemnde tilfelle er det i utgangspunktet krav om ein leigekontrakt på 10 år. Driveplikta tar omsyn til fleire viktige samfunnsomsyn, jordbruket sitt behov for ein føreseieleg tilgang på arealressursar, beredskap (ta vare på jorda sin produksjonsevne) og kulturlandskapsomsyn.

Skog. Møre og Romsdal er blitt eit fylke med betydeleg skogproduksjon. Skogreisinga på 1950 og -60 talet gjer at det er store mengder gran som er klar til avvirking. Etter hogsten har skogeigar ei plikt til å få opp ny skog (skogloven). Kommunane skal etter skogloven sjå til at skogeigaren oppfyller plikta dei har til å fornye skogen.

3.7 Helse og omsorg

Bustad og oppfølging i bustad. Bustadsosiale omsyn skal vere med i kommunal planlegging. Handlingsplanen [Bustad for velferd 2018-2020](#) presiserer to viktige tiltak: 1) heilskaplege tilbod av bustadar og oppfølgingstenester for rusavhengige og menneske med psykisk lidning og 2) at vanskelegstilte barnefamiliar bur i eigna bustad. I tillegg til desse to, vil vi også vise til 3) behovet for planlegging av bustadar for ein stadig større prosentdel eldre i befolkninga.

Dei sosiale tenestene i NAV. Vi vil minne spesielt om aktivitetsplikten for personar under 30 år og retten til kvalifiseringsprogram. Vi viser også til brev til kommunane frå Arbeids- og velferdsdirektoratet 11.02.19: [Nasjonale mål og forventningar for de sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga 2019](#).

Velferdsteknologi og elektroniske meldingssystem. Alle kommunane i fylket har signert intensjonsavtale om innføring av den nye [Helseplattforma](#), som vil bli ei stor endring og forbetring av kommunikasjon mellom ulike nivå i helsetenestene.

Dagaktivitetstilbod for personar med demens. Alle kommunar skal ha tilrettelagte dagtilbod for personar med demens innan utgangen av 2019. Slike tilbod er avgjerande for at personar med



Akuttmedisinforskrifta. Kompetansekrava for legar i vakt skal vere oppfylt frå 1.1.2020. Overgangsordningane er forlenga. Kommunane skal planlegge opplæring for alle legar i vakt som skal ha grunnkompetanse etter §7 første ledd i akuttmedisinforskrifta. Overgangsordninga for krav til gjennomført kurs i akuttmedisin og valds- og overgrepshandtering er forlenga til 1. mai 2021. Krav til grunnkompetanse for personell som bemannar legevaktsentralane etter § 13 bokstav f skal uendra vere oppfylt innan 1. mai 2018. Krav til utstyr for lydopptak i legevaktsentralar som fastslått i § 13 bokstav e gjeld frå det tidspunktet innføringa av naudnett er slutført i alle kommunar.

LIS1-legar. Det er regjeringa sitt mål å auke talet på LIS1-stillingar for å imøtekomme rekrutteringsutfordringane. I dag er det underskot på kommunale LIS1-stillingar i fylket. Fylkesmannen ber difor kommunane jobbe aktivt med å opprette nye stillingar.

Leve heile livet – i kommunal planlegging. Dette er ei kvalitetsreform for eldre i aldersgruppa 65+ jf. *Meld. St. 15 (2017-2018)*. Planperioden er 2019-2023 og hovudmålet er å legge til rette for aldersvenlege lokalsamfunn. Det er ei klar forventning om at kommunane vurderer status i eigen kommune, prioriterer aktuelle tiltak og integrerer desse i planverket i løpet av 2019/2020. Det regionale støtteapparatet; Fylkesmannen, KS og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester, vil tilby støtte i form av nettverk, kurs og samlingar. Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil bli prioritert innan etablerte og nye tilskotsordningar.

Ny varselordning. Det er vedteke utviding av varslingsplikta til Statens Helsetilsyn til å gjelde alle helse- og omsorgstenester. I tillegg får pasientar og pårørande også rett til å varsle. For kommunale og private helse- og omsorgstenester blir denne plikta sett i verk hausten 2019.

Vald i nære relasjonar. Kommunane er etter Helse- og omsorgstenestelova forplikta til å ha særleg merksemd retta mot at pasientar og brukarar kan vere utsett for, eller kan stå i fare for å bli utsett for, vald eller seksuelle overgrep. Kommunen skal leggje til rette for at helse- og omsorgstenesta blir i stand til å førebyggje og avverje vald og seksuelle overgrep.

Kommunale eller interkommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar skal bidra til at kommunane har fokus på vald og overgrep og at involverte får eit tilrettelagt og heilskapleg tilbod.

3.8 Barn og unge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har valt barn og unge som satsingsområde, og ønsker at dette skal gjenspeglast i kommunane. Fylkesmannen har ansvar for heilskapleg samhandling om barn og unge sin oppvekst, utvikling og læring og forventar at kommunane arbeider målretta for meir tverrfagleg og tverretatleg samarbeid for utsette barn og unge og familieane deira. Kommunal samhandling er også nødvendig i arbeidet med helsefremming og førebygging for alle barn og unge. Fylkesmannen vil støtte opp under tverrfagleg samarbeid på ulike måtar gjennom tilskot eller fagleg kompetanse.

Barnekonvensjonen fyller 30 år i 2019. Fylkesmannen oppmodar alle kommunar til å finne sin måte å markere dette på. Retten til medverknad er ein av grunnpilarane i barnekonvensjonen. Kommunane må legge til rette for at barn og unge skal kunne få ein aktiv og reell stemme i avgjersler som angår dei, både som enkeltindivid og generelt.

Dei fleste kommunane i fylket har ungdomsråd. I ny kommunelov er desse lovfesta på lik linje med eldreråd og råd for menneske med funksjonsnedsetting. Fylkesmannen forventar at



kommunane som ikkje har dette legg til rette for at det skal kome i gang i eigen kommune. Vidare forventar vi at kommunen gir ungdomsråda den oppfølging dei treng for å fylle den funksjonen dei er tiltenkt.

Nær alle kommunar tok i 2015 del i kartlegging av oppvekstvilkår for barn og unge i regi av Fylkesmannen og Fylkesmannen. Resultat får kartlegginga «[Barnebyks](#)» saman med [UngData](#)-undersøkinga og [folkehelseprofilane](#) som i år omhandlar barn og unge, gir til saman eit god bilde av situasjonen og sårbare område i eigen kommune. Fylkesmannen forventar at slike oversikter blir lagt til grunn i arbeidet med kommunane sine planar og strategiar.

4 Oppsummering

Omstillings- og endringsprosessane i samfunnet går både raskare og er meir omfattande enn tidlegare. Samordning og samarbeid mellom fleire nivå, sektorar og fagområde vil vere ein viktig føresetnad for å løyse dei utfordringane kommunane står overfor.

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik. Viktige nasjonale styringssignalar blir her formidla til kommunane gjennom dialog og samarbeid på ei rekke ulike arenaer.

Det er ei utfordring i fylket å oppnå ei balansert utvikling i både byane og distrikta, difor må samfunnsutviklinga og arealbruken bli meir berekraftig og verdiskapinga auke. I dette bildet må ein ta omsyn til klimaendringane, og som følge av det ei bevisst satsing på klimatilpassingar.

Arbeidet med å styrke barn og unge sine oppvekstvilkår er særst viktig, og det må leggest til rette for tverretatleg og tverrfagleg samarbeid og auka kompetanse for utsette barn og unge.

Mange av kommunane i fylket slit med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse på fleire fagområde. Ut i frå utfordringsbildet er det viktig at kommunane ser på sine sterke og svake sider, og tar reelle diskusjonar om behovet for strukturendringar – og der det ligg til rette for det – kommunesamanslåingar.

I utfordringsbildet er det også viktig å legge til rette for gode arenaer for samfunnstryggleik i fylket gjennom god informasjonsutveksling og ei felles plan- og kunnskapsgrunnlag omkring risiko- og sårbarheitsutfordringane i fylket.

FN sine [berekraftmål](#) ei felles erklæring for å utrydde fattigdom, motverke ulikskap og motverke klimaendringane innan år 2030. Erklæringa inneheld 17 mål for å oppnå ei berekraftig framtid. Berekraftmåla blir i aukande grad brukt som rammeverk for både kommunale og regionale planar. Berekraftomgrepet blir ofte sortert etter tre dimensjonar; miljø og klima, samfunn og økonomi.



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Forventningsbrev 2019 til kommunane i Møre og Romsdal

På Nyttårskonferansen i januar informerte eg om viktige styringssignal og oppdrag frå nasjonale myndigheiter i 2019. I samband med denne informasjonen sa eg at vi ville sende ut eit forventningsbrev til kommunane for inneverande år, sjå vedlegg.

Målet med forventningsbrevet er å informere om sentrale forventningar og oppdrag frå nasjonale myndigheiter. Vi ønsker med dette å bidra til at Fylkesmannen og kommunane er best mogleg samordna omkring nasjonale føringar og oppdrag.

Forventningsbrevet erstattar ikkje statens fortløpande styringskommunikasjon med kommunane, men er eit bidrag til å ha fortløpande strategisk oversikt over forventningane frå Fylkesmannen og nasjonale myndigheiter. Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa.

Det er etablert fleire møtearenaer for dialog mellom den regionale statsforvaltninga og kommunane. Fylkesmannen møter kommunane gjennom året på slike arenaer, både på politisk og administrativt nivå – og på faglege/tverrfaglege arenaer. Det er viktig for Fylkesmannen å følge opp tett samarbeid og dialog med kommunane.

Fylkesmannen har ei sentral rolle som samordningsorgan for staten på regionalt nivå, er sektormyndigheit på vegne av fleire departement, og utøver forvaltningsoppgåver for fagdepartementa. Fylkesmannen er rettstryggleiksinstitusjon for innbyggjarane, og er tildelt ei særleg rolle som samordningsmyndigheit overfor kommunane. Det er ut i frå Fylkesmannen si rolle som samordningsmyndigheit at eg har eit særleg ansvar med å formidle nasjonale forventningar til kommunane.

Forventningsbrevet er ikkje uttømmende. Vi viser også til meir informasjon på våre [heimesider](#).

Med helsing

Rigmor Brøste
kst. Fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Forventningsbrev 2019



Mottakere:

Midsund kommune	Kommunehuset, Utsidevegen 131	6475	MIDSUND
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Norddal kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Skodje kommune	Rådhuset, Niusvegen 1	6260	SKODJE
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Sandøy kommune	Steinshamnvegen 112	6487	HARØY
Stordal kommune	Kommunehuset	6250	STORDAL
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ørskog kommune	Rådhuset	6240	ØRSKOG
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Fræna kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN
Nesset kommune	Kråkholmvegen 2	6460	EIDSVÅG I ROMSDAL
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Haram kommune	Storgata 19	6270	BRATTVÅG
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Eide kommune	Rådhuset	6490	EIDE
Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Halsa kommune	Rådhuset, Glåmsmyrvegen 23	6683	VÅGLAND
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

NOTAT

Til: Formannskapet
Frå: Rådmann Rune Sjugard
Sak: Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2018/1099	3297/2019	151	ADM/RUNSJU	26.02.2019

OVERSENDINGSFRAMLEGG TIL ADMINISTRASJONEN VEDRØRANDE BUDSJETTHANDSAMINGA

I samband med budsjetthandsaminga vart det sendt over framlegg til administrasjonen for vurdering. Desse vert gjengjeve og kommentert nedanfor.

Frå formannskapet i sak 180/18:

Administrasjonen blir beden om å utgreie ei prøveordning med ein time aktivitetstid pr. veke i heimetenesta. Ordninga skal ikkje erstatte ordinær heimesjukepleie og praktisk bistand. Tilbodet skal bli gjeve til brukarar over 67 år med heimebaserte tenester eller brukarar som er i prosess med å få slike tenester. Føremålet er å gje dei ein betre kvardag gjennom aktivitet og deltaking.

Rådmannen sin kommentar

Det er naturleg å sjå dette i samband med tenesteutviklinga i ny kommune. Tenestene i gamle Volda og gamle Hornindal må harmoniserast og utviklast felles for heile den nye kommunen. Forslaget har også ei kostnadsside som må utgreiast. Rådmannen ser det som naturleg at dette vert vurdert når den nye kommunen har kome i drift.

Administrasjonen blir beden om å utgreie om elevar med særskilde behov skal få gratis opphald i skulefritidsordninga frå og med 5. klasse til og med 7. klasse.

Rådmannen sin kommentar

Dette har ei kostnadsside, og tiltaket er ikkje prioritert i budsjettet. Kommunestyret har i sak 5/19 vedteke køyrereglar for økonomistyring der formålet å redusere utgiftene. Vidare skal ein m.a skal leggje seg på eit nivå og standard på tenester som er godt nok for å tilfredsstille krava i lov og forskrift.

Administrasjonen blir beden om å lage ein handlingsplan mot fattigdom i barnefamiljar. Viktige målsettingar skal vere:

- Etablering av felles kunnskapsgrunnlag
- Auka samhandling mellom kommunale tenester
- Auka samarbeid med frivillige organisasjonar
- Auka brukarmedverknad



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Rådmannen sin kommentar

Punktet tek opp eit viktig tema. Regjeringa set dette også på dagsorden og arbeider m.a for å samordne satsingsområda på tvers av departementa. I Volda kommune vert det arbeidd med ulike enkelttiltak som utlånsordning for sportsutstyr, barnefokus i Nav og utgreiing av retningsliner for skjønsummåling av sosialhjelp til barnefamiliar. Det manglar ei samordning av virkemidla både nasjonalt og lokalt. Ein handlingsplan vil det vere behov for, men rådmannen ser ikkje at administrasjonen har kapasitet til å få fram denne i løpet av året, og foreslår at dette er eit tiltak som ein arbeide med å få fram i ny kommune i løpet av 2020.

Administrasjonen blir beden om å legge fram ei sak der ein synleggjer i kva grad kommunen sine retningslinjer og praktisering av BPA-ordninga er i tråd med intensjonen i lova om Brukarstyrt personleg assistent (BPA) for funksjonshemma

Rådmannen sin kommentar

Dette punktet vert sendt over til tenesteutval for helse og omsorg for nærare vurdering.

Frå formannskapet i orienteringssak 184/18 – innmeldte framlegg i samband med budsjett og økonomiplan som det ikkje vart teke stilling til:

Innmeldt av tenesteutval for helse og omsorg

THO ber om at Helse- og omsorgssektoren gjennomfører ei intern kartlegging på kva for rutiner og arbeidspraksis som med fordel kan erstattast eller styrkast med digital teknologi. Det er eit ynskje at tilbakemelding frå tilsette nærast lov- og avtaleverk, og nærast brukarane, blir vektlagt. Kommunestyret ber om å få rapport på dette i relevant tid i høve budsjettprosessen for 2020.

Rådmannen sin kommentar

Dette kjem innunder prosjektet for velferdsteknologi. Det er utarbeidd prosjektplan med fastsette mål og organisering for prosjektet. Prosjektet har eigen prosjektleiar og er oppstarta med fokus på tenesteutvikling i nye Volda. Merkantile rutiner vert også kartlagt for effektivisering i samband med implementering av ny versjon av økonomissystem med HR-modul.

Innmeldt av tenesteutval for oppvekst og kultur

1. Under digitalisering, strukturendringar m.m. s.65. *Austefjord barnehage er vedteken ikkje nedlagt og skal strykast frå lista.*

2. *TOK ser at drift og innsparing det er lagt opp til i budsjettet for 2019 for skule og barnehage ikkje samsvarar med dei reelle utfordringane i sektoren.*

3. *TOK ber at kommunestyret gjer ei justeringar i budsjettarbeidet slik at sektoren får ein reell vekst snarare enn ein reduksjon.*



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Rådmannen sin kommentar

Ressurstildelinga til barnehage- og skuledrifta vert styrt av norm på pedagog- og vaksentettleik i barnehage og lærarnorm i grunnskulen. Barnehagane og skulane får ressursar som skal gjere dei stand til å stette normkrava.

Det er ikkje eit krav at plantida til pedagogar i barnehage vert fylt av anna personale. Slik sett held vi oss innan krava, men plantida fører til færre vaksne saman med borna i barnehagane den tida pedagogane har avtalefesta plantid. Frå ein fagleg ståstad er det eit ynskje å kunne fylle plantida ti pedagogane med anna personale.

Ved Volda ungdomsskule og Øyra skule vert det innanfor eige budsjett prioritert å ha to kontaktlærarar i klassene. Dette representerer ein kostnad på om lag kr 500 000,- pr skule.

Ei prioritering tyder at det går ut over driftsbudsjettet til dei to skulane. Å ha to kontaktlærarar er ikkje lovpålagt, men skulane finn at denne prioriteringa er formålstenleg.

Med andre ord er det budsjettert med ei drift som skal stette lovkrava, men her er gode faglege argument for tiltak som vil styrke kvaliteten på tenestene utover det lovpålagde.

Økonomiplanen legg opp til store investeringar som medfører at nye Volda innan ei fireårsperiode må redusere drifta med ca 40 millionar kroner. Dersom investeringsprogrammet vert gjennomført så aukar kapitalutgiftene med ca 30 mill. Ser ein i høve til samanliknbare kommunar så kan Volda kommune redusere drifta vesentleg både innanfor skule og barnehage. Samanliknar ein med Ørsta for skule, så vil nye Volda ha ei drift som ligg kr 11 mill høgare. Investeringsprogrammet inneber eit retningsval der ein vert nødt til å redusere antal skular og barnehagar og utnytte kapasiteten i bygningsmassen. Dette er også forankra i K-sak 5/19 om køyrereglar for økonomistyring.

Innmeldt av forvaltningsutvalet

Etterlyser midlar til gatelys, vedlikehald av vegar og arbeid knytt til skiltplanen i sentrum, som er saker utvalet har hatt oppe.

Rådmannen sin kommentar

Teknisk sektor si drift for 2019 vert basert på den ramma som kommunestyret har vedteke.

Innmeldt av eldrerådet

Eldrerådet tek framlegget til budsjett til vitande. Eldrerådet vil likevel utrykke ei viss uro over at store invisteringar i kommunen vil svekke framtidig drift, som t. d. helse og omsorgssektoren. Likeeins at sekretærstillinga vert synleggjort, t.d. med ein stillingsbrøk.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Rådmannen sin kommentar

Uroa kan verte reell dersom ein gjennomfører investeringane og samtidig opprettheld dyr drift og ikkje endrar tenestestrukturen. Kommunestyret har lagt ein plan for økonomistyring i sak 5/19.

Innmeldt av kommunalt råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne

FUNK vil be om å verte involvert i høve dei planane som ligg føre for invisteringar i skule, kulturhus, legekontor osv i god tid slik at ein får mulighet til å påvirke og sikre universiell utforming.

I samband med deltaking i den nye PP-tenesta vart det sett inn ein tidsavgrensa ekstraressurs. FUNK vil be om at den vedtekne evalueringa av tenesta vert gjennomført før ressursen vert teken vekk.

FUNK ser svært positivt på at ein aktiv og meiningsfull kvardag er sett som eit teneste og utviklingsmål innanfor helse og omsorg.

- *Vi vil påpeike at brukarane har ulike behov og at eit likt tilbod ikkje gir eit likeverdig tilbod.*
- *Vi ønsker difor at ein legg vekt på at ein fleksibel organisering og internt samarbeid slik at tilboda vert funksjonelle for den enkelte brukar.*

Rådmannen sin kommentar

Byggjenemnda skal ivareta involvering av brukarinteresser i samband med planlegging av nybygga.

I samband med oppretting av ny interkommunal PP-teneste, gjekk Volda og Ørsta inn med ei stilling i ein overgangsperiode på to år. Ulstein kommune, som vertskommune, har ikkje vidareført denne ressursen for hausten 2019. Ei evalueringa av tenesta for Volda kommune sin del vil kome før sommaren 2019

Punktet om tenestene innanfor helse og omsorg vert å vurdere av helse- og omsorgssjefen og tenesteutval for helse og omsorg.

Innmeldt av ungdomsrådet

Sett frå eit ungdommeleg perspektiv viser vi til side 69 i saksdokumentet, dei fire første punkta:

- * *Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule*
- * *Kino og kultursal*
- * *Idrettshall*
- * *Svømmehall*

Tek ein med lokale til ungdomsklubben i kulturhuset er dette dei viktigaste område for ungdommen.

Elles tek ungdomsrådet saka til vitande

Rådmannen sin kommentar



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

Innspelet var kjent for kommunestyret under handsaminga av budsjett og økonomiplanen og i hovudsak teke omsyn til kommunestyret sine prioriteringar. Det same gjeld lokale til ungdomsklubb som inngår i kulturhuskonseptet som skal planleggjast vidare.

Innmeldt av representanten Odd A. Folkestad

I samsvar med gjeldande lovverk har elevar som ikkje får tilfredstillande utbytte av den ordinære opplæringa etter sakkunnig vurdering rett til spesialundervisning.

Dei elevane dette gjeld, skal enkeltvis vurderast av fagfolk som så etter grundig fagleg vurdering tilrår eit opplegg for spesialundervisning for den einskilde elev dette gjeld. Det fagorgan som Volda kommune nyttar til dette arbeidet er den Interkommunale Pedagogiske Tenesta der Volda kommune er medlem. Dersom kommunen meiner skulen kan gi heile eller deler av det tilrådde opplæringstilbodet innanfor rammene av den ordinære opplæringa, må eit avvik frå den faglege tilrådinga frå PPT, - for den einskilde elev -, begrunnast i enkeltvedtaket som kommunen skal fatte.

Det er Volda kommune som skal dekke alle utgifter til spesialundervisninga, også til friskular (jf § 3-6 i Friskulelova).

Volda kommune/Oppvekstsektoren skal følgje eigne enkeltvedtak slik at skulane får tilført dei midlane, evt. den refusjonen, som enkeltvedtaket legg til grunn.

Volda kommunestyre vil presisere at ein føreset at det som framgår av dette vedtaket, er ei avklaring til alle barne-/ungdomsskular i kommunen.

Rådmannen sin kommentar

Saksgangen knytt til spesialundervisning i Volda kommune fyl lov og forskrift. I Volda kommune vert det arbeidd målretta med å vri ressursbruk frå spesielle tiltaka over til den ordinære og tilpassa undervisninga for å styrke denne og på den måten gje fleire elevar utbytte av den ordinære undervisninga.

I vurderinga av kva ressursar den enkelte skule har trong for å kunne kome i møte tilrådingane i dei sakkunnige tilrådingane frå PPT, vert det sett krav til at det ordinære tilbodet skal kunne kome i møte delar av dei behova som vert skildra i den sakkunnige tilrådinga. I nokre saker er det mogeleg, i andre ikkje. Dette kjem fram i den dialogen som er med den enkelte skule.

Dei same forventningane vert stilt til private skular, som vert handsama på same måte som kommunale skular. Ein privat skule har klagt til Fylkesmannen på Volda kommune si tildeling av ressursar til spesialundervisning. Fylkesmannen har funne faren for lovbrøt for låg til at han vil prioritere eit tilsyn med Volda kommune si likehandsaming av private skular.

Kostra-tala viser at det vert avsett monalege ressursar til spesialundervisning, noko tabellen viser. Tala fortel at Volda kommune framleis har ein veg å gå med å vri ressursar frå det spesielle til styrking av det ordinære.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann

KOSTRA 2017

	Netto driftsutgifter pr elev	Årstimar til spes.underv	Årstimar til spes.und. pr elev
Volda	115 940	16 153	14,0
Hornindal	115 682	1 240	8,4
Ørsta	105 148	14 378	10,4

Innmeldt av representanten Margrete Bjerkvik
Kr 85 000 til overflateredningsdrakter for brannvesenet.
Dekning disposisjonsfondet

Rådmannen sin kommentar

Dette er ei prioriteringssak. Det vart ikkje fremja for realitetshandsaming. Dersom dette er pålagt på det prioriterast av teknisk sektor ved omprioritering innanfor eiga ramme.

Dagens Volda kommune skal avviklast pr 31.12.19 og samanslåingsprosessen må ha høg prioritet resten av dette året. Administrasjonen har doble roller der ein driftar eksisterande kommune samtidig med å gjennomføre prosjektet med å få den nye kommunen klar til drift. Dette inneber avgrensa kapasitet til å følgje opp større utgreiingar som ein i den gamle kommunen har ynskje om.

Kopi:

Helse og omsorgssjefen
Oppvekstsjefen
Teknisk sjef
Økonomisjefen
Tenesteval for helse og omsorg til orientering
Forvaltningsutvalet til orientering
Tenesteval for oppvekst og kultur til orientering